



KrF sitt
stortingsprogram
2017-2021



Det
handlar
om
menneske



Vedtatt på KrF sitt landsmøte i
Trondheim 27.-30. april 2017



KrF sitt stortingsprogram 2017-2021

Vedtatt på landsmøtet i Trondheim
27.-30. april 2017

Nynorskutgåva

Sats og omslag: Mona Høvset

Foto omslag © colourbox.com

Trykk: 07 Media

Innhald

Verdigrunnlag og ideologi	5
Grunnverdiar	5
Kristendemokratiske prinsipp	6
Likeverdssamfunnet	8
Eit samfunn med plass til alle	9
Like moglegheiter for menneske med nedsett funksjonsevne	9
Likestilling og kamp mot diskriminering	12
Urfolk og nasjonale minoritetar	14
Menneskeverd i alle livets fasar	16
Sterkare fellesskap	20
Meir tid og valfridom for familiare	21
Barnehagar som lar barn vere barn	25
Ein skule for heile mennesket	27
Grunnskulen	29
Vidaregåande opplæring	31
Friskular	33
Eit framtidretta kunnskapssamfunn	34
Mangfaldig kulturliv	38
Eit samfunn med plass for tru og livssyn	41
Frie og uavhengige medium	43
Idrett og friluftsliv for alle	45
Human, ansvarleg og rettferdig innvandringspolitikk	47
Integrering og inkludering i fellesskapet	51
Folkestyre bygd nedanfrå	54
Tryggleik i kvardagen	56
Straff og straffeprosess	58
Personvern	59
God samfunnstryggleik og vernebuing	60
Eit relevant og framtidretta forsvar	62

Velferdssamfunnet	66
Seniorpolitikk – mykje å leve for heile livet	67
Aktive seniorar	67
Eldreomsorg	68
Ei helseteneste med pasienten i sentrum	72
Solidarisk ruspolitikk	78
Ideelle organisasjonar sin plass i velferdssamfunnet	81
Kamp mot utanforskapet	82
Framtidsretta forvaltarskap	86
Det grønne skiftet	87
Rein jord, reint vann og rein luft	89
Ut av klimakrisa	90
Fornybarsamfunnet	91
Ein lågutsleppsøkonomi	92
Nullutslepp i alle sektorar	93
Nyskapande næringsliv	95
Landbruk	100
Fiskeri og havbruk	104
Moderne og miljøvennleg samferdsle	107
Levande distrikt	113
Velfungerande byer	115
Ein kristendemokratisk økonomisk politikk	117
Berekraftig forbruk	120
Det felles beste i verda	123
Utvikling og menneskerettar for alle	124
Verdibasert utanrikspolitikk	129
Norske interesser og regionalt samarbeid	133

Verdigrunnlag og ideologi

KrF bygger politikken sin på den kristendemokratiske ideologien. Verdigrunnlaget vårt er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggande menneskerettar og er forankra i det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret.

KrF er eit verdiparti bygd på overtydinga om at verdiane frå kristendommen er det beste grunnlaget for å utvikle politiske løysingar for samfunnet vårt. Samtidig må vi setje klare grenser for politikken sine verkeområder. Trusfridomen er grunnleggande i kristendemokratisk ideologi, og politikken skal difor aldri blande seg inn i folk si personlege tru. Målet med politisk arbeid er eit best mogleg samfunn for alle, uavhengig av tru.

KrF sine grunnverdiar er det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret, fordi vi meiner dette er verdiane frå Bibelen og kristendomen som har størst relevans for politikken. Dette er tufta på dei kristendemokratiske prinsippa, som igjen dannar grunnlaget for utviklinga av KrF sin praktiske politikk.

Verdiforankringa i den kristendemokratiske ideologien er eit alternativ til dei meir systemorienterte ideologiane på høgre- og venstresida. Ein verdiorientert ideologi, med menneskeverdet i sentrum, er den beste reiskapen i ei verd i stadig forandring. Verdiane våre er uforanderlege og prinsippa våre står fast over tid, men i praktisk politikk vil dei uttrykke seg på ulike måtar når samfunnet endrar seg. Dette gir grunnlag for ein politikk som både er grunnfesta og dynamisk, og som stadig vil finne nye relevante løysingar på utfordringane vi møter i eit moderne samfunn.

Grunnverdiar

Det kristne menneskesynet

Det kristne menneskesynet inneber ei forståing av mennesket som skapt i Guds bilete. Det gir alle menneske ein unik verdi som ingen har rett til å krenke. Difor vil vern av mennesket frå befrukting til naturleg død, alltid stå sentralt i vår politikk. Mennesket er skapt til å leve i fellesskap. Men vi er skapt forskjellige og er gitt både stor fridom og stort ansvar.

Nestekjærleiken

Den kristne nestekjærleiken inneber ei radikal grunnhaldning for korleis vi skal møte våre medmenneske, som også må få konsekvensar for politikken. Nestekjærleiken gjeld alle menneske, uavhengig av kven dei er og kor dei bur. Den inkluderer sjølv dei vi måtte oppfatte som våre fiendar, og den krev aktiv handling.

Forvaltaransvaret

Mennesket har fått eit grunnleggande ansvar for å forvalte skaparverket. Det gjeld både naturressursar, økonomiske og menneskelege ressursar. Naturen gir oss store høve og stiller oss samtidig overfor eit stort ansvar. Godene skal bli fordelt rettferdig, samtidig som kloden skal overlatast til våre etterkomarar i minst like god stand som då vi fekk ansvaret for han.

Kristendemokratiske prinsipp

Ut frå desse tre grunnverdiane utleier vi prinsippa som til saman er vår kristendemokratiske ideologi.

Menneskeverd

Menneskeverdet er eit overgripande prinsipp i kristendemokratisk ideologi, som ligg til grunn for all vår politikk. Kvart menneske har ein uendeleg verdi og ukrenkelege rettar frå befrukting til naturleg død, først og framst retten til liv. Eit menneske må aldri bli redusert til berre eit middel for å oppnå noko anna. Alle menneske er likeverdige uavhengig av alder, prestasjonar, kjønn, seksuell legning, hudfarge, tru eller andre skilnader mellom menneske. Vi er forplikta til å arbeide for likeverd, likestilling og realiseringa av menneskerettane for alle menneske.

Fellesskap

Mennesket er skapt til fellesskap og utviklar og realiserer seg sjølv saman med andre menneske. Samtidig er vi meir enn berre ein del av eit kollektiv. Enkeltmennesket sin verd gjer at ingen må utnyttas av andre som berre eit middel for fleirtalet eller representantar for fellesskapet. Deltaking i fellesskapet utviklar og utfordrar enkeltmennesket, men fellesskapet må også skape rom for kvart enkelt individ og verdsette mangfaldet av menneske. Kristendemokratisk ideologi representerer difor eit alternativ til både individualisme og kollektivism, eit alternativ som også blir kalla personalisme.

Ekteskapet som ordning mellom mann og kvinne har djupe røter i tru og tradisjon, og familien er det mest grunnleggande fellesskapet i samfunnet. Det er i familien dei første og nære relasjonane utviklar seg, og det er familien som har hovudansvaret for barna og oppsedinga deira. Det er difor viktig at samfunnet legg til rette for at familien har fridom til å fylle og utvikle rolla si.

Menneske søker også fellesskap gjennom frivillige organisasjonar, lag, foreiningar, arbeidsfellesskap, verksemder og forsamlingar. Fellesskapa bidrar til engasjement og utfører ein uvurderleg samfunnsinnsats, som ikkje utan vidare kan eller bør takast vare på av staten. Saman bidrar dei til å bygge eit velferdssamfunn, ikkje berre ein velferdsstat.

Tru er ein viktig del av det å vere menneske. Religionsutøving har ein naturleg plass i det offentlege rommet, og det må leggest til rette for at menneske skal få utøve trua si i ulike trussamfunn, forsamlingar og trusfellesskap, og tilsvarande for andre livssyn.

Mennesket har også kulturelle behov som blir dekt gjennom ulike fellesskap. Eit aktivt kulturliv legg grunnlaget for eit samfunn prega av tryggleik, identitet og livskvalitet.

Mangfald

Alle menneske er skapt forskjellige, med stor fridom til å velje korleis vi vil leve liva våre. Kristendemokratiet ser på ulikskap og mangfald som positivt og velkomment. Alle har rett til religionsfridom og kan ikkje påtvingast ei tru på tvers av viljen deira. Alle menneske skal vere likeverdige deltakarar i samfunnet og få høve til å bidra med sine evner og eigenskapar. Vi ynskjer eit samfunn prega av ulike menneske, utan at staten eller andre grip inn med einsretting eller avgrensing av mangfaldet.

Folkestyre

Vi menneske er ufullkomne, med evne til å gjere både gode og dårlege val. Det finst difor ingen fullkomen politikk. Det vil alltid vere mogleg å endre samfunnet til det betre. Vi er på vakt mot å samle for mykje makt på få hender. Demokratiet er den styreforma som gir best vern mot maktovergrep.

Solidaritet

Nestekjærleiken og menneskeverdet tilseier ein solidaritet som er meir radikal enn den som kjem frå rettferdsomsyn åleine. Kristendemokratisk solidaritet handlar om ein vilje til å verne alle menneske sitt liv, fridom og verdigheit. Alle skal reknast med i fellesskapet, uavhengig av geografisk avstand og på tvers av generasjonar. Vi er forplikta til å stå opp for sårbare og undertrykte menneske og til å streve etter sosial rettferd.

Subsidiaritet

Enkeltmenneske og dei naturlege fellesskapa i samfunnet er frie og har i utgangspunktet sjølv ansvaret for å løyse utfordringane sine. Subsidiaritetsprinsippet, ofte kalt nærleiksprinsippet, seier at avgjersle i samfunnet må takast på lågast mogleg hensiktsmessige nivå. Bevisbyrda ligg alltid på dei som vil løfte avgjerslemyndigheit opp på eit høgare nivå. Samtidig må subsidiaritetsprinsippet sjåast i samanheng med solidaritetsprinsippet. Det kan vere nødvendig å løfte ei avgjersle til eit høgare nivå, i solidaritet med menneske som elles vil bli råka.

Subsidiaritetsprinsippet inneber at staten skal opptre som eit subsidium eller eit substitutt for dei naturlege fellesskapa. Det er berre når dei naturlege fellesskapa ikkje fungerer optimalt at staten skal tre inn, og då med mål om å få dei naturlege fellesskapa til å fungere optimalt igjen, for så å trekke seg ut.

Der det ikkje er hensiktsmessig at ei oppgåve skal bli løyst av den einskilde, familien eller frivillige åleine, må kommunen tre inn. Der det ikkje er hensiktsmessig at kommunen løyser oppgåva, må fylket eller staten løyse dei. På same måten treng vi forplikande internasjonalt samarbeid der det ikkje er hensiktsmessig at statar åleine løyser ei utfordring.

Rettferdig fordeling

Verdas totale ressursar er avgrensa, og innanfor ramma av ei berekraftig utvikling er det grenser for kor stort ressursforbruket kan vere. Kvar enkelt menneske bør i utgangspunktet ha høve til å få sin rettferdige del av desse ressursane. Vi har eit ansvar for å arbeide for ei meir rettferdig fordeling i verda. Vi ynskjer også å motarbeide for store økonomiske forskjellar mellom fattige og rike i vårt eige samfunn.

Generasjonsansvar

Kvar generasjon har ansvar for å forvalte jorda og alle ressursane på ein måte som tek vare på dagens behov, samtidig som vi legg grunnlaget for at komande generasjonar skal få høve til å få dekt sine behov. Vi må legge til rette for ei verdiskaping som gir komande generasjonar noko å leve av og noko å leve for. Samtidig kan ikkje økonomisk vekst vere eit mål i seg sjølv. Einsidige økonomiske omsyn kan ikkje gå framføre økologisk, sosial og kulturell utvikling. I forvaltinga av ressursane må langsiktig tenking ha forkøyringsrett.

Generasjonsansvaret inneber òg at vi er satt til å bevare og foredle det beste i kulturarven til samfunnet vårt, og føre vidare desse verdiane til etterkomarane våre. Generasjonsansvaret er ikkje berre tilbakeskodande. Verdiane skal ikkje takast vare på berre fordi dei er ein del av kulturarven, dei må òg vere gode verdiane å bygge eit samfunn på. Manglar kulturarven viktige verdiane, er det viktig for ein kristendemokrat å få dei inn i samfunnet, fordi dei er gode verdiane. KrF meiner at det er særleg viktig å løfte fram den kristne kulturarven.

Likeverdssamfunnet

KRISTELEG FOLKEPARTIS MÅL er eit samfunn med plass for alle og der alle opplever likeverd i praksis, uavhengig av kven vi er og korleis vi kan bidra i fellesskapet. Eit slikt likeverdssamfunn må sikre menneskeverdet i alle livets fasar og nedkjempe alle former for diskriminering og sortering med utgangspunkt i menneskes eigenskapar. Eit likeverdssamfunn vil beskytte retten til liv, fridom og personleg tryggleik som den mest grunnleggande av alle menneskerettar. Dersom eit menneske ikkje har rett til liv, har andre rettar liten verdi. Denne retten må omfatte alle menneske, frå livets begynnelse til ein naturleg død, uansett alder, kjønn, etnisk tilhøyrse, livssyn, seksuell orientering og funksjonsevne.

KVAR DAG blir menneskeverdet til sær mange menneske kreinka. Over heile verda blir milliardar haldne i lenker på grunn av fattigdom, og blir nekta sine mest grunnleggande menneskerettar. Vald og væpna konflikt frårøver menneske retten til liv. Menneskehandel og vår tids slaveri er no ein av dei største illegale industriane i verda, der folk blir selt i marknader og menneskekroppen blir kommersialisert. Overalt kor det finst undertrykking, utbytting og diskriminering av menneske, ligg det eit uakseptabelt menneskesyn bak.

JAKTEN PÅ DET PERFEKTE menneskelivet er ikkje over. Vi er i ferd med å skape eit sorteringssamfunn der samfunnets menneskelege mangfald gradvis blir viska ut. Med «sortering» meiner vi at menneske blir fråtatt retten sin til liv, fridom og personleg tryggleik fordi dei har bestemte eigenskapar. Til dømes kan moderne medisinsk teknologi føre til at det så og seie ikkje vil bli født menneske med Downs syndrom i framtida. Høvet til å lage sine egne «designerbabyar» er like rundt hjørnet. Stadig fleire tar til orde for å opne for aktiv dødshjelp i Noreg – og ei legalisering vil ha stor betydning for korleis vårt samfunn ser på menneskelivets verdi.

KRISTENDEMOKRATAR bygger sin politikk på det kristne menneskesynet. Dette tar utgangspunkt i at alle menneske er skapt i Guds bilete, med ein ibuande, ukrenkeleg verdigheit og umistande menneskerettar. Vi kan ikkje kompromisse på menneskets absolutte verdi.

EIT LIV HAR UENDELEG VERDI. Kristeleg Folkepartis viktigaste prioritering er å sikre retten til liv, likeverd og livshjelp. Medisinsk teknologi må alltid stå i livets teneste og ikkje bli brukt til å sortere menneskeliv. Sjukdom og smerte må møtast med aktiv livshjelp og styrka omsorg ved slutten av livet. Sortering og diskriminering må bli erstatta av inkludering og likestilling.

Eit samfunn med plass til alle

KrF ynskjer eit samfunn med plass til alle, der alle i størst mogleg grad kan leve frie og sjølvstendige liv. Eigenskapar, kjønn, etnisitet, seksuell orientering, språk og religiøst og politisk ståstad skal ikkje vere noko som avgrensar eit menneske sitt høve og plass i fellesskapet. KrF meiner menneskeverd betyr at alle menneske har ukrenkeleg verdi, og at samfunnet blir fattigare dersom det ikkje blir gitt rom for mangfald. Politikken som blir ført skal sette mennesket i sentrum. KrF arbeider for samfunnsmessig likestilling av alle menneske, uavhengig av utgangspunkt.

Like moglegeheiter for menneske med nedsett funksjonsevne

Nedsett funksjonsevne skal ikkje vere noko hinder for å lykkast i det norske samfunnet, og KrF meiner at menneske med ulik grad av funksjonsevne er ein ressurs og tilfører samfunnet verdi. Vi har alle eit ansvar for å redusere menneskeskapte barrierar som stenger menneske ute frå aktiv deltaking.

Menneske med nedsett funksjonsevne er inga einsarta gruppe. Likevel viser undersøkingar at dei har dårlegare levekår enn gjennomsnittet i befolkninga, og opplever dessutan ofte at tildeling av ytingar og tenester varierer mykje frå kommune til kommune, noko som i einskilde tilfelle medfører uynskt flytting.

Tilleggsprotokollen til FN sin konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne som handlar om retten til å klage til FN må greiast ut og ratifiserast. Stat og kommune må syte for at kunnskap om funksjonshemma sin livssituasjon og aktuelle lover og reglar blir gjort godt kjent gjennom ulike informasjonsfremjande tiltak.

Haldningar og bevisstgjerings er nøklar til inkludering og tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. Det offentlege har eit særleg ansvar for å vere ein aktiv tilretteleggar og ha oppdatert kunnskap om universell utforming.

Tenestebukarar er ein viktig ressurs. Dei opplever korleis tenester fungerer i praksis og kjem ofte med gode forslag til forbetringar. KrF vil at brukarmedverknad skal ligge som ein føresetnad for alle tilbod til menneske med nedsett funksjonsevne.

Aktive menneske

Det må bli lagt til rette for at fleire menneske med nedsett funksjonsevne kan vere yrkesaktive. I Noreg er rundt 44 prosent av personar med nedsett funksjonsevne i jobb, mot over 73 prosent i samfunnet elles. Tiltak for menneske med nedsett funksjonsevne bør bli rekna som likestillingstiltak, ikkje som ein del av helsetenesta. Ordningane med arbeids- og utdanningsreiser og funksjonsassistent i arbeidslivet bør gjerast permanent og bli utvida. Det er viktig å arbeide for å bygge ned fordommar retta mot menneske med funksjonshemmingar. I tillegg er det viktig å sikre gode offentlege ordningar som minimerer risikoen for arbeidsgivarar ved tilsetjing av menneske med tilretteleggingsbehov eller redusert funksjonsevne.

Forskning viser at det er ein sterkare samanheng mellom utdanning og sannsyn for å kome ut i arbeid blant menneske med nedsett funksjonsevne enn befolkninga elles. Det er difor spesielt viktig å sikre reelt høve til utdanning for alle, uavhengig av tilretteleggingsbehov. Det må også bli etablert tilbod om karriererettleiing for denne gruppa spesielt, anten i offentleg eller frivillig regi, gjerne i form av likemannsarbeid. Det er nødvendig med tidlege tiltak retta mot unge med nedsett funksjonsevne for å hindre lange stønadsløp.

KrF meiner det er viktig at det offentlege driver aktiv rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne til arbeidslivet. Det må vere eit mål å få langt fleire inkludert i arbeidslivet.

Universell utforming

KrF meiner det er grunnleggande viktig å arbeide for eit samfunn som er universelt utforma, spesielt innan IKT, samferdsle og bygg. Private utbyggjarar må få god rettleiing og hjelp til tilrettelegging. Nedsett funksjonsevne på eit eller fleire område kan føre med seg praktiske utfordringar som samfunnet må bidra til å løyse. Universell utforming er bra for alle og nødvendig for mange. Alle skal ha likt høve til å delta i samfunnslivet, og all diskriminering må kjempast ned.

Mange av dagens skular og andre offentlege bygg er ikkje tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne. Hinder for likeverdig tilgang til, og bruk av, offentlege bygg kan ein sjå på som diskriminering. Det bør difor fellast ned ein frist for tilpassing av bygg til «universell utforming»-standard i føresegn, og sytt for at det blir sikra finansiering til dette.

Funksjonshemma barn og foreldre

Foreldre som får barn med nedsett funksjonsevne må bli sikra nødvendig hjelp gjennom heile oppveksten til barnet og inn i vaksen alder. Offentlege instansar må kome tidleg inn og stille opp med ein fast koordinator og ei foreldrepakke til dei som får eit barn med nedsett funksjonsevne. Denne koordinatoren må fungere som «éi dør inn» for foreldra, og ha myndigheit i tråd med dette. Barn med nedsett funksjonsevne må bli sikra god pedagogisk oppfølging og undervising på same nivået som andre elevar så langt det er mogleg.

Foreldre med nedsett funksjonsevne må, i den graden det er nødvendig, bli sikra god rettleiing og hjelpetil-tak som gjer det mogleg å vere foreldre.

Ungdom med funksjonshemmingar

Fleire unge med nedsett funksjonsevne og kroniske sjukdomar med behov for arbeidsretta bistand, bør få tilpassa oppfølging og hjelp til å kome inn i det ordinære arbeidslivet. Å utvide moglegheitene for rehabiliterings- og habiliteringstilbod saman med andre unge er eit viktig tiltak.

Eit stort fleirtal ynskjer å kjøpe eigen bustad så snart som mogleg. Den viktigaste grunnen til det er fridomen det gir å eige sin eigen bustad. Dei fleste unge med nedsett funksjonsevne flyttar tidleg heimanfrå, men dei mest økonomisk vanskelegstilte blir igjen, eller flyttar seint heimanfrå. Dette er ein situasjon som krev tiltak, mellom anna gjennom målretta bruk av startlån, heving av buutgiftstaket for bustøtte og andre målretta tiltak.

KrF vil

- at alle som har eller ventar eit barn med nedsett funksjonsevne skal få tett oppfølging med nødvendig informasjon om hjelpetil-tak og rettar gjennom ein fast koordinator, gode avlastingsordningar og ei «foreldrepakke» (sjå faktaboks for utdju-ping).
- at støttetjenester som i dag finst for familiar med funksjonsutfordringar blir samordna betre og i større grad.
- at familiare skal bli tilbydt kurs om det å vere søsken til barn med nedsett funksjonsevne.
- gi foreldre med barn med nedsett funksjonsevne lovfesta rett til å jobbe deltid fram til barnet er 18 år.
- gi rett til pleiepengar når barnets helsetilstand gjer at foreldra ikkje kan stå i arbeid, også når foreldra ikkje har opptente rettar til dette. For desse bør nivået på ei slik utbetaling bli sett til 4,5 G per år.
- at familiar som sjølv tar store omsorgsoppgåver må få tilbod om omsorgsløn.
- gi rett til å framleis ha omsorgsløn og eventuelt andre støtteordningar til foreldra i inntil 3 månader etter at eit barn med nedsett funksjonsevne dør.
- at menneske med nedsett funksjonsevne skal få eit tilpassa tilbod både i barnehagar og gjennom heile utdanningsløpet, slik at dei får like moglegheiter som andre til opplæring. Tilboda må kunne bli gitt i nærområda.
- at lydbøker i grunnopplæringa og høgare utdanning skal vere tilgjengeleg i digitalt format ved semesterstart, og at gebyret på lydbøker blir oppheva.
- innføre insentiv for skular som knyt seg til seg prosjektet «Dysleksivennleg skule», som til dømes tilskot som kan bli brukt på kompetanseheving eller til fagutveksling lokalt.
- innføre teiknspråk som valfag i ungdoms- og vidaregåande skular.
- fjerne den øvre aldersgrensa på 26 år og taket på 3 års varigheit for utdanning som arbeidsretta tiltak.

- styrke satsinga på rehabilitering og habilitering for å sikre aktive daglegliv for menneske med nedsett funksjonsevne.
- utvide moglegheitene for at fleire som har nedsett arbeidsevne skal få tilbod om tidsubestemt lønstilskot.
- at både statlege og kommunale arbeidsplassar aktivt må rekruttere funksjonshemma, og vurdere tiltak som kvotering ved tilsetjing av menneske med nedsett arbeidsevne.
- etablere og finansiere fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA).
- at varig tilrettelagde arbeidsplassar ikkje skal bli sett ut på anbod.
- at alle dauvfødde barn skal få tilbod om cochleaimplantat og vidare rett til opplæring i talespråk.
- utvide tolketenesta for dauve og dauvblinde.
- syte for at planlagt SMS-naudmeldingsteneste for dauve og høyrselshemma blir satt i verk.
- at offentlege nettsider skal vere universelt utforma.
- nedfelle føresegner med tidsfristar for universell utforming av alle grunnskular.
- utvide støtteordningane til universell utforming til også å omfatte forsamlingshus.
- styrke Husbankens ordningar for finansiering av universell utforming av bustader, både ved betring av eksisterande bustader, og ved å auke tilgangen på universelt tilrettelagte bustader på utleigemarknaden.
- styrke Husbanken sine ordningar for finansiering av privateigde bustader der familiar kan gå saman om å bygge felles bustader til barna sine.
- bygge ut ei nasjonal TT-ordning¹ for brukarar med særlege behov.
- at unge med nedsett funksjonsevne, som treng tilpassa bustad, får tilbod om dette utanom sjukeheim.
- at eldre med nedsett funksjonsevne skal bli sikra tilbod og egna butilhøve, og at dette må speglast i i overføringane til kommunane.
- senke innslagspunktet for statleg refusjon til kommunane for særleg ressurskrevjande tenester til 950 000 kroner og auke kompensasjonsgraden til 85 prosent. Aldersgrensa for ordninga blir heva frå 67 til 80 år.
- at menneske med nedsett funksjonsevne som mottar offentleg omsorg blir sikra høve til deltaking i kulturliv, idrett, trusutøving og aktiv deltaking.
- at alle som har arbeid som kan innebere bruk av tvang skal ha kursing i det gjeldande regelverket.
- nedkjempe all form for hatytringar mot personar med nedsett funksjonsevne.

Foreldrepakke til foreldre med barn med nedsett funksjonsevne

Kvar familie må bli sikra ein kvalifisert koordinator i kommunen som kan sikre dei tilgang på eksisterande og nye tilbod innan:

- medisinsk oppfølging og rettleiing
- barnepass og avlastningsordningar
- hjelpemiddel
- økonomiske rettar
- tilrettelegging av bustad
- foreldrerettleiing og samlivskurs
- hjelp til heile familien
- tilrettelagt barnehageplass
- skulegang og leksehjelp og god pedagogisk oppfølging
- planlegging av vegen vidare

¹ TT-ordninga (tilrettelagt transport) er transporttenesta for funksjonshemmede som ikkje kan bruke vanleg kollektivtransport.

Likestilling og kamp mot diskriminering

Kvinner og menn har lik verdi uavhengig av kjønn og skal bli behandla likt. KrF legg som premis at kvinner og menn må bli gitt like moglegheiter til samfunnsdeltaking og høve til å påverke samfunnsutviklinga. For KrF er det eit mål at både kvinner og menn sine kunnskarar, erfaring og verdier set eit likeverdig preg på alle nivå og sider av samfunnet.

Noreg er eit av verdas mest likestilte land, men framleis er det formelle og uformelle strukturar i samfunnet som gjer det vanskeleg å oppnå reell likestilling. Framleis har ikkje kvinner og menn like stor makt, og ikkje lik løn eller pensjon. Kvinner jobbar meir deltid, foreldreansvaret er ulikt fordelt og vald mot kvinner er eit stort og alvorleg problem. KrF vil gjennom ein målretta likestillingspolitikk arbeide for å jamne ut desse skilnadane og aktivt føre ein politikk som kjempar ned vald i nære relasjonar.

KrF meiner at det i eit likestilt samfunn må visast respekt for den einskilde sitt val av livsstil, utdanning og arbeid – for KrF handlar likestilling om like høve til å gjere slike val. Difor er det viktig at ikkje jenter og gutar blir tvungen inn i kjønnsroller som avgrensar høvet deira til sjølvstendige val og på den måten hindrar mangfald.

Seksuell hetsing og trakassering er eit alvorleg hinder for å oppnå likestilling. Dette problemet har auka i den seinare tid, særleg i sosiale medium. For KrF er det viktig at skular og universitet har nødvendige verkemiddel og kunnskap om dette – slik at dei kan slå ned på seksuell hetsing og trakassering der det oppstår. Vi vil også sikre at førebygging av mobbing og seksuell trakassering blir ein del av utdanninga for rektorar, lærarar og andre tilsette i skulen.

Likestilling og arbeidsliv

Arbeidslivet i Noreg er på fleire område tydeleg kjønnsdelt, og kvinnedominerte yrker er dårlegare betalt enn mannsdominerte yrker. Når det gjeld løn og pensjon, er det store ulikskapar mellom kjønna. Kvinner har arbeid, og arbeider framleis mindre utanfor heimen enn menn, tener mindre og får difor lågare pensjon. KrF meiner difor at kvinnedominerte yrke treng eit lønsløft.

Kvinner jobbar mest ufrivillig deltid og tener systematisk mindre enn menn i samanliknbare yrke. KrF vil avgrense ufrivillig deltid, mellom anna gjennom ei strengare tolking av regelverket som seier at full stilling kan bli nekta dersom det medfører vesentleg ulempe for verksemda. Vi vil ha ein gjennomgang av heile regelverket knytt til dette. For KrF er full stilling ein rett, deltid skal vere ei moglegheit. Kvinner opplever å bli sagt opp og forbigått på grunn av graviditet og foreldrepermisjon, medan menn opplever forskjellsbehandling spesielt når det gjeld uttak av foreldrepermisjon.

KrF vil gi Likestillingsombodet verkemiddel som gjer at det kan slåast ned på verksemdar som fører ein diskriminerande arbeidsgivarpolitikk. Kvinner er underrepresentert i viktige avgjersleorgan og mannsdominansen i toppleiarstillingar er sterk. KrF meiner det framleis er behov for moderat kjønnskvalifisering for å rette opp i denne urettferda. KrF vil støtte opp under det viktige arbeidet Likestillingsombodet og Likestillingsssentra gjer for likestilling i arbeidslivet.

KrF vil ha ei fast ordning om at det blir levert eit tillegg til statsbudsjettet som gir ei heilskapleg likestillingsvurdering av statsbudsjettet.

Likestilling i utviklingspolitikken

I mange delar av verda er likestillinga komen særst mykje kortare enn i Noreg. KrF meiner norsk utviklingspolitikk må ha eit tydeleg likestillingsperspektiv med fokus på jenters og kvinners rettar. *For meir om dette, sjå kapittelet «Utvikling og menneskerettar for alle».*

Integrering og likestilling

Delar av innvandrarbefolkninga har vakse opp i kulturar der mange har eit anna forhold til seksualitet og likestilling enn i Noreg. Minoritetskvinner er ofte dobbelt diskriminert både på bakgrunn av kjønn og etnisitet. Det er viktig at dei som kjem til Noreg blir introdusert for norske normer og reglar, og kva plikter og rettar både kvinner og menn har. Auka medvit gjennom ei god integrering og inkludering av minoritetsmødrer i det norske samfunnet kan også vere nøkkelen for å nedkjempe kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

Kamp mot diskriminering

For KrF er det grunnleggande at alle menneske har same verdi. Difor vil vi jobbe for å nedkjempe rasisme og diskriminering på alle plan. Språkbruk, handlingar og haldningar som bygger opp under negative fordommar

mot personar som følgje av deira etniske bakgrunn, kjønn, alder, funksjonsevne, seksuell orientering eller liknande er uakseptabelt og må slåast hardt ned på. Formidling av gode haldningar i skulen, trussamfunn og ulike fritidstilbod for barn og unge er særskild viktig for å motverke rasisme, og vi bør legge til rette for arenaer der menneske frå forskjellige kulturar kan møte kvarandre og bli kjent med kvarandre. Hatkriminalitet må slåast ned på, blir etterforska og straffast.

Diskriminering av LHBTI-personar² bryt fundamentalt med KrF sine verdiar. Overgrep som er motivert av andre personar sine eigenskapar er ei særleg graverande form for kriminalitet. KrF vil bidra aktivt for å motverke diskriminering av LHBTI-personar. Vi vil skape eit meir ope, inkluderande og trygt samfunn for LHBTI-personar ved å sikre likeverdige offentlege tenester, ta vare på sårbare grupper og trappe opp politiets innsats mot hatkriminalitet retta mot LHBTI-personar.

KrF vil

- støtte bruk av moderat kjønnskvoltering der arbeidsgivar kan prioritere søkarar basert på kjønn for å oppnå betre kjønnsbalanse på arbeidsplassen, så lenge søkarane elles stiller tilnærma likt med andre kvalifikasjonar.
- bruke moderat kvotering for å auke delen menn i yrke med omsorg og undervising for barn.
- opprette eit eige trepartssamarbeid for auka likestilling med partane i arbeidslivet.
- utvide statens eigarprinsipp for god eigarstyring til også å gjelde mål om likestilling.
- styrke satsinga på statleg leiaropplæring og krevje at det alltid skal vere minst 40 prosent kvinner i alle statlege leiaropplæringsprogram.
- at staten må ta eit ansvar gjennom å ha som mål at minst 40 prosent av selskapa der staten har eigardel skal ha kvinneleg styreleiar, og at minst 40 prosent av leiarane på alle nivå i staten skal vere kvinner.
- ha krav i alle offentlege verksemder om redusert bruk av deltidsstillingar.
- at større verksemder skal påleggast å omtale lønsstatistikk for kvinnelege og mannlege tilsette i årsrapporten til verksemda.
- evaluere pensjonsreforma ut frå eit kjønnsperspektiv.
- sikre alle trussamfunn rett til å bestemme i lærespørsmål og tilsetjingar.
- ha ein eigen stortingsmelding om korleis FN's berekraftsmål skal gjennomførast, mellom anna målet om auka likestilling.
- innføre ekstrapoeng til gutar og jenter som søker på linjer på vidaregåande skular og på studium i høgare utdanning der det er til dømes 80 prosent eller meir av det motsette kjønn.
- gjere det lettare å kombinere studium og barn, mellom anna gjennom innføring av eit minimum av foreldrepenget på 2 G, fleire studentbarnehagar og anna praktisk tilrettelegging.
- innføre ei ordning med pappapermisjon for studentar.
- gi far rett til uttak av fedrekvote uavhengig av mors yrkesaktivitet.
- at NAVs refusjon av foreldrepenget til arbeidsgivar skal følgje eventuelle lønsaukingar i løpet av permisjonstida.
- at det skal utredes om pensjonsopptening for ektepar og sambuarar med barn skal bli basert på samla inntekt delt på to.
- styrke forskinga på sjukdomar som råkar kvinner spesielt, og på sjukdomar der kvinner har andre symptom enn menn, og behandling for desse.
- styrke seksualundervisinga i skulen, og vektlegge grensesetting og respekt for eigne og andre sine grenser.
- at introduksjonsprogrammet for innvandrarar skal gi god informasjon om kva rettar og plikter menn og kvinner har, og kva normer som gjeld i det norske samfunnet.
- senke terskelen for deltaking i kurs- og læringsaktivitet for å styrke innvandrarane og minoritetsgruppene sin tilgang til livslang læring.
- legge spesielt til rette for minoritetskvinner sitt høve til å få arbeidspraksis og språkopplæring.
- at minoritetsforeldre utan tilstrekkelege norskkunnskapar som mottar kontantstøtte skal få norskopp-læring der det blir lagt til rette for barnepass, utan at kontantstøtta blir redusert.

² Lesbiske, homofile, bifile, transpersoner og interkjønnpersoner (personer som er født med atypiske kjønnskarakteristika)

- intensivere arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting, mellom anna i samarbeid med frivillige organisasjonar. Etablering av haldningsskapande tiltak og lågterskeltilbod i regi av frivillige organisasjonar må styrkast.
- at dei som ynskjer å bryte ut av eit tvangsekteskap må få hjelp frå det offentlege, til dømes gjennom ein stad å bu medan ein venter på ny identitet eller permanent ny adresse.
- ha ein handlingsplan mot sosial kontroll og æresrelatert vald.
- sikre at alle kommunar har, oppdaterer og bruker handlingsplanar mot vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep.

Urfolk og nasjonale minoritetar

Kristendemokratiet tar utgangspunkt i menneskets unike eigenverdi. Det må også ligge til grunn for korleis stor-samfunnets opptre overfor urfolk og minoritetar. Ein må motverke diskriminering på alle plan, og kultur mang-faldet må bli heva som ein positiv eigenverdi. Løysingar må vere basert på urfolk og nasjonale minoritetar sine egne forslag for å utvikle språk, kultur og tradisjonsberande næringar.

Vi har i Noreg eitt urfolk, samane og fem nasjonale minoritetar, jødane, kvenane, rom, romani og skogfinnane. KrF vil sikre desse gruppene retten til eige språk, kultur og samfunnsliv, slik det også er forankra i internasjonale konvensjonar. Vi må lære av fortida vår for å unngå å gjere dei same feila i behandlinga av urfolket vårt og dei nasjonale minoritetane våre. Dette gjeld òg utforming av politikk overfor andre sårbare grupper.

Samane

Urfolk sin eigenart må bli sikra ved at levemåten, kulturen og verdiane deira blir ført vidare til nye generasjonar. Samepolitikken er forankra i verdiar som rettferd og fellesskap, eit levande folkestyre, ei berekraftig utvikling, eit sosialt og samfunnskritisk engasjement og humanistiske verdiar og idear.

Nyare forskning viser at mange samar har opplevd mobbing og diskriminering. Samtidig ser vi at fleire og fleire barn veks opp med ein sjølvsgatt samisk identitet, og det samiske har blitt ein meir synleg del av det offisielle Noreg. KrF vil arbeide for ei satsing på synleggjering av samisk språk, samisk kultur og samiske institusjonar som er viktig for å stadfeste og støtte samisk identitet og synleggjering.

Vi må motverke diskriminering på alle plan, og den positive eigenverdien i kultur mangfaldet må bli heva. Auka kunnskap om den samiske kulturen kan bidra til å hindre denne diskrimineringa.

Det er eit mål for KrF å bygge opp under mangfaldet i det samiske samfunnet, og bidra til at ulike samiske interesser blir støtta og får direkte høve til medverknad og påverknad. Samepolitikken krev oppfølging på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå.

Etter at Samelova vart vedtatt, har det vore ein føresetnad at Sametinget skal ha ein stor grad av sjølvråderett i samiske spørsmål, mellom anna fordeling av tilskot til samiske organisasjonar, og til kultur-, nærings- og språklege formål. Stortinget og regjeringa har likevel det overordna ansvaret for utviklinga av samepolitikken. Samarbeidsforma mellom Sametinget og sentrale myndigheiter må utviklast vidare, og den folkerettslege forpliktinga til å konsultere samane som urfolk må følgjast opp.

I åra som kjem ligg det an til arealkonfliktar mellom reindrift, gruveindustri og kraftutbygging som gjennom leiteverksemd, utvinning av mineralar og utbygging av vindmølleparkar legg beslag på store areal. Mange utfordringar ligg i skjæringspunktet mellom samiske næringsinteresser, generell næringsutvikling for regionen, bruk av naturressursar og arealforvaltning i område med samisk busetnad. Stortinget må i samarbeid med Sametinget arbeide for ei balansert og berekraftig tilrettelegging av ressursutnytting i dei samiske områda.

Ressursområde, natur mangfaldet, kulturminne og kulturlandskap utgjør ein viktig del av det som gjerne blir kalla for det materielle kulturgrunnlaget for samisk kultur. Dette er grunnlaget for samisk næringsutøving, busetnad, kulturutfoldning og samfunnsutvikling. Forvaltninga av areal, natur og kulturarv er difor viktig for å sikre grunnlaget for bevaring og utvikling av samisk kultur. Samiske næringsformer må oppretthaldast og vidareutviklast slik at det samiske næringsgrunnlaget, kultur og språk òg kan utvikle seg.

Språket er ein av dei viktigaste kulturberarane og identitetsmarkørane. Det er ein grunnleggande menneskerett å ha høve til å kunne lære og bruke sitt eige språk, og som urfolk må samar òg oppnå retten til å verne språket sitt. Tidlegare har dette blitt aktivt motarbeida gjennom fornorskingspolitikken. Stortinget må ha som mål – i samarbeid med Sametinget – å styrke samiske språk og at samiske språk blir ein naturleg del av den norske offentlegheita. Det samiske folket må få reell rett til opplæring i og på samisk. Dette vil gi samiske barn og unge ein sterk samisk identitet og tilknytning til samisk språk og kultur.

Jødane

Antisemittismen har auka i Noreg. Det er uakseptabelt at jødiske barn opplever trakassering, hets og mobbing i skulen. Det er heilt nødvendig å styrke kampen mot antisemittismen slik at jødane i Noreg ope kan leve som norske jødar. KrF meiner at skuleturar til konsentrasjonsleirar frå andre verdskrigen gir viktig kunnskap om folkemord og utrydding av folkegrupper. Holocaustsenteret og andre institusjonar som arbeider for å spreie medvit om folkemord og motverke hatkriminalitet, antisemittisme og rasisme, bør få offentleg driftsstøtte. Ein sterkare markering av den internasjonale holocaustdagen 27. januar, kan vere eit godt verkemiddel for å halde oppe medvit og haldningar knytt til antisemittisme og jødehat.

Rom og romani

Romani og romfolk har heilt opp i nyare tid fått særskilt dårleg behandling av det norske storsamfunnet. Overgrep og feil som er gjort, må rettast opp. Tatar- og sigøynarkulturen har tilført og tilfører eit viktig mangfald til samfunnsliv og kultur, og må bli sett for dette og for eigenarten sin. Mange romfolk i Noreg slit med analfabetisme og fattigdom. Det er viktig å styrke arbeidet for å bidra til sosial framgang for denne minoriteten.

Utdanning er ein helt sentral faktor for å sikre framtidig velferd og livskvalitet. Foreldre har eit grunnleggande ansvar for å ta vare på barna sine, og grunnutdanninga er ein del av det. Ein må likevel understreke at myndighetene har ansvar for å sikre at barn og unge med romanibakgrunn (tatarar) har likeverdig og reell tilgang til skule og utdanning. Kunnskapen i skulen om nasjonale minoritetar generelt, og tatarar/romanifolk spesielt, bør bli auka. Kunnskap om nasjonale minoritetar må inkluderast i lærarutdanninga.

Skogfinnane og kvenene

Skogfinnane og kvenene er finskætta nasjonale minoritetar som har hundreårlang historie i delar av Noreg. Deira språklege og kulturelle røter skal bli sett, og storsamfunnet må stille midlar til rådighet for dette.

KrF vil

- arbeide for å styrke vernet mot etnisk diskriminering.
- styrke samane sitt internasjonale arbeid for utvikling og demokratisering.
- gi støtte til vidareutvikling av eit felles nordisk ressurscenter for samiske språk.
- gi Sametinget rammer som gjer det mogleg å utvikle ein sjølvstendig politikk på dei ansvarsområda der Stortinget har delegert myndighet til Sametinget.
- sikre opne prosessar som involverer Sametinget på eit tidleg stadium i saker som gjeld den samiske befolkninga.
- ha dialog og eit system for kompenserande tiltak der samisk næringsutøving er truga.
- at samiske læremiddel i grunnskulen skal vere tilgjengeleg og oppdatert etter læreplanane.
- ha samisk deltaking i internasjonale prosessar for best mogleg å møte nye og skiftande utfordringar som angår samiske område.
- nedkjempe jødehat gjennom å følgje opp handlingsplanen mot antisemittisme og setje i verk ulike tiltak, som å styrke undervisinga i skulen om Holocaust, ha tiltak mot mobbing av jødiske elevar, gi kontinuerleg støtte til tryggleiksutgifter og dagvakt ved jødiske institusjonar og vurdere endringar i straffelova for å sikre sterkare reaksjonar på hatkriminalitet.
- følgje opp skogfinnane si stilling som minoritetsgruppe. Kulturen må dokumenterast og materiellet må bli gjort tilgjengeleg.
- verdsette og dokumentere romanifolkets og romfolket si historie og kultur i Noreg.
- gå i dialog med romanifolket for å sikre at barn og unge skal ha likeverdig og reell tilgang til skule og utdanning.
- auke den statlege støtta til Kvensk institutt, slik at dei kan slutføre normeringsarbeidet for eit kvensk språk. Når dette er fullført, vil KrF vurdere å heve kvensk til språknivå 3.
- utarbeide handlingsplanar for heving av dei andre minoritetsspråka frå språknivå 2 til språknivå 3.
- at det skal stillast tilstrekkelege midlar til rådighet for utvikling av kvenske lærebøker.

Menneskeverd i alle livets fasar

Alle menneske har ein ukrenkeleg verdi i kraft av å vere menneske. Menneskeverdet kan ikkje graderast. Retten til liv er den mest grunnleggande menneskeretten, og må gjelde frå befrukting til naturleg død.

KrF ynskjer eit samfunn kor ein betre vernar det ufødde livet. Målet vårt er at samfunnet skal vere så barne- og foreldrevennleg og velferdsordningane så gode at gravide kvinner også av den grunn tar vare på barnet dei ber. Gravide må få god informasjon og rettleiing. Samtidig må innsatsen for å førebygge uynskte svangerskap bli styrka.

Støtteordningar og førebygging

Ein viktig del av kampen for ufødt liv er å skape eit samfunn som legg til rette for at ein får barn, også når det «ikkje passar» med tanke på livssituasjon, økonomi, studium eller karriere. Dei fleste abortane i Noreg blir gjort av kvinner i 20-åra. Økonomiske støtteordningar og tilgangen på barnehageplassar må utformast slik at fleire vel å få barnet. Studentar som blir gravide, må bli sikra praktisk og økonomisk støtte slik at dei både får høve til å fullføre svangerskapet og framleis ha mest mogleg normal progresjon i studia. Kvinner som står i ein valsituasjon, må få rettleiing og støtte til å bere fram barnet. Sida 2010 har talet på abortar per år gått ned, og KrF vil jobbe for at denne utviklinga held fram.

KrF vil styrke arbeidet med å førebygge uynskte svangerskap. Det abortførebyggande arbeidet må ha god og etisk basert seksualundervisning i skulen, ei tilgjengeleg skulehelseteneste og tilgang på gratis prevensjon inkludert god prevensjonsrettleiing. Skulen og helsetenesta må styrke ungdom og unge vaksne sin tryggleik, og særleg bevisstgjere unge menn til å ta eit større ansvar. KrF ynskjer gjennom desse og andre tiltak å arbeide for ein nullvisjon for talet på abortar i Noreg.

Abortlova

KrF vil erstatte dagens abortlov med ei lov som sikrar livsrett for ufødd liv og tydeleggjer fosterets eigenverdi som menneske. KrF vil ikkje tilbake til det gamle nemndssystemet, men vil at ein ny lov skal legge fosteret sin rett til liv til grunn, og at avgjersle knytt til liv og helse blir gjort i dialog mellom pasient og lege. Dette fjernar ikkje alle etiske dilemma. Det vil, uansett kva lov vi har, oppstå vanskelege avvegingar som må løysast i dialog mellom helsepersonell og den einskilde. KrF ynskjer ikkje ein debatt der unntaka blir avgjerande for heilskapen.

Sjølv om KrF sitt primærstandpunkt er å endre heile lovgivinga, arbeider vi òg for endringar innanfor dagens lovgiving. Sidan lova har eksistert tilnærma uendra sidan ho kom, treng samfunnet ein aktualisert og fordomsfri debatt om abortlova og funksjonen ho har i tida vår, på tvers av ulike primærstandpunkt.

Forskning, informasjon og oppfølging

Det er brei politisk semje om at det er for mange abortinngrep i Noreg. Vi treng meir forskning på årsakene til abort, kva tiltak som kunne vore gjennomført for å redusere aborttala og etterverknadene av abort.

Særs mange kvinner og par opplever å få lite informasjon om kva ein abort inneber, om etterverknadene som kan oppstå, og kva alternativ som finst. Det må gjerast klart kva legane si informasjonsplikt består i for å sikre at alle kvinner og par får den informasjonen dei har krav på. Rådgivingsorgan som Amatheia og liknande må bli sikra offentleg støtte.

Sortering av menneske

Medisinsk vitenskap og forskning gjer det mogleg å få vite stadig meir om fosteret på eit tidleg stadium. Det gjer at mange gravide og ufødde kan få behandling og hjelp som tidlegare var umogleg. Samtidig gir moglegheitene oss nye etiske dilemma. Denne kunnskapen blir også brukt til å identifisere barn med redusert funksjonsevne eller sjukdomar som ikkje kan bli behandla, med formål å utføre selektiv abort dersom ein finn avvik hos barnet. KrF ynskjer å strame inn bestemmingane i abortlova om abort ved avvik eller nedsett funksjonsevne, og ikkje tillate abort på eugenisk indikasjon³. KrF vil ikkje tillate forskning på befrukta egg. Ved assistert befrukting kan embryo sine genar bli undersøkte før dei bli sett inn i livmora. På den måten vel ein embryo ut frå kva eigenskapar ein ynskjer hos barnet (preimplantasjonsdiagnostikk). KrF vil ikkje tillate slik sortering av menneske basert på eigenskapar.

Forskning på ufødt liv

Ein ny bioteknologisk metode kalla CRISPR/Cas9⁴ vil på sikt kunne gjere det mogleg å utføre målretta endringar i genane til menneske på ein raskare og billegare måte enn tidlegare. CRISPR/Cas9 kan potensielt i framtida bli brukt til å behandle menneske med alvorlege sjukdomar, men også til å endre eigenskapar hos individet. KrF vil ikkje opne for CRISPR som ein metode som kan brukast til å endre eller forbetre mennesket sine grunnleggande eigenskapar, men er opptatt av å finne medisinske metodar som kan framje helse hos mor og barn. Persontilpassa medisin skal brukast for å framje individet si helse, og ikkje kreinke menneskeverdet. Det må òg bli sett strenge etiske rammer for forskning slik at teknologisk utvikling bli brukt til å framje helse, men ikkje til å forsterke sorteringssamfunnet eller til behandlingssøremål for andre. Vi treng ein grundig og etisk basert diskusjon rundt denne typen teknologi, og dei eventuelle moglegheitene og utfordringane det vil gi.

Abort seint i svangerskapet

Innanfor gjeldande abortlov blir det utført i dag seinabort så seint i svangerskapet at barnet kunne vore redda ved ein for tidleg fødsel på same tida i fosterutviklinga. KrF vil endre lova slik at abort etter veke 18 ikkje kan bli utført med mindre det er overhengande fare for mors liv eller helse eller fosteret har ein tilstand som ikkje gjer det mogleg å overleve utanfor livmora.

Verdigheit ved livets slutt

I livets slutfase skal det bli vektlagt verdigheit og godt utbygd, moderne lindrande behandling. KrF seier nei til aktiv dødshjelp. Aktiv dødshjelp er ikkje berre eit spørsmål om individer sitt ynske om å styre avslutninga på livet. Dersom samfunnet opnar for aktiv dødshjelp, vil dette føre til ein generell relativisering av menneskelivets verdi og auke presset på menneskeverdet til andre sjuke og døyande personar. Døyande pasientar skal ha rett på verdigheit og til å få dekt dei mest eksistensielle behova ved å ha nokon å samtale med og ha nokon hos seg i den siste fasen. Grunnbemanninga må vere god nok til å sikre dette. I KrF trur vi at menneske er meir enn prestasjonsevner og funksjonsnivå. Eit menneske har ein verdi i seg sjølv.

KrF meiner vi må gjere langt meir for å hjelpe menneske i den siste fasen av livet til å fullføre livet på ein god måte. Dette handlar ikkje berre om fysisk smertelindring, men pasientane må sjåast på som heile menneske med både fysiske, psykososiale og åndelege behov. God palliasjon⁵ tar omsyn til desse aspekta. Diagnostikk og behandling av smerte og belastande symptom er sentrale tiltak. Vi må sikre livskvalitet i den siste fasen av livet for pasientane og familiane deira, ved å optimalisere behandling, pleie og omsorg. Sjølv når alvorleg sjukdom og liding truar, kan pasienten, med den rette kompetente og godhjarta behandlinga, oppleve livskvalitet og mening.

KrF ser det som særskilt viktig at barn som er alvorleg sjuke og døyande får eit verdig tilbod. Alvorleg sjuke barn lever ofte lenger med ein dødeleg sjukdom og har eit meir kompleks og samansett sjukdomsforløp enn vaksne. Apparatet rundt alvorleg sjuke og døyande barn og familiane deira, mellom anna ulike formar for barnepalliasjon, må bli styrka.

³ Eugenisk indikasjon refererer til abortlova § 2c, der det står at ei kvinne kan få innvilga abort etter 12. veke dersom «det er stor fare for at barnet kan få alvorleg sjukdom, som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet».

⁴ CRISPR står for «Clustered regularly interspaced short palindromic repeats», og blir brukt om ein metode som gjer at ein i prinsippet kan endre dei genene ein måtte ynskje ved å fjerne, byte ut eller legge til DNA.

⁵ Palliasjon er aktiv behandling, pleie og omsorg for pasientar med ikkje-kurerbar sjukdom og kort forventet levetid.

KrF vil

- at retten til liv skal gjelde frå befrukting til naturleg død og at dette prinsippet skal fellast ned i grunnlova.
- erstatte dagens lov om svangerskapsbrot med ei lov som sikrar rettsvern for det ufødde livet.
- at alle abortsøkande skal få god rettleiing og informasjon før ein bestemmer seg for å ta abort. Denne rettleiinga må bli systematisert og kvalitetssikra og innehalde tilbod om fleire samtalar.
- at det skal bli gitt informasjon om adopsjon som eit alternativ til abort.
- at kvinna sin rett til å gjennomføre svangerskapet skal bli presisert, og at helsepersonell ikkje skal oppmode til eller ta initiativ til abort dersom det ikkje er fare for liv og helse.
- at ved utdanning av helsepersonell må det bli lagt sterkare vekt på rådgiving om rettar ved å bere fram barnet og om etterverknader av abortinngrep.
- sikre samvitsfridomen for helsepersonell i spørsmål som omhandlar liv og død.
- at alle som vel abort skal få tilbod om oppfølging, fordi mange opplever psykiske etterverknader etter inngrepet, og at slik oppfølging også må gjelde dei som opplever spontanabortar.
- at det skal vere tilgang på gratis prevensjon for unge opp til 25 år, og at dette også skal gjelde langtidsverkande prevensjon.
- auke kvaliteten i seksualundervisninga slik at den legg meir vekt på å setje grenser, ta gjennomtenkte val og respektere andre sin seksualitet og grenser.
- at informasjon om prevensjon og alternativ til abort må gjerast tilgjengeleg for minoritetskvinner.
- ha ei rettleiingsteneste som gir informasjon om støtteordningar for gravide kvinner og par som er i ein vanskeleg livssituasjon eller som ventar eit funksjonshemma barn.
- endre eingongsstønaden ved fødsel til ei ordning med eit minimum av foreldrepengar tilsvarande 2 G i folketrygda (p.t. kr 187 268).
- at fedrar må få rett til fedrekvote uavhengig av mors tilknytning til arbeidslivet. *Sjå også kapittelet «Meir tid og valfridom for familiane».*
- ikkje tillate abort av enkeltfostre ved fleirlingsvangerskap (såkalla fosterreduksjon).
- at ultralyd i veke 11-12 ikkje skal bli rekna som ein del av svangerskapsomsorga, då ein slik ultralyd først og framst er egna til å oppdage avvik som kan føre til abort.
- at fosterdiagnostikk berre blir tillate når undersøkinga kan føre til helsegevinst for mora eller fosteret, og ikkje når formålet er å finne avvik som skal føre til selektiv abort.
- Fjerne § 2c i abortlova som gjer sjukdom hos fosteret til ein sjølvstendig grunn for seinabort.
- arbeide mot diskriminering av menneske med utviklingshemming og for at menneske med ulike funksjonsnedsetjingar skal bli inkludert i samfunnet, i tråd med menneskerettane og FN-konvensjonen (også kalla for CRPD).
- ta initiativ til ein haldningskampanje mot sortering av barn med Downs syndrom.
- avvikle det automatiske tilbodet om fosterdiagnostikk til kvinner over 38 år.
- at det skal bli utøvd strengare kontroll i samband med seinabortar.
- endre lova slik at abort etter veke 18 ikkje kan bli utført med mindre det er overhengande fare for mora sitt liv eller helse eller fosteret har ein tilstand som gjer at det ikkje vil overleve utanfor livmora.
- oppretthalde forbodet mot terapeutisk kloning.
- ikkje tillate forskning på befrukta egg eller fosterceller frå provoserte abortar, men satse på forskning på stamceller frå fødde individ.
- at assistert befrukting skal bli tilbydt, og at det skal bli befrukta like mange egg som skal brukast i behandlinga.
- at det ved assistert befrukting skal vere forbode å undersøke dei genetiske eigenskapane hos befrukta egg for å velje ut embryo med dei eigenskapane ein ynskjer (preimplantasjonsdiagnostikk).
- lovfeste forbod mot gendoping og genterapi som har som formål å endre eller forbetre menneskes eigenskapar, og difor ikkje tillate CRISPR-metoden.
- vidareføre eit generelt forbod mot å skape genetiske endringar som går i arv til komande generasjonar. Forbodet mot behandling med genterapi på befrukta egg og behandling som kan medføre genetiske endringar i kjønnseller må bli oppretthalde.

- ikkje tillate mitokondriedonasjon⁶.
- oppretthalde forbod mot bruk av genetisk informasjon i forsikringssamanheng.
- ikkje tillate aktiv dødshjelp.
- at tilbod om aktiv livshjelp, smertelindring og omsorg til personar i avslutningsfasen av livet, til dømes gjennom hospiceplassar eller ambulante team, skal vere tilgjengeleg for alle som treng det.
- greie ut betre finansieringsordningar for utbygging og drift av hospice i Noreg.
- auke medvitet hos helsepersonell om å ta vare på pasientar sine åndelege behov og jobbe for at døyande pasientar skal ha gode høve for samtale med prest eller anna truspersoneell etter til deira eige livssyn.
- ha ei sterkare vektlegging av omsorg og respekt ved livets slutt i grunn- og vidareutdanninga av helsepersonell.
- legge til rette for at fastlegane kan gjennomføre heimebesøk hos alvorleg sjuke og døyande pasientar, og etablere ei takstordning for dette.
- stimulere til brei kompetanseheving om palliasjon blant helsepersonell i kommunehelsetenesta.
- syte for eit heilskapleg og individuelt tilpassa tilbod til alvorleg sjuke og døyande barn, mellom anna sikre familien tilgang til koordinator, uavhengig av kva diagnose barnet har.

⁶ Mitokondriedonasjon er ei form for assistert befruktning der cellekjerna frå mora si eggcelle blir sett inn i eit kjernelaust egg med friske mitokondriar, donert frå ei anna kvinne.

Sterkare fellesskap

KRISTELEG FOLKEPARTI SITT MÅL er eit sterkare fellesskap med tillit mellom borgarane, tryggleik og tilhøyrse til nokon felles verdiar og mål. Eit slikt fellesskap kan berre bli bygd nedanfrå, gjennom å finne ein god balanse mellom fridom og personleg ansvar, verne dei naturlege fellesskapa som menneske sjølv lager og invitere alle borgarar til deltaking og samfunnsansvar. Fellesskapet blir styrka når enkeltmenneske blir vist tillit og får ta ansvar. Når familien, naboskap og lokalsamfunn blir tatt vare på og når sivilsamfunnet blir anerkjent som ein viktig aktør i fellesskapet. Tillit og tryggleik blir bygd når vi tar vare på eit samfunn med små sosiale skilnader.

FELLESSKAPA VÅRE er under press. Fleire utviklingstrekk kan tyde på at samfunnet sin sosiale kapital, det vil seie dei sosiale nettverka, tilliten til kvarandre og deltaking i samfunnet, er synkande. Mange har erfart einsemd og brotne relasjonar. 4 av 10 barn opplever at familien blir brote opp. I dugnadens heimland bidrar stadig færre med frivillig innsats. Særleg bekymringsfull er minoritetsbefolkninga si lave deltaking i frivilligheit og andre viktige fellesskapsarenaer. Dei sosiale skilnadane i samfunnet er aukande, og fleire opplever uro og utryggleik. Deltaking i og tiltrua til folkestyret vårt har vore synkende over mange år. Alt dette er symptom på svekka fellesskap.

KRISTENDEMOKRATAR ser på samfunnet som ein organisk heilskap som er bygd opp av ulike grupper og fellesskap, der dei ulike delane har eit ansvar for kvarandre. Enkeltpersonar, familiar og andre naturlege fellesskap skal ha makt over avgjersle som berre handlar om dei. Staten og andre politiske autoritetar skal respektere sjølvstyret til dei naturlege fellesskapa, men kan tre inn som støtte når desse treng hjelp frå samfunnet for å fungere eller få dekt grunnleggande behov. KRISTENDEMOKRATAR vektlegg at makta i samfunnet skal bli spreidd på fleire hender, og bli lagt så nær dei det gjeld som mogleg.

KRISTENDEMOKRATAR ser på mennesket som eit fellesskapsvesen som berre kan realisere sitt potensial i samspel med andre. Som KRISTENDEMOKRATAR er vi difor kritiske til ein individualisme som vektlegg fridom på bekostning av medmenneske og fellesskap. Ein kvar skal ikkje vere si eiga lukke sin smed. Samtidig protesterer vi mot ei tenking som først og fremst se på mennesket som del av eit kollektiv. Enkeltmenneske skal ha stor fridom og stort ansvar.

NOREG er prega av stadig større mangfald – både kulturelt og religiøst. Det styrkar og utfordrar fellesskapet. Som KRISTENDEMOKRATAR vil vi ta vare på mangfaldet og verne om retten til å leve, tenke og tru forskjellig. Alle menneske er skapt forskjellige, med fridom til og ansvar for å velje sjølv korleis vi vil leve liva våre. Evnen vår til å tåle meiningsmangfaldet testar dei demokratiske ryggmargsrefleksane våre.

SAMTIDIG må vi skape eit fellesskap ut av mangfaldet. Vi treng noko som bind samfunnet saman og skaper ei tilhøyrse til eit «vi» på tvers av alle skilnadane. Fellesskapet vårt kviler på ei kristen og humanistisk kulturarv og nokre universelle verdiar vi må hegne om. Likeverd, solidaritet, menneskerettar, folkestyre og rettsstat er døme på verdiar som er bygd opp gjennom generasjonar og som fellesskapet vårt må samlast om.

Meir tid og valfridom for familiane

Mennesket er skapt til å leve i fellesskap. Familien er det første og for mange det viktigaste av alle fellesskapa ein gjennom livet blir ein del av. For barn er familien den mest grunnleggjande arenaen for tilhøyrslø, nærleik og fellesskap. Stabile og trygge familiar gir trygge barn som veks opp til å bli trygge vaksne. Eit samfunn som er bra for barna, er eit samfunn som er bra for alle. KrF meiner difor at samfunnet skal bli bygd på barna sine premisser.

Familiepolitikken skal støtte opp om familielivet og gi familiane høve til å organisere sine eigne liv. Det bør ligge tungtvegande argument til grunn når politikken blandar seg inn i familiane sin fridom til sjølv å styre sin eigen kvardag. Når barn lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, må samfunnet gripe inn.

Fleksibilitet og valfridom

Barn er ulike, og det krev ulike løysingar på organiseringa av familielivet. Dei fleste småbarnsforeldre ynskjer å kombinere arbeid og familieliv. For familiane er det difor avgjerande med eit godt barnehagetilbod og at arbeidsgivarane legg til rette for fleksibilitet på arbeidsplassen. Nokre småbarnsforeldre ynskjer å jobbe noko mindre når barna er små, og KrF vil legge til rette for dette. Småbarnsforeldre som i dag har ei fulltidsstilling, må bli sikra ein lovfesta rett til å førebels gå ned til 80 prosent stilling.

Kontantstøtta har i 15 år sikra småbarnsfamilier større valfridom i korleis dei vil organisere omsorga for eigne barn under 3 år. KrF meiner kontantstøtta er viktig for å sikre fleksibiliteten i familielivet, og vi vil innrette kontantstøtta slik at ho treff småbarnsforeldre der behovet er størst.

KrF vil auke kontantstøtta for barn mellom 1 og 2 år og foreslår følgjande andre endringar:

- KrF vil i denne perioden arbeide for å utvide kontantstøtta med 3 månader, til totalt 14 månader.
- KrF vil at ein dag i barnehage berre skal føre til trekk i ein dags kontantstøtte.
- Minoritetsforeldre utan tilstrekkelege norskkunnskapar som mottar kontantstøtte skal få norskopplæring der det blir lagt til rette for barnepass, utan å få trekk i kontantstøtta.
- Fosterheim må kunne bruke kontantstøtte.

Då kan foreldre enklare finne dei beste løysingane, og valfridomen for familiane bli sikra.

Foreldrepermisjon

Foreldrepermisjonen er eit viktig verkemiddel for at foreldra kan vere heime med barnet det første året etter fødsel. Det er viktig for KrF å gi begge foreldra reelt høve til å ta ut foreldrepermisjon. KrF meiner difor det er viktig å sikre foreldra høve til å fordele permisjonen mellom seg uavhengig av haldningar i omgjevnadene.

Mange foreldre opplever at det er vanskeleg å få nok tid til å vere saman med eigne barn og finne ein god balanse mellom arbeidsliv og familieliv. Dette gjeld familiar med barn i alle aldrar. KrF vil difor gjere kvardagen enklare ved over tid å utvide foreldrepengeperioden og gjere han meir fleksibel, slik at uttak av den auka permisjonstida kan bli fordelt utover eit lengre tidsrom enn i dag.

KrF foreslår at ved 100 prosent løn blir den totale lengda auka med 4 veker til 53 veker, medan ved 80 prosent løn bli permisjonen utvida med 5 veker til 64 veker. Kvotane blir auka til 14 veker for kvar av foreldra og 3 veker før fødsel til mor. Den auka permisjonstida kan takast ut fram til barnet fyller 10 år.

Studentar og andre som av ulike grunnar ikkje er i arbeid når dei blir foreldre, kjem i dag uforholdsmessig dårleg ut økonomisk. Dårlege økonomiske vilkår gjer at det er vanskelegare å vere foreldre i situasjonar utan fast inntekt. KrF meiner dei store skilnadane mellom foreldre i og utanfor arbeidslivet er uakseptable, og vi vil difor erstatte dagens eingongsstønad med ei ordning der alle har rett til eit minimum av foreldrepenge med

utgangspunkt i 2 G (p.t. kr 187 268) i folketrygda. Beløpet må bli betalt ut kvar måned, og det må vere ulike satsar der forsørgarsituasjonen blir vektlagt.

Retten til foreldrepenget er i dag knytt til kvinna si inntekt i form av løn eller tilsvarende i seks av dei ti siste månadene. Det betyr at dersom dei til dømes er heime med barnet nokre månader utover foreldrepermisjons-tida, kan dei miste retten til ny foreldrepermisjon med neste barn. KrF meiner dette slår urettferdig ut for mange som får barn med korte mellomrom, og vi vil difor at alle foreldre må få ha retten til foreldrepenget som ved forrige barn når det er mindre enn to år mellom fødslane.

Barnetrygd

KrF vil halde fram barnetrygda som ei ordning for alle med barn. Barnetrygda har ikkje blitt prisjustert på sær mange år og blir difor stadig mindre verdt. KrF meiner det er viktig å ha barnetrygda og styrke han ved å prisjustere han. KrF vil at barnetrygda blir auka betydeleg for alle, men bli skattlagt. På denne måten vil dei med låge inntekter og låg skatteprosent sitte att med meir enn i dag, medan dei som har høg inntekt og betaler mykje skatt vil få noko mindre totalt sett. Ordninga vil med dette i større grad verke sosialt utjamnande. Barnetrygd skal ikkje bli rekna med i grunnlaget for berekning av yingar etter lova om sosiale tenester og lov om bustøtte. *For meir om kampen mot barnefattigdom, sjå kapittelet «Kamp mot utanforskapet».*

Ekteskap og samliv

Ekteskapet er ei grunnleggande og viktig ordning i vårt samfunn. Ekteskapet som ordning mellom mann og kvinne har djupe røter i tru og tradisjon, og familien er den mest grunnleggande fellesskapet i samfunnet. KrF vil løfte fram ekteskapet mellom ein mann og ei kvinne som ei god og stabil ramme rundt barns oppvekst. Ekteskapet er den samlivsforma som legg best til rette for eit forpliktande samliv. KrF anerkjenn at menneske er ulike og respekterer at dei tar ulike val for sine liv. KrF har også eit ansvar for å sikre andre former for forpliktande samliv mellom to vaksne og ta vare på barn og vaksne sine juridiske rettar uavhengig av samlivsform.

Barn og forelder

FN sin barnekonvensjon understrekar at barn har rett til å kjenne foreldra sine og få omsorg frå dei. Lovverket skal som norm ikkje ta den retten bort. Ikkje alle barn har høve til å få omsorg frå foreldra sine, og då har samfunnet ei plikt til å sikre gode omsorgsløysingar for barna. Barnets beste skal ligge til grunn. KrF vil jobbe for eit lovverk som bygger på prinsippet om at alle barn har rett til både ei mor og ein far, og i utgangspunktet bør få vekse opp med desse. Det må bli sett rammer for assistert befrukting og adopsjon som sikrar at barnet både får ein far og ei mor, og kan bli kjent med det biologiske opphavet sitt.

Surrogati inneber at ein opnar for kjøp og sal av barn, og leige eller utlån av kvinnekroppen, på ein måte som nærmar seg menneskehandel. KrF vil difor oppretthalde forbodet mot surrogati, og også forby denne måten å få barn på frå utlandet til vaksne registrert busett i Noreg.

Adopsjon

Ved adopsjon må samfunnet legge til rette for mest mogleg optimale oppvekstvilkår for barnet. Prosedyrane ved adopsjon frå utlandet må betrast og ta kortare tid, og det bør bli lagt til rette for fleire adopsjonar enn i dag. Adopsjonsstøtta må aukast til 2 G. Tilbod om rettleiing og oppfølging av adopterte barn må bli styrka. KrF vil framleis sikre retten til bruk av kontantstøtteordninga inntil barnet begynner på skulen.

Familie, foreldre og samlivsbrot

Samlivsbrot er ofte smertefullt for alle som er involverte, ikkje minst barna. KrF vil auke satsinga på samlivstiltak og foreldrerettleiing, i nært samarbeid med ideelle aktørar. Familievernet må få ressursar til å drive meir førebyggjande arbeid for å redusere risikoen for samlivsbrot og styrke høvet for godt foreldresamarbeid i etterkant av eit brot.

Samværsreglane bør bli utforma slik at dei dempar konfliktar og i størst mogleg grad legg til rette for samvær. Barn er ulike og har ulike behov. Deira ynske for samvær bør i stor grad bli vektlagt i ei fordeling mellom foreldra.

KrF ynskjer ei familierettleiingsreform der følgjande element er inkludert:

- Styrking av tilbodet om parterapi/familierterapi og gjere dette til ein lovbestemt rett innan tre veker, slik ordninga er for mekling ved samlivsbrot.

- I alle kommunar skal alle bli tilbydt:
 - Foreldrerettleiingskurs ved første barn
 - Samlivskurs etter ti års registrert samliv
 - Tenåringsforeldrekurs
- Obligatorisk foreldrerettleiingskurs for nyankomne asylsøkjjarar og flyktningar.
- Oppretting av «lågterskel»-familieteam i alle kommunar.
- Undervising om relasjonar og samliv må blir styrka i ungdomsskulen.

Åleineforeldre

KrF ynskjer å styrke rettane til einslege forsørgjarar. Som åleineforsørgjar bør ein ha prioritet i barnehageopp- tak. Det bør støttast opp under gode avlastningsordningar. KrF vil gi ein lovfesta rett til einslege forsørgjarar med barn under skulealder om å sleppe nattarbeid.

Trygg barndom

Når barn ikkje har det bra i heimen, er samfunnet nøyd til å gripe inn. KrF vil auke kompetansen og trappe opp støtta til helsestasjonane og til barnevernet, slik at dei er i stand til å gi hjelp på eit så tidleg tidspunkt som mogleg og ta tak i problema før dei blir for store. KrF vil arbeide for auka behandlingsskapasitet i det kommunale barnevernet, nok fosterheimsplassar og institusjonsplassar til å gi alle barn eit tilbod tilpassa den einskilde sitt behov, nok kapasitet i fylkesnemndene til å sikre rask sakshandsaming, betre tilsyn, opplæring og rettleiing for fosterheim, samt rett til ettervern.

Fosterforeldre/vernebuingsforeldre spelar ei avgjerande rolle for barn som ikkje kan bu i eigen familie. Det må primært bli satsa på å hente ut ressursane som finst i familie og nettverk. Det er eit sterkt behov for å rekrut- tere fleire fosterforeldre, og dei må bli sikra betre rammevilkår.

KrF meiner samfunnet må høyre på barn sine skildringar av eigne behov, og vil sikre barn si medbestemming i saker som handlar om dei.

For å sikre nødvendig grensesetting bør barnevernet få fleire verkemiddel overfor ungdom under den kri- minelle lågalderen som gjer gjentatt alvorleg kriminalitet. Barnevernet opptrer i slike samanhengar på vegne av foresatte. Når ungdom er plassert i institusjonar på grunn av åtferda si, bør barnevernet ha høve til å halde ungdommen tilbake med tvang, og til å føre kontroll med rusmisbruk og besøk i institusjonen.

Vald mot barn, eller å vere vitne til vald i heimen, er alltid alvorleg. Når valden skjer i heimen til barnet, blir skaden ofte større fordi overgrepet skjer på det som skulle vere ein trygg arena, og det tar ofte lang tid å opp- dage. KrF vil auke innsatsen mot vald i nære relasjonar, og gi betre hjelp til barn som er utsatt for overgrep. Tiltaka må vere tverrfaglege og finansieringa langsiktig.

KrF vil

- auke foreldrepermisjonen med fire veker ved 100 prosent løn og fem veker ved 80 prosent løn, og at den auka permisjonstida kan bli tatt ut fram til barnet fyller 10 år.
- auke kvotane til 14 veker for kvar av foreldra og 3 veker før fødsel til mor.
- sikre alle fedrar rett til to vekers løna permisjon ved fødsel eller omsorgsovertaking.
- at Studentar som blir foreldre må bli sikra gode og fleksible permisjonsordningar, slik at foreldreper- misjon kan bli tatt ut når det passar studentane best.
- gi foreldre som får barn med mindre enn to års mellomrom minst like mykje foreldrepengar i den andre som i den første foreldrepermisjonen.
- utvide talet på ekstraveker med foreldrepengar ved fleirlingfødsler, og sikre at foreldra kan vere heime samtidig lenger enn i dag.
- at sjølvstendig næringsdrivande må få like gode rettar i samband med svangerskap og fødsel som lønsmottakarar.
- endre reglane for foreldrepengar slik at kvinner som låg an til å fullføre oppteningsperioden på 6 månader, men blir avbrutt på grunn av prematur fødsel, likevel får rett på foreldrepengar.
- auke kontantstøtta for barn mellom 1 og 2 år.
- at fosterheimar må få høve til å bruke kontantstøtte.

- at minoritetsforeldre utan tilstrekkelege norskkunnskapar som mottar kontantstøtte skal få norsk-opplæring der det blir lagt til rette for barnepass, utan at kontantstøtta blir redusert.
- sikre ein lovfesta rett for småbarnsforeldre i full jobb til å mellombels gå ned til 80 prosent stilling.
- syte for at alle par får tilbod om samlivskurs og forelderrettleiingskurs ved første svangerskapskontroll.
- at helsestasjon, barnehage og andre fagmiljø omkring småbarn informerer og rettleier foreldre om barna sine tilknytingsbehov.
- styrke tilbodet om parterapi/familieterapi og gjere dette til ein lovbestemt rett innan tre veker, slik ordninga er for mekling ved samlivsbrot.
- at lovverket skal bygge på prinsippet om at alle barn har rett til både ei mor og ein far, og i utgangspunktet bør få vekse opp med desse. Det må bli sett rammer for assistert befrukting og adopsjon som sikrar at barnet både får ein far og ei mor, og kan bli kjend med det biologiske opphavet sitt. Barna sitt beste skal ligge til grunn.
- at surrogati framleis skal vere forbode i Noreg, og at forbodet òg får verknad for norske borgarar i utlandet.
- arbeide for å nedkjempe den internasjonale surrogatiindustrien.
- etablere eit likeverdig foreldreskap i lovverket og difor fjerne pater est-regelen⁷.
- syte for at barna sin rett til å bli høyrtd blir tatt vare på i alle avgjersle og sakstypar i barnevernet og krevje at slik deltaking blir dokumentert.
- at fosterforeldre bli sikra likeverdige økonomiske rammevilkår.
- at fosterforeldre sine pensjonsvilkår skal betrast.
- at inntekta for fosterforeldre i kommunal og statleg regi skal bli pensjonsgivande.
- at dersom fosterforeldre mister inntekt/jobb, skal ikkje vederlag som fosterforeldre blir samordna med andre NAV-ordningar.
- at fosterheimskontraktane skal sikre betre rettar for foreldra og sikre barnet ei meir formell tilknytning til fosterheimen.
- at fosterfamiliar med barn med funksjonsnedsetjingar bli sikra gode og føreseielege rammevilkår.
- ha retningslinjer for kvalitetssikring, kontroll og avgrensing av utbyte for private aktørar.
- ha ein gjennomgang av bruken av tvang overfor barn i barnevernet seie omsorg og i fosterheim.
- at alle flyttingar og tilbakeføringar blir handsama i fylkesnemnd for å hindre utilsikta flyttingar for barn under barnevernet si omsorg.
- at sakshandsmings- og utgreiingstenester i hovudsak skal bli utført av kommune og Bufetat, og ikkje gjennom private aktørar.
- ha eit systematisk og betre samarbeid mellom barnevernstenesta og kommunehelsetenesta/spesialisthelsetenesta.
- at alle grunnutdanningar og vidareutdanningar som vedrører arbeid med barn, blir pålagt å inkludere kunnskap om seksuelle overgrep, vald og omsorgssvikt i sine fagplanar.
- at det må vere eit krav om relevant praksis i studium som kvalifiserer til jobb i barnevernet.
- at pålagte barnevernstiltak kan bli sett inn utan samtykke under svangerskap for å syte for tidleg hjelp og førebygge omsorgssvikt for nyfødte.
- at barn og unge som blir plassert i fosterheim eller institusjon så tidleg som mogleg får ei helsefagleg vurdering.
- lovfeste at inga omsorgsovertaking skal bli vedtatt utan at barnets eigen familie eller nære nettverk er vurdert.
- at det skal bli enklare å forlenge fosterheimsopphaldet etter fylte 18 år.
- sikre barnevernsbarn som treng det, ettervern fram til fylte 23 år.
- sikre ulike behandlingstilbod for personar som har utøvd vald i nære relasjonar.

⁷ Pater est-regelen (frå latin «far er», eigentleg kort for pater est quem nuptiae demonstrant, «han er faren som ekteskapet viser») er regelen om at ein går ut frå at ei fødande kvinne sin ektemann er far til barn født i ekteskap, med mindre han sjølv, mora, barnet eller tredjemann får fastslått ved dom eller truverdig erklæring at ein annan er faren.

Barnehagar som lar barn vere barn

Ein god barndom varer heile livet. Mange barn har store delar av kvardagen sin i barnehage. Barnehagen må difor ha eit innhald som er på barna sine premisser. Barnehagen skal vere ein trygg og god stad for små barn å vere, ein stad der barnet får utvikle seg gjennom leik, samspel og kreativ utfolding.

Valfridom for familiare

KrF meiner at alle barn over 1 år må få same retten til barnehageplass, uavhengig av når på året dei er født og ved kva alder familien ynskjer å bruke seg av barnehagetilbodet. Dette må ordnast gjennom eit regelverk som fungerer føreseieleg for både foreldre og barnehagar, gjennom fleire opptak i året. Opne barnehagar er eit viktig tilbod for familiare som ikkje har valt full barnehageplass, og er ein god integreringsarena. Gratis kjernetid i barnehage for 3-5-åringar frå familiare med lav inntekt er eit viktig tilbod.

KrF meiner det bør opnast for meir fleksible barnehagetilbod etter behov. Samtidig som at opningstider blir endra, er det viktig å avgrense kor lenge barna er i barnehagen gjennom ei makstid. KrF er skeptisk til at samfunnet skal overta endå meir av omsorgsoppgåvene frå foreldra. Det at barn skal få sove heime i si eiga seng er noko vi bør hegne om. KrF vil difor ikkje opne for nattopne barnehagar. Med barnehage på natt vil også småbarnsforeldre miste eit forhandlingskort mot nattarbeid. KrF vil gi ein lovfesta rett til einslege forsørgarar med barn under skulealder om å sleppe nattarbeid.

KrF meiner den inntektsgraderte foreldrebetalingssordninga bør sikre dei med lågast betalingsevne låg pris, og foreldre med låg inntekt bør betale enda mindre for ein barnehageplass enn i dag. Dette vil også føre til at fleire enn i dag får rett til redusert pris.

Innhald i barnehagen

KrF er opptatt av verdien av den norske barnehagetradisjonen, der barndommens eigenverdi og barns frie leik blir tatt vare på. Det er viktig at alle barn, uavhengig av om dei går i barnehage eller ikkje, blir tilbydt eit godt språktilbod. Barnehagen skal fremje barns utvikling ved å arbeide systematisk med språk og med sosiale relasjonar. KrF vil ikkje støtte ei utvikling av barnehagen i skulefagleg retning. Det er viktig at barn som treng det, får den nødvendige oppfølginga, samtidig som ressursane ikkje bli brukt på unødvendig kartlegging og byråkrati. Det skal ikkje bli sett mål for enkeltbarnet sitt utbyte eller påleggast meir kartlegging og dokumentasjon.

Kvalitet i barnehagen

Kvaliteten i barnehagen skal bli sikra med nok vaksne, nok barnehagelærarar og dermed med kompetanse og kunnskap, ikkje gjennom normer for læringsutbytte og standardisering. Normer for barns utvikling skaper ikkje kvalitet, og barn blir ikkje betre av å bli målt.

KrF meiner det må innførast ei bemanningsnorm og ei barnehagelærarnorm. Det vil sikre små barnegrupper og at personalet i barnehagen har god pedagogisk kompetanse. Det må bli sikra at vikarar blir sett inn ved sjukdom, slik at ikkje vaksentettleiken blir redusert. Barnehagane må ha gode inne- og uteområde som legg til rette for variert leik og fysisk aktivitet. Dei yngste barna treng små barnegrupper, dei treng å høyre til ei barnegruppe, og dei treng god tid til tilvenning.

KrF meiner det er viktig å legge til rette for ulike barnehagetilbod med tanke på organisering, storleik, pedagogisk profil og eigarskap. Dette gir eit viktig mangfald og valfridom for foreldra til å velje det barnehagetilbodet som passar best for sitt barn.

KrF vil

- innføre ei nasjonal norm for talet på barn per vaksne i barnehage.
- innføre ei barnehagelærarnorm på minst 50 prosent.
- auke rekrutteringa av barnehagelærarar, og spesielt mannlege.
- at barn skal ha rett til å høyre til ei barnegruppe.
- at barnehage, helseteneste og barnevern skal samarbeide meir systematisk og formalisert, slik at kunnskap om vald i nære relasjonar blir auka og bekymringsmeldingar blir sendt ved mistanke om omsorgssvikt eller overgrep.
- etablere eit kvalifiseringsprogram for ufaglærte i barnehagen.
- at helsestasjon, barnehage og andre fagmiljø omkring småbarn informerer og rettleier foreldre om barna sine tilknytingsbehov.
- legge til rette for eit variert barnehagetilbod, og at private og offentlege barnehagetilbod må få same offentlege tilskot.
- innføre ei ordning med søskenmoderasjon for kombinasjon av SFO og barnehage.
- gi rett til barnehageplass til barn som bur på asylmottak.
- at rammevilkåra for barnehagar skal legge til rette for opne barnehagar.

Ein skule for heile mennesket

Skulen er den viktigaste arenaen i samfunnet for læring og utvikling. KrF vil ha ein skule som i samarbeid og forståing med heimen utrustar barn til å møte livet. God læring er avhengig av både fagleg innhald, trivsel og rom for menneskeleg danning og utvikling. Den gode skulen oppnår lærelyst og meistring for alle elevar, uavhengig av personlege føresetnader.

KrF vil ha ein skule med eit bredt syn på kunnskap og kompetanse i tråd med UNESCOs fire søyler for læring⁸. Skulen skal gi læring for livet. Alle barn må bli sett og gitt høve til å utvikle seg og oppleve meistring. Alle elevar skal oppleve å få ansvar – og oppgåver som er tilpassa deira nivå.

Det er eit viktig mål at alle skal kunne lese, rekne, uttrykke seg munnleg og skriftleg og kunne bruke digitale verktøy når dei går ut av grunnskulen. På den måten kan dei bygge kompetansen sin vidare utfrå egne føresetnader og interesser. KrF meiner at skulen også skal romme kreativ utfolding og sosial, kulturell og etisk kompetanse. Vidare skal skulen stimulere nyfikenheit og utviklingstrang hos elevane. På den måten er skulen ein arena for livslang læring. KrF vil at sosial, kulturell og etisk kompetanse må bli rekna med som grunnleggande dugleik på linje med lesing, rekning, meistring av digitale verktøy og evne til å uttrykke seg skriftleg og munnleg. Vidare skal skulen stimulere nyfikenheit og utviklingstrang hos elevane.

Lærarane

Det er godt dokumentert at kvaliteten i utdanninga primært er avhengig av lærarane, kva kvalifikasjonar og pedagogiske evner dei har og korleis dei arbeider saman med kollegaer, med elevar og med elevane sine foreldre. Yrkesprofesjonalitet, yrkesstoltheit og yrkesetikk er vesentlege faktorar i lærarrolla. Lærarane må få tillit i utøvinga av yrket. Omfanget av rapportering og dokumentasjon må bli redusert, gjerast rasjonelt og opplevast nyttig av lærarar, elevar og foreldre. Slik kan tid bli frigjort til lærarane sine primæroppgåver. Lærarane må få større høve til å lære av kvarandre gjennom å ta del i kvarandre si undervising og førebuingar, på den einskilde skulen og på tvers av skular.

KrF ynskjer ei lærarutdanning som har fagleg og pedagogisk høgt nivå, og som gir studentane kunnskap om korleis barn lærer. Lærarutdanninga må vere skulenær. Når lærarutdanninga er utvida til ei femårig utdanning, må det først og framst gi rom for betydeleg utvida praksis og praksisnær pedagogikk med vekt på relasjonskompetanse, vurderingskompetanse og klasseleiing. KrF vil prioritere dette meir enn større fagleg fordjupning til eit nivå langt over det elevane er førutsett å lære i skulen. Det er viktig å rekruttere dei rette studentane til å bli lærarar – dei som har eit godt fagleg nivå og evnar å formidle kunnskapen til elevane. KrF vil strame inn krava i praksisperiodane med mål om at studentar som er lite eigna for læraryrket tidleg får råd om å velje ei annan utdanning.

Trygge og kompetente lærarar er den viktigaste nøkkelen til ein god skule. I dag sluttar 1 av 3 lærarar i løpet av dei fem første åra i yrket. Eit viktig tiltak for å forhindre fråfall og lærarmangel er god rettleiing for nyutdanna lærarar. Praktisk læring og rettleiing frå ein erfaren kollega gjennom det første året etter endt utdanning vil både sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke og bidra til å utvikle betre lærarar. Difor foreslår KrF ei lovfesta mentorordning for nyutdanna lærarar. God klasseleiing må bli stimulert gjennom lærarutdanninga, mentorordninga og ei systematisk etter- og vidareutdanning.

Skuleleiing

Ei god skuleleiing er viktig for å ta vare på både lærarane og elevane. Rektorar må sikre at skulen er ein god

⁸ UNESCO sine fire søyler for livslang læring: Elevane må lære å vite, å gjere, å vere og å leve saman. På engelsk: Learning to know. Learning to do. Learning to live together. Learning to be.

arbeidsgivar, at skulen har system for å avdekke og følgje opp mobbing, og at det er stor grad av erfaringsdeling. Samtidig som at lærarane skal få tillit, må vi sikre gode styringsverktøy som gjer at skuleeigaren kan sette inn gode tiltak for å møte ulike behov. KrF ynskjer ei styrking av etter- og vidareutdanning av skuleleiarar og meiner det bør bli oppretta regionale innsatsteam som kan bidra til å styrke skulane sitt systematiske arbeid ved langvarige resultat under gjennomsnittet i basisfag eller trivsel.

KrF vil ha ein skule som er verdistyrkt. Skulen skal ta fleire omsyn og fylle fleire mål enn det er mogleg å bygge inn i måleverktøy som kan summerast opp i talverdiar og statistikk. Målstyringa har fått eit omfang og skapt eit byråkrati i skulen som har gått ut over lærarane si tid til å følgje opp elevane og førebu undervisinga og skuleleiinga si tid til å drive pedagogisk utviklingsarbeid.

Verdiar i skulen

Dei viktigaste verdiane den norske skulen bygger på er omtalt i skulens føremålsparagraf. For KrF er det viktig at skulen skal bygge på grunnleggande verdiar i den kristne og humanistiske kulturarven vår. Skulen sin føremålsparagraf og læreplanane sin generelle del må i større grad bli gjenspegla i læreplanane i faga, og formidling av verdiar må vere ein naturleg del av undervisinga i alle fag. KrF ynskjer ein skule der det er rom for elevar som heile menneske, og også deira ulike religionar og livssyn. Elevar må ha rett til å bruke lokale i skuletida gratis, også til eigenstyrt religiøs aktivitet. Her må elevane også kunne invitere vaksne leiarar utanfrå som ressurspersonar utan at dette går ut over retten til lokale. Det må framleis vere rom for å kunne ha skulegudstenester der dette er ynskeleg, samtidig som det må bli sikra at elevar som ikkje ynskjer å delta på dette, må få eit fullverdig alternativt opplegg.

Heim-skule-samarbeid og sosial mobilitet

Barn presterer betre fagleg og utviklar seg betre sosialt når det er eit godt samarbeid mellom heimen og skulen. Eit godt heim-skule-samarbeid bidrar til at foreldra kan ta vare på ansvaret for oppsedinga av barnet sitt, også når barnet er på skulen. Heim-skule-samarbeidet må bere preg av felles mål, gjensidig forplikting og medverknad.

Ei rekke faktorar påverkar barn si læring, og den einskilde elev sitt sannsyn for å lukkast i skulen er sterkt knytt til sosial bakgrunn. Skulen kan ikkje åleine kompensere for sosial ulikskap, men er ein av dei absolutt viktigaste arenaene for sosial mobilitet. KrF meiner alle elevar skal bli sikra høve til å lukkast i skulen. Då må grunnskulen ha ein større utjamnande effekt, der dei som har utfordringar knytt til sosial bakgrunn og mindre høve for hjelp og støtte frå foreldre eller andre, likevel får høve til å lukkast og bruke evnene og ressursane sine. Fornyng og endring i skulen må vere erfarings- og kunnskapsbasert. KrF vil difor stimulere til pedagogisk forskning og utviklingsarbeid som kan gi innsikt i korleis vi sikrar ei god grunnopplæring for alle.

Gode læringsmiljø

Mange elevar slit med psykososiale problem. Det er viktig at dette blir sett og blir fanga tidleg opp i skulen, både for den einskilde eleven seie skuld og for det totale læringsmiljøet. Skulehelsetenesta er veldig viktig som eit lavterskeltilbod for barn og unge og er ein sentral del av godt førebyggjande arbeid. KrF vil styrke skulen med kompetanse frå fleire yrkesgrupper, som barnevernspedagoger, sosionomar, psykologar og vernepleiarar, og ikkje minst vil vi styrke skulehelsetenesta. Læraren må primært få vere lærar.

Opplæringslova gir elevar med særskilte behov rett til spesialundervisning. KrF vil arbeide for at elevar med særskilte behov får den opplæringa dei har krav på etter sakkyndig vurdering. Opplæringa skal elevane få av kompetente lærarar og ikkje av ufaglærte assistentar. Assistentar kan bidra til praktisk tilrettelegging og støtte i skulekvardagen.

Det er eit mål at ingen skal grue seg til neste skuledag av frykt for å bli mobba og oppleve krenkande åtferd. KrF vil trappe opp arbeidet for at skulen skal vere fri for alle typar mobbing. Det må vere nulltoleranse for mobbing på skulane, og alle mobbesaker skal gripast fatt i og få konsekvensar. Det viktigaste antimobbearbeidet i skulen startar med å formidle gode haldningar allereie i barnehagen og på småtrinnet. Det handlar om å skape eit inkluderande og positivt miljø. Foreldre har også eit stort ansvar. Mobbing og sosial ekskludering råkar altfor mange skulebarn, øydelegger oppveksten deira – og kan for ein del få store konsekvensar også seinare i livet.

KrF ynskjer å utvide ordninga med mobbeombod så det blir eitt i kvart fylke. Dette ombodet skal vere uavhengig av skuleeigarane og ha hovudsakleg to funksjonar gjennom å vere:

- Ein stad barn og foreldre vende seg til når dei opplever at mobbesaker ikkje blir gripen fatt i og gjort noko med frå skulen si side.
- Ein inspirator og fagleg pådrivar for godt førebyggjande arbeid mot mobbing på skulane.

Mobbeomboda skal altså både vere ein ressurs for skulane og ein instans der ein kan få hjelp i konkrete fast-låste saker. Mobbeombodet skal vere eit felles ombod for alle barn og ungdom under opplæring og utdanning i grunnskule og på vidaregåande nivå.

Høyre på elevane

KrF meiner det er viktig at elevane blir høyrde og kan påverke sin eigen kvardag. Elevråd bidrar til demokrati-opplæring og sikrar eit godt bindeledd mellom skuleleiing og elevane. Elevråd må bli sikra tid til å gjennomføre møter og informere elevane.

Norsk språk

Gode kunnskapar og dugleikar i norsk språk er vesentleg for å fungere godt i arbeids- og samfunnsliv. Språk er ein vesentleg del av den einskilde sin identitet. Alle norske elevar skal vere dugande i norsk skriftleg og munnleg når dei går ut av grunnskulen.

Undervisinga i sidemål må halde fram for å sikre at vi har to likestilte målformer også framover. KrF meiner elevane må bli introdusert for sidemål tidlegare i skuleløpet enn det som er tilfelle i dag. KrF vil sikre to likestilte målformer gjennom undervising og vurdering.

KrF vil

- sikre lærarane sitt høve for etter- og vidareutdanning.
- redusere omfanget av rapportering og dokumentasjon slik at lærarane kan bruke meir tid på elevane og på å førebu undervisinga og skuleleiarar på å drive pedagogisk utviklingsarbeid.
- syte for at lærarutdanninga gir god kompetanse både i bokmål og nynorsk.
- ha kompetanse frå fleire yrkesgrupper inn i skulen, slik at læraren får meir tid til å vere pedagog.
- redusere talet på konkrete kompetansemål som kvar elev skal bli vurdert etter.
- at det må bli sett av nok tid for lærarar til å gjennomføre utviklingssamtalar, foreldremøte og liknande.
- i større grad bruke praksisrettleiarane sin kompetanse og erfaring inn i sjølve lærarutdanninga.
- innføre krav om at rektorar skal ha både pedagogisk kompetanse og leiarkompetanse.
- sikre etter- og vidareutdanning for skuleleiing.
- innføre krav til at rådgivar har kompetanse innanfor rådgivning og at samarbeidet mellom ungdomsskule og vidaregåande skule blir styrka. Rådgivarar i skulen må bli sikra betydeleg meir tid til å halde seg oppdaterte på utviklinga innan utdanningsval og i yrkeslivet.
- innføre ei norm for talet på elevar per helsesøster, både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.
- legge til rette for eit aktivt elevdemokrati, og vidareutvikle dette til ein læringsarena for samfunnsdeltaking og medansvar.
- opprette regionale innsatsteam som kan bidra til å styrke skulane sitt systematiske arbeid ved langvarige resultat under gjennomsnittet i basisfag eller trivsel.
- opprette eit mobbeombod i alle fylker.
- innføre teiknspråk/teikn-til-tale som valfag i ungdoms- og vidaregåande skulen.
- følgje opp dei som ikkje møter opp til skulestart, mellom anna for å avdekke mistankar om tvangsekteskap.

Grunnskulen

For å sikre alle elevar ein god start på skulegangen må undervisinga i dei lågaste klassetrinna blir styrka. Tidleg innsats er avgjerande for å fange opp elevar som slit fagleg tidleg, og vil på lang sikt hindre stor bruk av spesialundervising og at elevar droppar ut av skulen. Undervisinga må så langt som mogleg vere individuelt tilpassa. For å sikre tidleg innsats må læraren få meir tid til å sjå og følgje opp kvar enkelt elev. KrF vil legge til rette for færre elevar per lærar. Vi vil innføre ein nasjonal norm for lærartettleik for heile grunnskulen, der vi gjennom ein 4-årig opptrappingsplan sikrar maksimalt 15 elevar per lærar i 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar per lærar i

5.-10. trinn. Ei lovfesta minstenorm for lærartettleik sikrar at dei samla lærarressursane passar til talet på elevar på skulen, uansett bustadskommune. Lærarane er skulens viktigaste ressurs, og KrF vil at barn, uansett kor i landet dei bur, skal bli sikra likare tilgang på denne ressursen.

Skulen må legge betre til rette for praktiske fag og praksisretting av teoretiske fag. Dette er spesielt viktig på ungdomstrinnet som har hatt for få moglegheiter til ei variert undervisning som sikrar ungdom grunnleggande dugleikar til ein yrkesfagleg skulegang. KrF meiner skulen i større grad må bli tilpassa elevane. Alle elevar bør ha høve til å ta enkeltfag på eit høgare nivå, og få undervisning i faget.

Ei kartlegging av elevane sine dugleikar er nødvendig for å kunne arbeide systematisk med å heve kvaliteten på innhaldet i skulen. Vektlegging av rangering mellom skular tar for stor merksemd, og har gitt uheldige utslag. KrF vil halde fram med karakterar i ungdomsskulen, men avviser karakterar i barneskulen.

KrF vil

- bruke ressursane på kvalitet og innhald framfor fleire skuletimar.
- innføre sosial, kulturell og etisk kompetanse som ein grunnleggande dugleik i skulen.
- at nye krav til lærarutdanninga ikkje skal ha tilbakeverkande kraft.
- auke vaksentettleiken i skulen slik at den einskilde læraren får meir tid med elevane, og innføre ei nasjonal norm for lærartettleik.
- syte for at elevar med særskilte behov får nødvendig spesialpedagogisk hjelp.
- auke bruken av newtonrom, vidareutvikle og styrke vitensentra, og opprette eit eige realfagsprogram som kan vekke nyfikenheit for å motivere fleire til å velje desse faga.
- styrke seksualundervisninga, og bruke eksterne aktørar som skulehelsetenesta i undervisninga.
- introdusere sidemål på mellomtrinnet.
- at skulen skal drive verdiformidling i tråd med formålsparagrafen i opplæringslova.
- halde kampen mot mobbing og kreinkande åtferd høgt på den politiske dagsordenen, og ha ei løpande vurdering av omfanget og effekten av dei tiltaka som bli sett inn for å sikre nulltoleranse mot mobbing.
- innføre eit undervisningsopplegg kalt «livsmeistring» med tema som personleg økonomi, samlivslære og kommunikasjon i nære relasjonar.
- gi eit godt SFO-tilbod, der frivillige og ideelle organisasjonar blir sloppen til for å gi eit tilbod med større breidde og variasjon.
- tilby elevar med kort butid i landet rett på kurs/sommarskule dei tre første åra etter starta skulegang.
- tilby elevar som ynskjer det, kurs/sommarskule i overgangen mellom 10. klasse og vidaregåande skule.
- at det i heile grunnskulen blir lagt til rette for meir praktisk læring og at det blir undervist meir praktisk teori.
- at 2. framandspråk skal inngå som valfag, og opne for å kunne tilby 2. framandspråk frå mellomtrinnet.
- innføre ei norm for talet på elevar per helsesøster i tråd med Helsedirektoratet si tilråding.
- gi skulane større handlefridom innanfor gratisprinsippet slik at skulen kan dra på leirskule, turar og organisere aktivitetar utanfor skulen, og bidra til at det blir oppretta økonomiske støtteordningar som sikrar at alle kan delta.
- at KRLE-undervisninga si vektlegging av ulike religionar skal ta omsyn til både dei ulike religionane si utbreiing i den norske befolkninga som heilskap og lokalt i klassen. Omlag halvparten av undervisninga skal vere om kristendom.
- legge til rette for at elevar skal få delta i skulegudstenester og andre aktivitetar som formidlar menneske si tru og kulturarv.
- at ein modul om KRLE skal vere obligatorisk i lærarutdanninga – både som grunnlag for undervisning i KRLE, og som føresetnad for å betre forstå elevar med ulike bakgrunnar.
- styrke symjeundervisninga på lave klassetrinn. Elevar som ikkje har nådd eit minimum av symjedugleik ved utgangen av 4. klasse får rett til ekstra opplæring.
- arbeide for at det blir sett av midlar på statsbudsjetta til rentefrie lån for bygging av nye symjeanlegg og opprusting av eksisterande anlegg.

- halde fram med, og ved behov utvide, ordninga med rentefrie lån til kommunane til vedlikehald av eksisterande og bygging av nye skulebygg.
- betre moglegheitene i ungdomsskulen for å ta fag frå eit høgare klassetrinn og vidaregåande skule.
- legge til rette for praktisk yrkesdeltaking for elevar som etter ungdomsskulen ikkje er klare for meir skulegang.
- at nasjonale prøver skal vere eit verktøy for utvikling av skulen til nytte for lærarar, elevar, leiing og skuleeigarar.
- gi tilbod om ei mindre teoritung og meir praktisk retta undervising i ungdomsskulen for elevar som slit, i kombinasjon med høvet til å bruke eit år ekstra på vidaregåande utdanning.
- gi foreldre tilbod om kurs og skolering som kan gi betre føresetnader for å følge opp barna si utvikling i skulen.
- auke kompetansen i bruk av digitale verktøy i undervisinga.
- gi alle elevar rett til undervising på målforma si gjennom heile grunnskulen.
- innføre «Friluftssekken» som eit tilbod til alle kommunar.
- at det skal vere mogleg å dele inn elevar etter nivå i einskilde temaer for å gi tilpassa undervising.

Vidaregåande opplæring

Målet for den vidaregåande opplæringa skal vere å førebu elevane for vidare utdanning eller arbeidsliv. Opplæringa skal ha høg kvalitet, vere bygd på næringslivet sine behov for kunnskap og kompetanse, og vere tilpassa den einskilde eleven sine behov.

Yrkesfagløft

KrF meiner det må bli tatt store grep for å hindre at elevar fell ut av den vidaregåande skulen. Utfordringa er spesielt stor på yrkesfagleg utdanning, og vi ynskjer difor eit yrkesfagløft og endringar i utdanningssystemet. Relevans og motivasjon er nøkkelfaktorar, og altfor mange yrkesfagelevar opplever undervisinga som teoritung og lite relevant. Altfor mange blir også gåande utan lærlingplass etter to års skulegang.

Samfunnet er i endring, og skulen må bli betre på å bruke teknologi og kompetanse for å betre elevane sitt læringsutbytte. Yrkesfaglege utdanningar vil berre bli meir viktige i tida framover, og KrF ynskjer difor eit yrkesfagløft. Læreplanane i fellesfaga må i større grad bli tilpassa yrkesfaga, og bli knytt tettare til den praktiske læringa. Det må blir lagt til rette for spesialisering tidlegare i utdanningsløpet, og tilbodsstrukturen må bli tilpassa kompetansebehovet i arbeidslivet. Yrkesfaglærarane må få tilbod om etter- og vidareutdanning, hospitering i arbeidslivet, og nødvendig pedagogisk utdanning. Dei som ynskjer det, bør også få høve til etterutdanning som gir undervisningskompetanse i fellesfaga. Praksisbrev må bli sikra som eit alternativ for elevar som ikkje er motiverte for å følgje ordinært utdanningsløp, og målet må vere at også desse elevane til slutt oppnår eit fullverdig fagbrev.

Det er avgjerande at ein evnar å lage ein tilbodsstruktur ved vidaregåande skular som er relevante for arbeid- og næringslivet. Då må dialogane med nærings- og arbeidslivet styrkast.

Fleire må fullføre vidaregåande skule

Oppfølginga av elevar som er i faresona for å droppe ut må bli betre, mellom anna ved å opprette innsatsteam på kvar vidaregåande skule for å følgje opp elevane og hjelpe dei tilbake til skulekvardagen.

Elevar utan tilstrekkeleg fagleg grunnlag etter ungdomsskulen må bli tilbydt eit alternativt løp i vidaregåande – med eit førebuande år eller faga fordelt på eit år ekstra. Elevar med liten motivasjon for ein teoritung skulekvardag bør også ha høve til å kombinere lærlingplass og skule gjennom heile vidaregåande. Nokre elevar bør kunne få tilbod om eit år med arbeidspraksis før dei eventuelt byrjar på vidaregåande. Det er ynskjeleg at dette skjer i regi av skulen i samarbeid med lokalt næringsliv og ikkje gjennom NAV, for å oppretthalde eleven si tilknytning til skulen. Denne moglegheita må også inkludere elevar med utviklingshemming og elevar med redusert arbeidsevne på grunn av kognitive utfordringar, forskjellige syndrom eller anna som påverkar evna deira til å ha nytte av eit vanleg skuleløp. Dette alternative opplegget må vere tilpassa moglegheita deira til læring og behov for praksis og rettleiing.

Det er viktig å rettleie og motivere elevar i ungdomsskulen til å velje riktig vidaregåande skule, for slik å hindre seinare fråfall. Rådgivningstenesta både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule må bli styrka.

Det er eit mål at elevane ikkje får altfor lang reiseveg til ein vidaregåande skule. Elevar som bur på hybel har større sannsyn for å ikkje fullføre vidaregåande. Fylkeskommunane sitt inntektsgrunnlag bør ha eit kriterium som gjer at det er mogleg å oppretthalde ein struktur der flest mogleg elevar i vidaregåande skule kan bu heime, spesielt det første året.

KrF meiner dagens regelverk og fråværsgrense i vidaregåande skule bør blir endra. Det må framleis vere ei fråværsgrense, men regelverket må ikkje vere for rigid, spesielt med tanke på krav til legeerklæring ved kortvarig fråvær. Det må vere rom for at rektor kan bruke skjønn, til dømes i samband med køyreopplæring. KrF vil jobbe for betre rutiner ved fråvær slik at skulk blir fanga opp, og at sårbare elevar får oppfølging.

KrF vil

- gi elevar utan tilstrekkeleg fagleg grunnlag etter ungdomsskulen høve til eit alternativt løp i form av eit førebuande år, faga fordelt på fleire år, eit praksisår før start på vidaregåande skule eller ein kombinasjon av læreplass og skule gjennom heile vidaregåande-løpet.
- vurdere om vidaregåande skule bør få ansvaret for å skaffe lærlingplasser og formidle plasser frå læreverksemdar til elevane.
- at vidaregåande skule skal ha oppfølgingsansvar for elevane også i lærlingtida, inkludert kontakt med læreverksemd og nødvendig oppfølging.
- at fellesfaga på yrkesførebuande utdanningsprogram blir meir praktisk orientert.
- auke lærlingtilskotet til eit beløp som svarer til kostnaden ved ein skuleplass i vidaregåande.
- at for å vere med i offentlege anbod, skal det vere krav om anten å ha lærlingar i verksemda eller at verksemda kan godtgjere tilstrekkeleg innsats for å skaffe dette.
- sikre tilgang til utstyr og verktøy tilsvarande det elevane vil møte i yrkeslivet.
- legge spesielt til rette for etter- og vidareutdanning for lærarar i yrkesfaglege utdanningsprogram.
- legge til rette for at lærarar på yrkesfag kan få etterutdanning som også gir undervisningskompetanse i fellesfaga.
- stille krav til fylkeskommunane om årleg kartlegging av behovet for lærlingar for å sikre riktig dimensjonering av studietilbodet.
- at retten til vidaregåande opplæring må bli utvida, slik at dei som har fullført eit yrkesfagleg utdanningsprogram, har rett til påbygging til generell studiekompetanse.
- at rådgivingstenesta, karriererettleiinga og samarbeidet mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule må blir styrka.
- at også lærlingar må få tilbod om rådgiving.
- vidareutvikle TAF-ordninga (teknisk allmenne fag), og sikre at TAF-elevar får ha elevstatus dei to første åra av utdanningsløpet.
- legge tilhøva betre til rette for teoretiske elevar, mellom anna gjennom å gjere det meir kjent at ein kan ta fag/kurs på høgare nivå.
- vidareutvikle entreprenørskap i skulen.
- at undervisningsmateriell for elevar med nedsett funksjonsevne skal vere klart til skulestart.
- at arbeid mot mobbing, valdsbruk og diskriminering må innarbeidast i undervisninga.
- at skuleeigaren skal ha ansvar for at elevar i vidaregåande skule har tilgang til helsesøster.
- at alle vidaregåande skular skal ha innsatsteam som kan følgje opp elevar som står i fare for å falle ut av vidaregåande.
- styrke PP-tenesta og gi dei rammer for å arbeide både individretta og systemretta.
- innføre ein fråfallspott sentralt som skular, kommunar, fylkeskommuner og andre kan søke tilskot til gode prosjekt for å hindre at elevar droppar ut av skulen.
- utvide bruken av lære kandidatordninga, for å sikre dei som treng det eit kompetansebevis på eit lavare nivå enn fagbrevet og dermed hindre fråfall.
- fjerne aldersgrensa for rett til vidaregåande og 5-årsgrensa for retten til å fullføre.
- at det for vaksne elevar utan fullført vidaregåande skule bli etablert samarbeid med NAV for å sikre finansiering og gjennomføringsprogresjon for desse.
- sikre høvet for å ta opp fag på ny i ordinær vidaregåande skule eller til dømes på sommarskule.

- legge til rette for eit betre samarbeid mellom vidaregåande skular og universitet/høgskular for å sikre ein saumlaus overgang til høgare utdanning for elevar med tilretteleggingsbehov.
- at landslinjene må bli sikra fullfinansiering av staten, samtidig som ein har ein gjennomgang av behovet for talet på landslinjer innanfor dei ulike fagfelta.
- sikre at utvekslingsorganisasjonar som opererer i Noreg blir underlagt strenge kvalitetskrav på innhald i programmet og oppfølging av elevane før, under og etter utvekslinga.
- sikre alle elevar høve til utveksling og at systemet for godkjenning av utdanningsår blir lettare.
- halde fram med, og ved behov utvide, ordninga med rentefrie lån til fylkeskommunane til vedlikehald av eksisterande og bygging av nye skulebygg.

Friskular

Friskular godkjent ut frå alternativ pedagogikk eller religiøst grunnlag er eit viktig alternativ og supplement til den offentlege skulen. Foreldre må ha rett til å velje ein annan skuletype for barna sine enn det som det offentlege tilbyr. Dette handlar mellom anna om retten til å velje oppseding i tråd med eiga overtyding. KrF vil ha ein formålsstyrt friskulelov som legg til rette for skular med alternativ pedagogikk, livssynsmessig grunnlag eller skular med ein spesiell eigenart som representerer eit alternativ til den offentlege skulen.

Det er viktig at friskulane bli sikra gode arbeidsvilkår og kan ha eit økonomisk fundament på nivå med offentlege skular. Alle kostnader, også hus- og investeringskostnader, må bli lagt til grunn for tilskotsberekninga. Friskulane må framleis bli sikra retten til å tilsette pedagogisk personale som står inne for den einskilde skulen sin eigenart.

KrF vil

- sikre retten til å starte og drive friskular basert på alternativ pedagogikk eller livssyn.
- ha ein formålsstyrt friskulelov.
- auke driftstilskotet til friskular.
- innarbeide huskostnader og investeringskostnader i tilskotsgrunnlaget.
- ikkje opne for at det skal kunne bli tatt ut utbyte frå friskular som mottar statstilskot etter friskulelova.

Eit framtidsetta kunnskapssamfunn

Høgare utdanning handlar om å danne og utdanne framtidens innbyggjarar. For å sikre framtidig utvikling og verdiskaping, vil KrF prioritere investering i kunnskap og forskning. KrF vil sikre kvaliteten i høgare utdanning ved å auke grunnløyvingane til utdanningsinstitusjonane. Skal Noreg i framtida vere eit konkurransedyktig kunnskapssamfunn, må vi løyve meir til forskning. KrF ynskjer å bygge høgare utdanning på den universitets- og høgskulestrukturen som er etablert. Kunnskap og kompetanse trengs i alle delar av landet. Det er eit offentleg ansvar å sikre lik rett til utdanning for alle.

Mange verksemdar skal levere produkt og tenester i ein globalisert marknad. Difor må høgare utdanning legge til rette for ein større grad av internasjonal utveksling av kunnskap, Studentar og tilsette. KrF meiner det bør bli lagt betre til rette for at ein større del av norske Studentar tar helgrads og delgrads studieopphald i utlandet. Vi ynskjer ei sterkare satsing på studiesamarbeid med ikkje-vestlege land.

Velferdssamfunnets framtid

For å løyse framtidens velferdsbehov er utdanningane våre veldig viktige. Dei skal skaffe kompetente arbeidstakarar til framtidens velferdsyrke. Dei skal gi oss kunnskap til å løyse vår tids utfordringar. Dei skal bidra til at nye verksemdar og næringar blir etablerte. Då må dei bli dimensjonerte til å fylle framtidens behov. Vi må også sjå på vekselverknader av ulike utdanningar. Til dømes vil elektro og innovasjon innan helse ha fordelar av samarbeid. KrF vil difor at det skal bli oppretta nye tverrsektorielle studietilbod.

Struktur i høgare utdanning

Universitets- og høgskulesektoren er i endring. Etter at vi fikk ei felles lov for universitet og høgskular, er mange av skilnadane mellom dei to institusjonsformane viska ut. For KrF er det viktig at den einskilde utdanningsinstitusjon får høve til å ta vare på og vidareutvikle sin eigenart, ikkje minst for å møte lokale og regionale behov for kunnskap og kompetanse. Det må også bli lagt til rette for gode studietilbod i distrikta. Sjølv om fagmiljø blir slått saman og institusjonar blir fusjonerte, er det viktig at det framleis blir lagt til rette for desentraliserte studietilbod. Finansieringssystemet må stimulere til kvalitet, også i profesjonsutdanningane. Vitskaplege høgskular er spydspissar på sitt område. Deira faglege spissing gir høve til høge leveransar innanfor eige fagfelt.

Fagskulane tilbyr yrkesfagleg høgare utdanning og bidrar med kompetanse som er etterspurt i alle delar av arbeidslivet. Difor må fagskulane bli løfta fram som ein viktig del av utdanningssystemet. Fagskulen har ei praktisk tilnærming til faga, og studia blir utvikla i tett samarbeid med aktørar i arbeidslivet. Fagskulane må bli sikra føreseieleg finansiering. For å sikre kvalitet i sektoren må det bli stilt krav knytt til organisering og pedagogisk personale ved fagskulane. Studentar ved fagskulane bør ha studentrettar på linje med studentar ved universiteta og høgskulane. Det må vere hensiktsmessige overgangsmoglegheiter mellom fagskular og anna høgare utdanning, og fagskuleutdanning bør gi tilleggspoeng ved opptak til universitet og høgskular.

Det er viktig å betre samhandlinga mellom grunnforskning, praktisk forskning, forskarutdanninga og næringslivet. Universiteta må ta større ansvar for innovasjon i nærings- og samfunnsliv, og bidra til at kunnskapen blir produsert og blir formidla på ein effektiv måte til bruk i næringsutvikling. Det er eit sterkt behov for fleire faste vitskaplege stillingar i sektoren. Samtidig med utvikling av spisskompetanse er det vesentleg at også universitets- og forskingsmiljøa legg vekt på allmennkunnskap, samfunnsforståing og danning.

Private høgskular er ein viktig del av det norske utdanningssystemet. Samfunnet vil ha eit auka behov framover for ei rekke av dei yrka dei private høgskulane utdannar til. KrF ynskjer at finansieringa av private høgskular og vitskaplege høgskular blir meir likeverdig med dei statlege institusjonane. Strategiske insentiv må bli tildelte universitet og høgskular etter same kriterium anten dei er statlege eller private institusjonar.

Forskingsinstitusjonane må ta eit større regionalt ansvar. Forsking og høgare utdanning av høg kvalitet er avgjerande for å sikre framtidens arbeidsplassar og for å fremje omstilling og verdiskaping i den norske økonomien.

Forsking

Samfunnet er i stadig endring, og det krev at vi må få ny kunnskap for å løyse nye behov og problem. KrF meiner at dei samla forskingsinvesteringane må ligge på 3 % av BNP innan 2030 og vil ha ein årleg opptrappingsplan for å nå dette målet. For å nå målet er det særleg forskinga i regi av næringslivet som må bli auka.

Høgare utdanning og forskning er ein berebjelke for å kunne møte framtidens utfordringar med gode løysingar. KrF meiner forskingsinnsatsen på klima, miljø og miljøvennleg energi isolert sett må bli styrka, samtidig som ei utvikling mot eit nullutslippssamfunn må vere eit tverrsektorielt satsingsområde. Teknologitviking er grunnleggande for alle tenestetilbod, og det må i større grad styrke kunnskapsoverføringa om teknologitviking mellom utdanningstilbod med dette som vektlegging og utdanningsprogram som vil ta i bruk dei teknologiske løysingane.

Forskingsinstitutta tilbyr praktisk forskning av høg kvalitet og relevans for næringsliv, forvaltning og samfunnet elles i eit oppdragsmarknad. Instituttsektoren har dessutan ansvaret for å utvikle kunnskap på nasjonalt prioriterte område, og skal ha ei rolle i innovasjon, spesielt med tanke på å koble grunnforskning og praktisk forskning. KrF vil framleis sikre ein mangfaldig og variert instituttsektor og vurdere om verksemder med høg FoU (forskning og utvikling) som SSB og Meteorologisk institutt bør bli rekna som ein del av instituttsektoren.

Ein større del av forskinga bør vere frie midlar og grunnforskings del må bli styrka. Det er ofte i den frie delen av forskinga at byrjinga til nye næringar og framtidsløysingar oppstår.

Det er ei stor utfordring å tilpasse verkemiddeldelapparatet slik at det er hensiktsmessig for verksemder å bruke. Spesielt er den omfattande søknadsprosessen og den høge delen avslag ein bremsekloss for at verksemder vil bruke tid på det. Tiltak KrF vil bruke for å auke forskingsinnsatsen i næringslivet er auka bruk og forbetring av SkatteFUNN, direkte finansiering av prosjekt, gaveforsterkingsordning, gaveprofessorater, sikring av nødvendig investeringskapital i verifiseringsfasen og auka bruk av offentlege og industrielle utviklingskontraktar.

Studiefinansiering og velferd

Gratisprinsippet er eit grunnleggande fundament i norsk høgare utdanning. Dette sikrar at alle, uavhengig av økonomiske ressursar, har høve til å ta høgare utdanning. For dei fleste studentar er husleige den største utgiftsposten i månaden. Det er viktig at studentar har ein trygg og rimeleg bustad, og utbyggingstakten av studentbustader må difor blir auka. KrF meiner det er viktig at studentar får eit reelt høve til å studere på heiltid. Studentars økonomiske situasjon kan både vere til hinder for og legge til rette for at alle skal ha høve til å starte på og gjennomføre ei høgare utdanning. Samanlikna med utviklinga av G (grunnbeløpet i folketrygda) har studiestøtta hatt ei mykje dårlegare utvikling enn den generelle velferdsutviklinga i Noreg. KrF vil difor knytte studiestøtta til 1,5 G slik at studentane seie studiestøtte utviklar seg i takt med velferdsutviklinga.

Det er viktig å sikre at alle studentsamskipnadene kan tilby eit psykisk helsetilbod til studentane sine. KrF vil at studentsamskipnadene sine tenester skal få trygderefusjonar på lik linje med statlege tilbod. Samtidig vil vi auke dei statlege overføringane til studentsamskipnadenes arbeid innanfor psykisk helse gjennom foretaka og utvide ordninga til å gjelde alle studentsamskipnadene som ynskjer det.

Kvar femte student har barn. KrF meiner at desse skal ha same høve til å ta høgare utdanning som alle andre. KrF vil difor utvide studiestøtta til 12 månader for denne gruppa. Samtidig vil vi sikre rett til permisjon for begge foreldra.

Etikk

Høgare utdanning har altfor lite innslag av etikk og samfunnsansvar i studia sine. Vi lever i ei verd som stadig blir meir komplisert, og dagens leiarar står overfor konfliktsituasjonar der fleire kulturar møtast. I møte med korrupsjon, menneskehandel, barnearbeid og miljøkriminalitet treng vi tilsette som har god etisk kompetanse, gode haldningar og kunnskap om kulturbygging. Morgondagens arbeidrarar treng etiske kompass og trening i etisk refleksjon.

Livslang læring

Kunnskap og læring skjer også utanfor skulesystemet. Det er ikkje berre formalkompetanse som skaper gode samfunn. Livslang læring gjennom samfunn og arbeid er viktig for KrF. Folkehøgskular, bibelskular, vaksenopp-læring og studieforbunda driv med viktig læring og kunnskapsutvikling som er viktige for samfunnet generelt og sivilsamfunnet spesielt. KrF vil legge til rette for auka samarbeid mellom offentlege, private og ideelle aktørar slik at fleire kan ta del i læringsaktivitetar der dei er.

Folkehøgskulane og bibelskulane er eit supplement til vidaregåande og høgare utdanning og betyr mykje for mange av dei som går der. Skulane må bli sikra økonomiske vilkår som gjer drift mogleg, og elevane må ha rett til støtte frå Lånekassen på linje med høgare utdanning. Bibelskular er både yrkesleverandørar og aktørar som aukar individet si moglegheit til tru og åndeleg fordjuping. KrF vil ha ein god og føreseieleg finansiering av desse skulane, og det må bli sikra at dei kan halde fram med sin eigenart og egne målsettingar.

KrF vil

- auke basisløyvingane til universiteta og høgskulane, og legge til rette for kvalitetsutvikling i heile sektoren.
- vurdere utviklingsavtalar mellom Kunnskapsdepartementet og dei ulike utdanningsinstitusjonane for å legge til rette for ei hensiktsmessig arbeidsdeling i sektoren og gi høgskulane betre høve til utvikling og satsing på sin eigenart, gjerne i auka samhandling med universiteta.
- at det bli oppretta fleire stipendiat-, post.doc.- og faste stillingar for å ta vare på og legge til rette for vidareutvikling av spisskompetanse.
- ha etikk integrert i alle studieprogram i høgare utdanning.
- at relevante masterstudium skal ha eige kurs i CSR (corporate social responsibility) og samfunnsansvar.
- at det blir tildelt meir til oppdatering av vitskapleg utstyr.
- ha ein realfagssatsing på alle nivå.
- styrke satsinga på entreprenørskap og matematikk-, natur- og teknologi (MNT)-faga i dei studieførebuande utdanningsprogramma og inn i høgare utdanning.
- arbeide for at det bli etablert fleire nye verksemdsmasterprogram og satse meir på nærings-Ph.D-ordninga, der verksemdstilsette tar ein ordinær doktorgrad med utgangspunkt i verksemdenes behov.
- at dei ulike utdanningsinstitusjonane, i eit samarbeid mellom fagstab, studentdemokratiet og den administrative eininga, bør utarbeide retningslinjer for kor mange studentar kvar undervisningstilsett kan ha ansvaret for innanfor dei ulike fagområda.
- at det skal utarbeidast ei autorisert omsetjing mellom utanlandske karaktersystem og det norske.
- at det skal gjerast enklare å få godkjent utdanning frå utlandet.
- greie ut høvet for å legge opp kurs eller ettårsstudier som personar med utanlandsk utdanning kan ta for å få denne utdanninga godkjent i Noreg.
- at det tydeleg blir definert nivå med omsyn til norskkunnskapar for framandspråklege fagpersonar som skal inn i yrke kor relasjonen til brukarane er sentral, slik som barnehagetilsette, lærarar og helsepersonell.
- legge til rette for at fleire skal få høve til vidareutdanning.
- arbeide for å få fleire vegar for andre yrkesgrupper inn i læraryrket (som til dømes ingeniørar).
- endre omgrepet for normert studietid og læringsutbytte ved fagskulestudier frå fagskulepoeng til studiepoeng.
- sikre offentleg støtte til oppretthalding og vidareutvikling av folkehøgskulane.
- oppretthalde og auke den offentlege støtta til studieforbund for å styrke og vidareutvikle dei som lærings- og utviklingsarena.
- legge til rette for at løyvingane til forskning i Noreg når opp til minst gjennomsnittleg OECD-nivå innan 2030 gjennom både å styrke den offentlege forskingsinnsatsen og å styrke næringslivets rammevilkår for forskning.
- fjerne utilsikta ulike rammevilkår for forskning mellom statlege og private forskingsinstitusjonar.
- auke offentlege midlar til grunnforskning, næringsretta forskning og forskning på tvers av fagdisiplinar.

- auke løyvingane til dei regionale forskingsfonda.
- sikre regional styring av dei regionale forskingsmidla.
- stimulere til auka kommersialisering av forskingsresultat ved universitet, høgskular og andre forskingsmiljø.
- verne om gratisprinsippet i høgare utdanning.
- at studentsamskipnadene sine tenester skal få trygderefusjoner på lik linje med statlege tilbod.
- at studiestøtta frå Statens Lånekasse for utdanning må blir auka til eit beløp tilsvarande 1,5 G (folke-trygdas grunnbeløp) per år.
- utvide studiestøtta til 12 månader i året for Studentar med små barn og sikre rett til permisjon for begge foreldra.
- gjere ordninga med gradert sjukemelding for Studentar permanent.
- gi studentsamskipnadene tilskot til 3 000 nye studentbustader i året.
- auke tilskotsrammen til bygging av studentbustader til minst 50 prosent av ein kostnadsramme på 850 000 i dei store byane og 750 000 elles.
- at studentar ved private universitets- og høgskulestudier som er NOKUT-akkreditert skal få studielån på lik linje med studentar ved offentlege institusjonar.
- at støtta frå Statens lånekasse for utdanning blir lagt til grunn som oppteningsgrunnlag for trygdeordningar dersom studenten ikkje får arbeid etter endt utdanning.
- auke dei statlege overføringane til studentsamskipnadene sitt arbeid innanfor psykisk helse gjennom foretaka, og utvide ordninga til å gjelde alle studentsamskipnadene som ynskjer det.
- at innføring av 11 månaders studiestøtte også skal gjelde for elevar ved folkehøgskulane.

Mangfaldig kulturliv

Kunst og kultur er ein viktig del av kristendemokratiets felleskapstanke. KrF legg kunsten og kulturen sin eigenverdi til grunn for prinsipiell og praktisk politikk. KrF vil føre ein kulturpolitikk som både tek vare på og fornyar, og som vidarefører verdier og tradisjonar. Menneske har både materielle grunnleggande behov og immaterielle behov som åndelege menneske. Kunst og kultur kan fylle ein viktig del av desse, difor er ei god kulturforvaltning viktig.

Vi omgir oss med kulturuttrykk heile tida. Arkitektur, skulpturar, maleri, utsmykningar, song, film og TV, bøker, poesi, musikk og teater. Vi tar det som ein sjølvfølge at dette finst, men ofte står ikkje kulturen fremst i rekka når økonomiske prioriteringar blir gjort. Gjennom kunsten og kulturen vert mennesket sine fasettar spegla. Difor er fri kunst og kunstens politiske uavhengigheit ein føresetnad for at menneske skal kunne gi uttrykk for sine følelser, tankar og idear.

Å stimulere til utvikling av kunst gjennom å gi kunstnarstipend, bygge kulturhus, skape utstillingsarenaer og gi rom for ulike kunstartar er særst viktig for eit demokratisk samfunn. KrF vil føre ein kulturpolitikk der kunsten og kulturen ikkje blir tatt for gitt, men der han blir stimulert og verdsett for sin eigenverdi.

Kulturomgrepet er vidt og rommar mykje. Vi kan dele omgrepet opp i bredde- og spisskultur, eller frivillig og profesjonell kulturutøving. KrF meiner begge delar er like viktige i ein samfunnsheilskap, og vi må difor legge til rette for både profesjonelle og amatørutøvarar. Mykje av kunst- og kultursektoren er i dag driven på dugnad og frivillig basis av sivilsamfunnet. Dette er bra og noko som det framleis bør bli stimulert til. Staten må sikre deltaking både for amatørutøvarar og profesjonelle mellom anna gjennom støtte til institusjonar og gjennom stipend. Dagens stipendordning er ikkje optimal, og bør difor bli gått gjennom for å sikre at pengane går dit ein ynskjer.

Kulturinstitusjonane er viktige møtepunkt og fungerer som det moderne samfunns grendehus. Det blir gjort eit viktig arbeid i lokalsamfunna, spesielt av frivillige. For eit framleis godt tilbod er det avgjerande at vi styrkar det lokale kulturlivet og institusjonar som til dømes kulturskulen, folkebiblioteka og den kulturelle spaserstokken og skulesekken. Desse har i liten grad fått del i dei siste åras generelle auke av kulturmidlar, samtidig som dei har fått nye oppgåver og forventningar.

KrF meiner den frivillige kulturaktiviteten treng støttespelarar i offentleg sektor for å kunne gjennomføre eigne aktivitetar. Offentleg og frivillig kulturaktivitet er avhengig av samarbeid med profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar, og dette vil KrF legge til rette for.

KrF vil ta vare på kulturens formidling, vern og vidareføring av materiell og immateriell kulturarv. For KrF er det viktig at kunsten får bli utvikla på eigne premiss og at den ikkje blir styrt frå det offentlege. Den har ein eigenverdi. Det offentlege skal legge til rette for at kunsten og kulturen kan utfordre, fornye og bevare.

Kunstnarisk og kulturarvsverksemd er også ein samfunnsbyggande kraft. Den gir grunnlag for demokrati og for sosiale fellesskap og for økonomisk verdiskaping gjennom kultur som næring.

Kulturverksemd fremjer demokratiet ved å gi møteplassar for offentleg samtale, ved å bidra til oppfyljing av ytrings- og informasjonsfridomen i samfunnet, ved å bidra til danning, ved å skape meningar som utfordrar til haldningar, ved at dei har ein siviliserande verknad og ved å bidra til «ueinigheitsfellesskapet».

Kulturelt mangfald er blitt eit meir framtrudande trekk ved det norske samfunnet. KrF vil arbeide for at dette betre skal speglast av i kulturlivet.

Nokon av dei mest omfattande endringane som har skjedd i kulturlivet dei siste tiåra dreiar seg om digitaliseringa av kulturproduksjon og kulturdistribusjon. Utstrakt bruk av ulovleg nedlasting og kopiering kan undergrave kunstnarane sitt inntektsgrunnlag. KrF vil verne om opphavsretten og sikre gode løysingar som tek vare på kunstnarane sine rettar.

Nasjonale mål for kulturpolitikken

Å oppretthalde og styrke den kulturelle infrastrukturen er ein viktig føresetnad for eit levande demokrati. Kunst og kultur er ein ressurs som er ulikt fordelt i befolkninga. Kulturpolitikken skal difor bidra til eit meir rettferdig fordelt kulturliv. Det må bli lagt til rette for eit mangfald av kunstnarar og kulturuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunne delta i kunst- og kulturlivet. Dei nasjonale måla for kulturpolitikken bør vere: demokrati, rettferd og mangfald.

Kulturein skal bli forvalta gjennom profesjonell, frivillig og amatørbasert kulturverksemd. KrF vil ha eit aktivt og mangfaldig kulturliv og vil støtte opp om det profesjonelle kulturlivet med tilhøyrande utøvarar og infrastruktur. KrF meiner at samfunnet skal bli bygd nedanfrå, og der speler det lokale frivillige og amatørbaserte kulturlivet ei stor rolle. Difor vil KrF gå inn for eit lokalt kulturløft.

KrF ynskjer ein kulturskule for alle, satsing på opne bibliotek som viktige kulturarenaer og møteplasser der folk bur, samt blomstrande kulturaktivitet og frivillig innsats mellom anna i korps og kor. Dette legg som premiss ein større merksemd og meir pengar også frå statleg hald. Desse midla bør særleg blir retta inn mot tiltak som:

- folkebiblioteka
- kulturskulane
- innføring av ein dirigentlønsordning
- øvings- og framføringshøve i det lokale kulturlivet

Samisk film er ein sterk kultur- og identitetsbærar. Samisk film har også eit stort potensial i den internasjonale marknaden, og det er dermed viktig at Internasjonalt Samisk Filminstitutt får årleg finansiering til samiske spelefilm og TV-serier.

Frå kulturell infrastruktur til kulturelt innhald og kunstnarisk kvalitet

Mange kommunar har fått sitt kulturhus. Nå må merksemda i større grad bli retta mot innhaldet i denne infrastrukturen. Trykket i kulturpolitikken må ligge på kulturproduksjon, kvalitet og publikum. Kulturinstitusjonane må i større grad stimulere den skapande kunstnariske verksemda. KrF vil legge til rette for auka samarbeid mellom kulturinstitusjonar og frie grupper.

Kyrkjene si rolle som tradisjonell kulturbærar

Forvaltning av ein bygningsmasse av særleg estetisk og arkitektonisk verdi spredt ut over heile landet er også ei viktig samfunnsoppgåve. Dei ofte rikt utsmykka kyrkjebygga har historisk vore blant dei viktigaste arenaene for befolkninga si tileigning av visuell kunst. Kyrkjene har spelt ei sentral rolle i utviklinga av landets musikkliv gjennom å bidra til utdanning og sysselsetting av profesjonelle musikarar. Salmesangen i kyrkjene danna mykje av grunnlaget for framveksten av korrørsla i landet.

I tillegg har kyrkjenes kunstuttrykk og kristendomen som premissleverandør inn i norsk litteratur og kunstuttrykk vore og er betydeleg. Denne historiske norske kulturarven vil KrF ta vare på og forvalte for framtidige generasjonar. Det har vore med å forme oss. Den kristne kulturarven har vore med på å forme det store Vi-et som nasjon, men også bunde oss saman som eit fellesskap globalt.

Det er i dag eit større mangfald i landet vårt. Det gjer oss rikare at nye kulturar og uttrykk møtest. Vår arv er med på å gi oss ei trygg verdiforankring i møte med nye kulturar.

KrF vil

- sikre kunstnarisk fridom frå politisk styring og eit mangfaldig kulturliv.
- ha eit lokalt kulturløft med styrking av folkebibliotek, skulebibliotek, kulturskular og frivillig kulturaktivitet.
- styrke kulturskulane som eit tilbod til alle som ynskjer det, og auke midla til pedagogisk utvikling.
- innføre ei lokal dirigentstøtteordning.
- sikre det frivillige kulturlivet gjennom ei systematisk budsjettauke som sikrar frivilligheita ein større del av tilskota til utøving, utvikling og opplæring.
- sikre formidlinga av kulturuttrykk som ikkje har eit kommersielt potensial.
- verne opphavsretten.
- doble tildelingsramma til Norsk Kulturminnefond.

- ha ei betydeleg auke av Riksantikvareins tilskotsmidlar.
- etablere betre støtteordningar for vedlikehald av verna private bygg og innføre endringar i skattesystemet som er til fordel for private eigarar av freda og bevaringsregulerte kulturminner.
- styrke finansieringsordningane for å ta vare på kyrkjebygga, og at staten skal overta vedlikehalds-ansvaret for alle middelalderkyrkjer.
- at staten må ta kostnadene ved kartlegging og utgraving av fornminner.
- verne og styrke norsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt.
- auke satsinga på kulturbasert næringsutvikling.
- at Kyrkjerådet skal få støtte til sin kultursatsing.
- sikre midlar til pilegrimsleiar og gamle ferdselsvegar.
- ta vare på den kristne kulturarven i møte med skule, samfunnsliv, næringsliv, sosiale tenester og lovverk.
- føre ein politikk på spel- og lotteriområdet som hindrar speleavhengigheit.
- styrke og vidareutvikle tilbod som fører kulturuttrykk ut der folk er, som «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken».
- styrke og vidareutvikle ordningar som gir auka kvalitet og aktivitet i kor og vokalensembler.
- styrke dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane.
- utvikle eit nytt profesjonelt kor som skal ha institusjonelle føresetnader til å drive stabil kunstnarisk verksemd på linje med dei profesjonelle orkestra.
- auke tilskotet til det frie scenekunstoffeltet.
- gjennomgå kunstnarstipenda og auke tilskota der det viser seg gunstig.
- sikre statleg støtte til dei regionale kompetansesentra for rytmisk musikk.
- bidra til eit mangfaldig litteraturtilbod gjennom å sikre vidareføring av fastprisordninga for sal av bøker.
- avvikle det avgiftsmessige skillet mellom papirbøker og e-bøker og innføre meirverdiavgiftsfritak også på e-bøker.
- legge til rette for at Internasjonalt Samisk Filminstitutt får laga fleire samiske spelefilmar og TV-serier.

Eit samfunn med plass for tru og livssyn

Eit godt samfunn har rom for heile mennesket, med den religiøse identiteten og det livssynet kvar einskild har. Eit slikt samfunn forsøker ikkje å presse religionen ut av det offentlege rommet, men leggje til rette for menneske sitt høve til å utøve trua si. Eit slikt samfunn verdsett trua si betyding for einskildmennesket og religionen si betyding for samfunnet.

Kulturtradisjon og trusopplæring

I Noreg har vi ein tusenårlang kristen kulturtradisjon. Kristne og humanistiske verdiar har lege til grunn for utforminga av det samfunnet vi lever i, og denne historiske plattformen for samfunnet vårt må vidareførast og bli verdsett. Samtidig har vi eit meir mangfaldig samfunn i dag enn nokon gong tidlegare. For å gi plass til det mangfaldet er det ein føresetnad at ein ikkje hindrar skilnader å vere synlege, men heller gi menneske høve til å kjenne røtene sine og vite korleis vår kultur er forma. På den måten kan vi stå støtt og trygt i møte med det ukjente og med kvarandre. Det er nødvendig å få kompetanse for å forstå det samfunnet vi lever i. For å få til det må religionsundervisninga på skulen ha stor vekt på kristendommen som på ein unik måte har forma historia vår og samfunnet vårt. Trussamfunna må få tilstrekkelege midlar til å drive med trusopplæring, og skulen må ta formålsparagrafen i bruk.

Trusfridom og trussamfunnas sjølvstende

Religions- og livssynsfridom er ein grunnleggande menneskerett og må ligge til grunn for religions- og livssynspolitikken. Reell trusfridom legg som premiss openheit for og gode rammevilkår for trussamfunna. Dette gjeld høve til å bygge gudshus, utøve tru og bruke religiøse symbol slik det er naturleg for den einskilde. Trus- og livssynssamfunn skal ha rett til å organisere seg ut frå sine egne premiss, og rett til fritt å velje leiarane sine. Minoritetar skal ikkje ha mindre rom for si tru og sitt livssyn enn majoriteten. Det inneber at minoritetar nokre gonger må ha høve til å kompensere for at dei fleste ordningar er forma for å passe majoriteten. Dette gjeld til dømes høve til å feire høgtider og tilgang på religiøst akseptabel mat.

Hatefulle ytringar som blir råka av straffelova og oppmoding til bruk av vald kan ikkje akseptast som ein del av fri religionsutøving i Noreg. Slike ytringar er går ikkje saman med dei fellesverdiane som den norske staten bygger på.

Samfunnet må leggje til rette for at barn og unge sin rett til åndeleg utvikling etter barnekonvensjonen blir oppfylt. Alle barn har rett til å ha ei tru og å leve ut trua si. Foreldreretten gir foreldra eit hovudansvar for å gi barna det beste dei har funne, også av livssyn. Dette må kombinerast med barnas rett til sjølv å ta val i tråd med barnets gradvise mogning.

I livets siste fase eller ved plutslege kriser ynskjer mange pasientar og pårørande å samtale med ein religiøs leiar eller mentor. Mange sjukeheimar og sjukehus manglar rutinar for kontakt med slike representantar frå andre trussamfunn enn Den norske kyrkja. Det bør bli etablert eit nettverk slik at institusjonane enkelt kan få kontakt med religiøse leiarar når pasienten ber om det. Det bør bli sikra gode strukturar i kommunal vernebuing for kontakt med representantar for trus- og livssynssamfunn i kriser med behov for kontakt med pårørande.

Retten til å utøve trua si omfattar også retten til å bygge eller leie forsamlingslokale. Støtteordningane til private kyrkjebygg og forsamlingslokale må halde fram og bli styrka og bli supplert med støtte til leie av lokale. Trussamfunn må bli omfatta av ei ordning med momsfratak for frivillige organisasjonar.

Elevar må ha rett til å bruke lokale i skuletida gratis, også til eigenstyrt religiøs aktivitet. Her må elevane også kunne invitere vaksne leiarar utanfrå som ressurspersonar utan at dette går ut over retten til lokale.

Den norske kyrkja

Den norske kyrkja har etter kyrkjeforliket framleis ei spesiell stilling og rolle i det norske samfunnet. Ho skal difor få ressursar som gjer at ho kan vere til stades i heile landet, utføre kyrkja sitt oppdrag og gi menneske gode tenester i alle livssituasjonar.

Trusopplæringsreforma er den viktigaste kyrkjelege reforma i nyare tid. Reforma har fornya folkekyrkja og har gitt gode tilbod til bredden av folkekyrkja sine medlemmer. Statens overføring til Den norske kyrkja må blir auka for å sikre at finansieringa av reforma er på eit nivå som gir eit godt tilbod til alle også nå når Den norske kyrkja ikkje lenger er ei statskyrkje.

For at Den norske kyrkja skal halde fram å vere ein landsomfattande folkekyrkje, er vi avhengig av ei preste-teneste i alle lokalsamfunn. Difor er det viktig å sikre eit tilstrekkeleg tal på prestestillingar.

Mange kyrkjebygg er prega av manglande vedlikehald og sikring, og er i særers dårleg forfatning. Samtidig er kyrkja eit av lokalsamfunna sitt viktigaste samlingspunkt. Trass i kommunane sitt klare ansvar for å vedlikehalde kyrkjene, meiner vi kyrkjene representerer så store nasjonale verdiar at det er nødvendig med eit statleg løft for å sette i stand freda og verneverdige kyrkjer.

Kyrkja si organisering og økonomi skal vidare utredast, og KrF vil legge stor vekt på kva kyrkja sine eigne organ tilrår. KrF sitt utgangspunkt er at Den norske kyrkja er eit trussamfunn, og at staten ikkje skal bestemme over indre saker.

Samtidig som Den norske kyrkja blir sikra plass som ei landsomfattande folkekyrkje, er det viktig for KrF å sikre at alle trus- og livssynssamfunn blir støtta på lik linje med Den norske kyrkja.

KrF vil

- sikre alle reell trus- og religionsfridom.
- legge til rette for dialog mellom menneske som tilhører ulike religionar og livssyn gjennom økonomisk støtte til paraplyorganisasjonar for trussamfunna.
- ha ein fullfinansiering av trusopplæringsreforma og sikre at små kyrkjelydar og trussamfunn får ein tilstrekkeleg del av midla.
- at Den norske kyrkja sin handlefridom skal bli sikra gjennom ein lov for Den norske kyrkja som gir kyrkja høve til å organisere sitt indre liv gjennom kyrkja sine eigne organ. Kyrkjeordninga må omfatte ei finansieringsordning som sikrar kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn likeverdig finansiering.
- vidareføre ordninga med at Den norske kyrkja har ansvaret for gravferdsforvaltinga.
- oppretthalde tilskotsordninga til private kyrkjebygg og andre gudshus og vurdere om løyvingane til ordninga er tilstrekkelege med tanke på auken i byggekostnader dei seinare åra.
- legge til rette for at det kan bli bygd fleire livssynsnøytrale seremonirom.
- sikre alle trussamfunn rett til å bestemme i lærespørsmål og tilsetjingar.
- sikre trussamfunn med vigselfrett framleis rett til ikkje å måtte vie i strid med si lære.
- sikre retten til å uttrykke tru gjennom bruk av religiøse symbol, smykke eller plagg i det offentlege rom så lenge dette ikkje er til hinder for læring, deltaking eller å løyse arbeidsoppgåver.-
- sikre alle elevar rett til å starte og drive elevstyrte livssynsbaserte aktivitetar som til dømes skulelag.
- utvide retten til uløna permisjon på heilagdaggar for religiøse minoritetar frå to til fire dagar årleg.
- at institusjonar som sjukeheimar, fengsel og sjukehus så langt det er mogleg skal servere mat som er akseptabel for religiøse minoritetar, og legge til rette for samtaler med representantar for trus- og livssynssamfunn.
- sikre at alle som mottar helse- og omsorgstenester får oppfylt sin rett til å praktisere si tru eller livssyn.
- at det jødiske miljøet i Oslo og i Trondheim og andre trussamfunn som opplever trugsmål skal få økonomisk støtte for sikringstiltak og vakthold i dei periodane det er nødvendig.
- at det framleis skal bli tilbydt rituell omskjering på gutteborn ved alle helseforetak.
- innføre tilbod om eit introprogram for religiøse leiarar frå utlandet.
- vidareføre teologi som universitetsfag og opne for ikkje-kristne formar for teologi om det er behov for det.

Frie og uavhengige medium

Reell ytringsfridom og ei fri og uavhengig presse er ein viktig føresetnad for eit sunt demokrati og ein levande samfunnsdebatt. Mediemangfald er viktig for å ta vare på demokratiske, kulturelle og språklege verdiar.

Medieområdet er i rask endring. Mediepolitikken må vere best mogleg tilpassa den digitale utviklinga. Aktørane må samtidig bli sikra stabilitet og føreseielege rammevilkår. KrF meiner det er viktig å ha eit sterkt allmennkringkastingstilbod, både i radio og på fjernsyn.

Pressestøtte

Pressestøtta er eit produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium. Produksjonstilskotet har etter KrFs syn to formål: å bidra til eit mangfald av små lokalaviser, samt stimulere til meningsmangfald i dei store byane. KrF vil halde fram med pressestøtta. KrF ynskjer ikkje å innføre eit statisk tak på produksjonsstøtta fordi dette vil avgrense moglegheitene til auka konkurranse i dei store byane og svekke meningsmangfaldet. Det ville også innebere ein straff for aktørar som eventuelt skulle lukkast med nye forretningsmodellar og auke sine opplag. Pressestøtta må i størst mogleg grad spegle pressa si dynamiske innretning.

Allmennkringkasting

NRK har ei viktig allmennkringkastarrolle og skal ta vare på kvalitet, kulturelt mangfald og tilbod til alle aldersgrupper. KrF vil hegne om NRKs allmennkringkastarrolle og rolle som lokal nyheitsaktør. NRK skal ha ein stabil og god finansiering som gir høve for utvikling. KrF meiner at NRK framleis skal finansierast gjennom lisensordninga. KrF vil sikre ein finansieringsmodell som tek vare på NRKs uavhengigheit, er langsiktig og framtidsretta, gir føreseielegheit for både NRK og lisensbetalerne, er ubyråkratisk og tek vare på ein sosial profil i større grad enn i dag.

KrF meiner det også er ynskjeleg at det blir opprettheldt eit kommersielt nyheitstilbod i fjernsyn ved siden av NRK. Det er viktig å legge til rette for føreseielege rammevilkår for ein slik kommersiell allmennkringkastar gjennom utlysing og avtale. Avtalen skal innehalde krav om hovudkontor i Bergen og daglege nyheitssendingar.

Barn og unge

Barn og unge må bli utrusta til å bruke teknologi på ein god måte. Det må jobbast med kritisk kjeldebruk, nettvett, og vern mot utnytting av barn gjennom nett og medium. KrF synest det er ei bra utvikling med tilrettelegging av nyheitsformidling for barn og unge. Vannskilleprinsippet⁹ må takast vare på vidare for TV og radio. Samtidig er barn og unges tilgang til nyheiter gjennom internett så utstrakt at vi må utruste dei til sjølv å vere kritiske til kva dei oppsøker og utfordre til eit sterkare redaktøransvar på nett.

Lokalradio og DAB

Framleis manglar store delar av Distrikts-Noreg tilgang til digital radio, og det betyr at folk i distrikta har eit dårlegare tilbod enn folk i sentrale strøk. Dette er uakseptabelt, og KrF vil jobbe for digital radio til alle.

KrF vil sikre dei mindre aktørane, nemleg lokalradioene, framleis gode levevilkår i åra framover. Det er eit tilbod KrF er opptatt av å ta vare på.

⁹ Vannskilleprinsippet inneber at visse typar program og innslag ikkje skal kringkastast før etter bestemte tidspunkt på døgnet. Det blir brukt særleg for å ta vare på barn og unge mot skadeleg medieinnhold.

Vi må framleis legge til rette for at lokalradioaktørane som framleis er på FM-nettet kan bruke sine ressursar på digitalisering og få høve til å gjennomføre eit teknologiskifte.

KrF vil ha ein overgangsordning for lokalkringkasting som støtter lokalradioar i overgangen til DAB fram til digitaliseringa av lokalradiosektoren har nådd eit tilfredsstillande nivå. Auka tilskot til forbunda, programverksemd, kompetansehevande prosjekt og utviklingsprosjekt vil bidra til at det gode og allsidige tilbodet som finst rundt om i landet kan halde fram.

Sosiale medium

Sosiale medium kan føre til positiv demokratisering og maktfordeling ved at nyheitsmedium og andre sterke aktørar kan møtast direkte med argument frå enkeltmenneske. Det er viktig at det ansvaret vi har etter norsk lov også gjeld våre ytringar på nett. Det må jobbast med rettar knytta til åndsverkslov og opphavsrett. Sosiale medium kan også vere ein arena for mobbing på nett. KrF meiner det må drivast aktivt haldningsskapande arbeid for å unngå anonym mobbing via applikasjonar og program.

Universell utforming

Målet om eit universelt utforma samfunn i 2025 set store krav til mediepolitikken. Dyslektikarar, synshemma, hørselshemma og fargeblinde sine behov må takast vare på. Talegjenkjenningsteknologi må bli brukt i større grad enn i dag. Alle norskproduserte filmar som får statleg støtte skal vere tilgjengeleg i teksta versjon.

KrF vil

- vidareføre pressestøtta for å sikre ein rik flora av både papiraviser og nettaviser som gis ut både nasjonalt, regionalt og lokalt.
- oppretthalde krav om bruk av nynorsk i media.
- vurdere tiltak som mogleggjer lokalaviser i Oslo.
- at arbeidet med å avklare redaktøransvaret for nettinnehald må intensiverast.
- styrke forbrukarrettane slik at reklame og sponning tydeleg må merkast.
- framleis ha forbod mot reklame retta mot barn.
- utarbeide ein handlingsplan for nettvett i skulen, og styrke organisasjonar som jobbar førebyggjande og for å hjelpe unge med problemstillingar knytta til Internett.
- verne barns rettar til ikkje å bli eksponert mot eigen vilje.
- at organisasjonar som «Slettmeg.no», «Barnevakten» og liknande må få økonomisk støtte.
- pålegge alle mobiloperatørar og nettleverandørar å tilby filter som sperrar pornografi på nett-tjenester utan ekstra kostnader for kunden. Foreldre skal kunne velje eit slikt filter på barna sine mobiltelefonar.
- ikkje opne for politisk TV-reklame.
- gjennom internasjonale politiske organ arbeide for forbod mot TV-reklame for spel som til dømes nettpoker og bingo på nett for å avgrense speleavhengigheit.
- styrke politiets arbeid med nettovervåking og høve til å følgje opp lovbrudd på nettet.
- auke statens bidrag til utbygging av fibernett i område utan kommersiell interesse.

Idrett og friluftsliv for alle

Idrett er meistring, folkehelse, kultur, underhaldning og næringsverksemd. KrF vil sikre gode og føreseielege rammevilkår for idretten i Noreg. Idretten er Noregs største folkerørsle, og KrF vil spesielt stimulere det frivillige engasjementet og legge til rette for breidde og mangfald i norsk idrett. Aktivisering og gleda ved å meistre, vere i rørsle, prestere og kanskje konkurrere, er grunnleggande i arbeidet med idrett. KrF vil at menneske i alle aldersgrupper, livssituasjonar og med alle slags fysiske føresetnader skal kunne oppleve dette.

Barn og ungdom må få oppleve læring, meistring og idrettsglede, både gjennom organisert idrett og uorganisert aktivitet på plassar tilrettelagt for dette. Samtidig må det leggast til rette for ungdom og vaksne utanfor den organiserte idretten, slik at dei kan drive med idrett tilpassa eige ambisjonsnivå, at allemannsretten får gjelde og at turområde blir halden ved like både sommars- og vinterstid.

Idrett for funksjonshemma spenner på lik linje med den øvrige idretten, over alt frå profesjonell toppidrett til enkel trim for eldre. Noko av denne idretten krev spesiell tilrettelegging og støtte, men vi vil samtidig stimulere til ei størst mogleg integrering av funksjonshemma i ordinære aktivitetar og arrangement.

Idrettsanlegg

Tilgangen til idrettsanlegg er ei av idrettens største utfordringar. For mange idrettar er anlegga kostbare å bygge, drive og vedlikehalde. I mange kommunar er anlegg den største begrensninga, og det blir operert med ventelister og avgrensingar i treningstid. KrF meiner at bygging, drift og vedlikehald av anlegg er godt eigna for samarbeid mellom det offentlege og private. Lokale anlegg for barn og ungdom bør i hovudsak finansierast med offentlege midlar, medan drift gjerne kan gjerast av idrettslag og organisasjonar. Anlegg for toppidrett og meisterskap må i stor grad kunne drivast kommersielt. Offentlege investeringar i slike anlegg og arrangement må vere betinga av at tilsvarande inntekter blir generert, alternativt at anlegga også kan bli brukt av masseidretten. Tippemidlar til idrettsanlegg og arrangement må ha som føresetnad at desse skal vere rusfrie soner.

Statlege tilskot må vere prega av langsiktigheit og føreseielegheit. Det er eit stort etterslep i utbetalingane av spelemidlar til idrettsanlegg. Dette er ein stor utryggleik for kommunar og lokale idrettslag. KrF meiner det må bli større føreseielegheit ved bygging av idrettsanlegg.

Friluftsliv og fysisk aktivitet

Friluftsliv har lange og sterke kulturtradisjonar i Noreg. Det er viktig å løfte fram naturens rekreasjonsverdi og stimulere til naturglede og aktiv bruk av skog og mark. Høve for ferdsel og bruk av naturområda er viktig for trivsel og velver.

Det bør blir lagt fram ein nasjonal handlingsplan med sikte på å styrke det samla friluftslivsarbeidet og friluftslivet si rolle i folkehelsearbeidet. Arbeidet med handlingsplanen bør skje i nært samarbeid med dei sentrale friluftslivsorganisasjonane.

Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og livskvalitet. Det kan legges grunnlaget for å halde fram med idrett og aktivt friluftsliv – både organisert og uorganisert. KrF ynskjer difor å innføre ein time fysisk aktivitet kvar dag i skulen og ta i bruk lokalmiljø og natur som læringsarena.

Svømming

KrF meiner det er viktig å legge til rette for at alle norske barn lærer å svømme, og difor er det nødvendig med tilstrekkeleg kapasitet på svømmebasseng i tilknytning til skular rundt om i landet. KrF meiner det skal bli sett krav om at svømmeundervisninga ikkje kan avsluttast før elevane har nådd kompetansemåla og har gjennomført nasjonal prøve i svømming.

Doping

KrF støtter arbeidet for ein dopingfri idrett både i den organiserte og den uorganiserte idretten, og forbod mot doping i all idrett. KrF meiner at implementering av norske bestemmelsar om doping skal vere ein føresetnad for statleg støtte til idrettsarrangement arrangert av kommersielle aktørar.

KrF vil

- gi frivillige organisasjonar, mellom anna idrettslag, fullstendig fritak for moms.
- satse aktivt på utbygging av lokale idrettsanlegg, og lette tilgangen til bruk av kommunale og fylkeskommunale anlegg.
- la enkle aktivitetshallar som krev minimalt av investerings- og driftsutgifter komme inn under tilskotsordninga.
- sikre større føreseielegheit for kommunar og lokale idrettslag ved utbygging av idrettsanlegg.
- ha eit anleggsløft der anleggskapasiteten er lågast.
- innføre fullt momsfritak for bygging av idrettsanlegg og at ordninga blir regelstyrt.
- bevare og styrke einerettsmodellen som ein langsiktig og føreseieleg finansieringsmodell for norsk idrett og frivilligheit.
- at idretten og idrettsarenaer, inkludert tribunar og tilskodarplassar, skal vere alkoholfrie soner.
- styrke samarbeidet mellom skule og frivillig idrettsarbeid.
- legge til rette for ein time fysisk aktivitet i skulen kvar dag.
- at alle kommunar skal ha tilfredsstillande tilbod til svømmeopplæring, og at opplæringa ikkje skal avsluttast før kompetansemåla er nådd.
- styrke aktivitetstilbod og legge til rette for friluftsliv i regi av friluftslivsorganisasjonar og friluftsråd.
- sette i verk ulike stimuleringstiltak for å støtte idrettens arbeid med å innlemme ulike grupper med spesielle behov i idretten.
- sikre eit tilstrekkeleg tal på timar med BPA til deltaking i idrett og fritidsaktivitetar, uavhengig av kva kommune den einkilde bur i.
- jobbe for nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, etnisk bakgrunn, funksjons- evne, livssyn eller seksuell orientering.
- gi ekstra støtte til idrettslaga sitt integreringsarbeid, og gjere det enklare for flyktningar og innvandrarar å få økonomisk støtte til å delta i aktiv idrett.
- jobbe for å få fleire internasjonale meisterskap og arrangement til Noreg.
- styrke arbeidet mot doping.
- legge om skattefritaket for trening i arbeidstida slik at også trening utanfor verksemda sitt eigne lokale blir omfatta av ordninga.
- arbeide for eit forbod mot profesjonell boksing.

Human, ansvarleg og rettferdig innvandringspolitikk

Vi har eit ansvar for å handle når nokon lid nød uavhengig av kven dei er, kor dei kjem frå og korleis dei har valt å leve liva sine. KrF meiner det er ein verdi at folk skal kunne bevege seg så fritt som mogleg. Samtidig er det nødvendig å regulere innvandringa av fleire grunnar, mellom anna for å ta vare på behovet for ei god integrering av dei som kjem.

Noreg spelar ei viktig rolle i den internasjonale handteringa av større rørsler av menneske over landegrensar. Menneske som kjem til Noreg er viktige ressursar for vårt samfunn, og må raskt integrerast og inkluderast i lokalsamfunna i landet. Det er samtidig viktig at innvandringa blir regulert og at asylinstituttet blir oppretthalde, slik at vi sikrar god integrering av dei som skal bli i Noreg. Det internasjonale samarbeidet må bli styrka slik at ikkje nokon få land tar ein uforholdsmessig stor del flyktningar, og for å sikre at fleire bidrar med støtte til nær-områda. Noreg bør delta aktivt i eit forpliktande europeisk samarbeid om fordeling av flyktningar og asylsøkjjarar mellom europeiske land. Noreg må støtte FN's høykommisær for flyktningar både politisk og økonomisk, og høykommisærens anbefalingar bør i all hovudsak følgjast.

Asylsøklarar og mottakssystemet

KrF meiner Noreg skal ha ein human, rettferdig og internasjonalt ansvarleg asylpolitikk. Det inneber at asylsøklarar som har reelt beskyttelsesbehov raskt skal få opphald og bli busett i ein kommune, og at asylsøklarar utan grunnlag for beskyttelse raskt får ein utreisefrist og informasjon om moglegheitene ved frivillig retur. Dersom ein asylsøkar med avslag på sin søknad ikkje drar innan utreisefristen, skal det bli tatt i bruk tvangsretur.

Det er viktig med ei effektiv og rask behandling av asylsøknader, slik at asylsøklarane på eit tidleg tidspunkt får avklart situasjonen sin. Asylsøklarar må på eit tidleg tidspunkt få god informasjon om det norske regelverket.

Store asyltilkomster reduserer lands vilje til å kunne ta imot kvoteflyktningar. Noreg må arbeide for internasjonale løysingar som motverkar bruken av livsfarlege flyktningruter og forhindrar menneskesmugling. Det bør mellom anna bli oppretta felleseuropeiske senter i nærområda til land mange er på flukt frå, der flyktningar kan få sin asylsøknad vurdert utan at dei først blir tvungen ut på lange, farefulle reiser. Det er nødvendig å sikre eit system som gjer at flyktningar med størst behov for beskyttelse blir prioritert for gjenbusetting og at forholda i nærområda forbetrast slik at menneske er i tryggleik i nærområda. Noreg bør vere ein pådrivar for å hjelpe flyktningar i deira nærområde gjennom bistand til husly, grunnleggande helsehjelp og skulegang. Det bør også bli etablert ordningar som sikrar at flyktningar kjem i arbeid og aktivitet den tida dei søker tilflukt i naboland.

Skal vi lukkast med integreringa, må den starte frå dag éin. Ofte tar det tid frå søknaden blir innvilga til ein blir busett i ein kommune. I slike situasjonar er det viktig å starte integreringa i mottaket i form av obligatorisk språkopplæring og undervising i samfunnsfag. Det bør bli lagt til rette for arbeid og aktivitet gjennom å senke terskelen for å få mellombels arbeidsløyve og ved eit nært samarbeid med frivillig sektor. Den byggtkniske standarden på asylmottaka er i dag særst dårleg og må difor bli heva. Høvet for at asylsøklarar kan bidra i små oppgraderingar må bli vurdert for å bidra til aktivitet i mottaka.

Fridomsfrårvøving er den sterkaste inngripenen i enkeltmenneske sin fridom. KrF meiner difor internering/fengsling berre skal bli tatt i bruk der det ligg føre straffbare handlingar til grunn for avslaget. Alternativ til fengsling må alltid bli vurdert. KrF meiner det skal bli brukt andre alternativ enn internering for barnefamiliar ved tvangsretur. Dersom barnefamiliar eller einslege mindreårige asylsøklarar skal internerast, skal dette skje på eige utreisecenter tilpassa deira behov.

Barn som søker asyl

Barna får ofte rask tilknytning til lokalsamfunnet. Barn som kjem saman med familien sin er spesielt utsett når behandlinga av asylsøknaden tek lang tid. Difor er det avgjerande med ei effektiv saksbehandling for denne gruppa. Barn skal ikkje lide for foreldre sine feil eller at myndigheitene bruker lang tid på å avklare saka til familien. I situasjonar der barn har fått ei sterk tilknytning til landet skal dette gi grunnlag for opphald i Noreg.

Einslege mindreårige asylsøklarar er ei spesielt sårbar gruppe. Dei har ofte vore gjennom særtraumatiske opplevingar i heimlandet eller på reisa, og har eit stort behov for eit trygt og godt omsorgstilbod. Årleg forsvinn rundt 100 barn og ungdommar frå asylmottaka, og dette er uakseptabelt. Ungdommane kan bli trekt inn i kriminelle miljø, bli utnytta eller utsatt for kriminelle handlingar, som til dømes menneskehandel. Einslege mindreårige asylsøklarar med mellombels opphald eller med avslag er spesielt sårbare for rekruttering, fordi dei ofte er prega av manglande framtidsutsikter og samtidig ser det som uaktuelt å vende tilbake til heimlandet. KrF ynskjer difor å styrke omsorga rundt desse barna gjennom at barnevernet overtar ansvaret for alle einslege mindreårige asylsøklarar.

Overføringsflyktingar

Overføringsflyktingar (kvoteflyktingar) er menneske som er spesielt sårbare i flyktingleirar og i konfliktramme områder. KrF meiner dette er ei ordning som sikrar at dei menneska som har størst behov får komme til eit trygt land, og vi meiner Noreg til kvar tid må vurdere talet på kvoteflyktingar som Noreg skal ta imot og kva land som skal prioriterast basert på UNHCRs anmodningar og i tråd med våre internasjonale forpliktingar.

Familieforeining

KrF ynskjer å legge til rette for at familiar skal kunne leve saman, og at prosessen fram mot opphaldsløyve er ryddig, rask og effektiv. Lang ventetid for familieforeining gjer at familiar over lengre tid blir holdt avskilt, og at liva blir sett på vent. KrF vil intensivere arbeidet for å redusere sakshandsamingstida for familieforeining.

Forfylgning på grunn av tru og livssyn

Sjølv om retten til å ha, velje, gi uttrykk for, utøve og skifte religion er godt forankra i menneskerettane, er røynda i mange land i verda langt frå fri utøving av religion. Forfylgning på grunn av tru og livssyn er eit aukande problem verda må ta omsyn til. Kompetansen på trusforfylgning og konvertittar bør blir styrka i utlendingsforvaltninga. Noreg har plikt til å gi beskyttelse til dei som har ei velgrunna frykt for forfylgning på grunn av si tru eller overtydning ved retur til heimlandet.

Det er særst viktig å sikre beskyttelse av religiøse minoritetar på mottaka, mellom anna gjennom å vere oppmerksom og lydhøyr for deira situasjon og ved å gi klar informasjon til alle som bur på mottak om at trusfridom gjeld alle, også med tanke på å skifte religion.

Arbeidsinnvandring

Talet på innvandrarar som er i Noreg som arbeidsinnvandrarar er mange gonger større enn talet på menneske som kjem til Noreg på flukt. Arbeidsinnvandring er positivt for det norske samfunnet, i form av større mangfald og breiare kompetanse. I ei stadig meir globalisert verd må vi legge til rette for at folk kan bevege seg over landegrensar.

KrF vil

- redusere sakshandsamingstida for asylsøknader og familieforeining.
- at talet på overføringsflyktingar følgjer anmodningar frå UNHCR.
- at menneske med medisinske behov, kvinner og barn, personar med nedsett funksjonsevne og sårbare minoritetar blir prioritert ved utveljing av overføringsflyktingar.
- at FN's barnekonvensjon og prinsippet om barns beste skal vere styrande for asylopolitikken.
- sikre asylsøklarar rettleiing og informasjon gjennom heile søknadsprosessen.
- at det blir oppretta hurtigløp for asylsøklarar med stort sannsyn for opphald og stort sannsyn for retur.
- sikre asylsøklarar som mest sannsynleg vil få innvilga opphald, høve for å starte norskopplæring og integreringsprogram i påvente av endeleg vedtak, medan søklarar som med all sannsyn ikkje får opphald, får anna tilbod.

- at Noreg må bidra meir aktivt for å ta vare på tryggleiken til forfylgde kristne og andre religiøse minoritetar som er forfylgd på grunn av trua si.
- at religiøs tilknytning skal bli gått gjennom i første asylintervju.
- at alle konverteringssaker blir behandla i nemndmøter med personleg oppmøte.
- styrke og sikre tolketenesta.
- styrke tilbodet om fri rettshjelp for asylsøkjjarar.
- at internering blir avgrensa til berre dei tilfella der det ligg straffbare handlingar til grunn for avslaget.
- at det blir oppretta eit eige utreisesenter for barnefamilier og einslege mindreårige asylsøkjjarar.
- at asylsøkjjarar som har sannsynleggjort identiteten sin, skal få mellombels arbeidsløyve medan asylsøknaden blir behandla.
- fjerne adgangen til midlertidige tillatelsar i samsvar med utlendingsføresegna § 8-8 for einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 16-18 år. Ungdommane må anten returnerast til omsorgspersonar i heimlandet ved hjelp av ordningar for frivillig retur eller få ordinær tillatelse etter utlendingslova § 38.
- at det blir innført ei bemanningsnorm på mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar.
- gå tilbake til ein refusjonsordning for tenester til einslege mindreårige asylsøkjjarar og at refusjonen blir sett til 90 %.
- at det blir utvikla og implementert kartleggingar ved alle asylmottak for å avdekke sårbarheit hos einslege asylsøkjande barn.
- opprette uavhengige tilsyn i mottaka for einslege mindreårige asylsøkjjarar.
- opprette team mot menneskehandel som kan oppdage ofre og forhindre at barn blir utsett for menneskehandel eller rekruttert til kriminelle miljø frå mottak.
- at barnevernet overtar omsorgsansvaret for einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 15 og 18 år.
- at Noreg skal bidra til utviklinga av eit internasjonalt regelverk for menneske som er på flukt på grunn av klimaendringar.
- at personar som bli dømd for vald mot ektefelle som er komne til Noreg ved familieetablering, skal miste retten til ny familieetablering ved eit seinare høve.
- at personar som har mellombels opphaldsløyve gjennom familieforeining eller familieetablering og som det er sannsynleggjort at er ofre for vald og overgrep, skal få opphaldsløyve.
- innføre andre straffereaksjoner enn utvisning ved brot på utlendingslova.
- at UNE ikkje skal kunne instruerast for å sikre deira uavhengigheit som klageorgan.
- at dagens anbudssystem for asylmottak bør blir endra, og det bør bli stilt meir definerte krav til kvalitet.
- auke integreringstilskotet.
- at det blir åpna for sjølvbusetting, men med unntak i einskilde område.
- at papirløyse skal få tilgang til helsehjelp utover akutt hjelp.
- at familieforeining også skal gjelde søsken med særskilt psykiske eller fysiske behov i første ledd når økonomiske krav er innfridd.

Artikkel 14.1 i FNs verdserklæring om menneskerettar:

Kvar og ein har rett til i andre land å søke og ta imot asyl mot forfylging.

Nokre viktige begrep:

Asyl: *Fristad for personar som er flyktningar i flyktningkonvensjonens forstand. Dei som får innvilga asyl i Noreg, får arbeids- eller opphaldsløyve som danner grunnlag for busettingsløyve.*

Asylsøkjjar: *Person som ber myndigheitene om beskyttelse og anerkjening som flyktning. Personen kallast asylsøkjjar inntil søknaden er avgjort.*

Flyktning: *I alminneleg norsk språk blir omgrepet brukt om personar på flukt av ulike årsaker, til dømes krig, urolegheiter, menneskerettsovergrep eller miljøkatastrofer. I fagterminologi betyr det ein person som har fått asyl i Noreg og som fyller kriteriene i flyktningkonvensjonen.*

Innvandrar: *Innvandraromgrepet er avgrensa til å gjelde utanlandskfødte personar med to utanlandskfødte foreldre. Barn av innvandrarar, født i Noreg, fell utanfor denne definisjonen. Dei er samtidig ei undergruppe av kategorien personar med innvandrarbakgrunn.*

Opphald på humanitært grunnlag: *Samlebegrep på fleire typar løyver til å opphalde seg i Noreg, som blir gitt etter ein individuell vurdering til personar som ikkje fyller krava for å få asyl. Opphald på humanitært grunnlag blir gitt til personar som har behov for internasjonal beskyttelse eller når sterke menneskelege omsyn taler for at dei bør få bli i landet.*

Overføringsflyktning: *Omgrepet bli brukt i utlendingslova om flyktningar som får komme til Noreg gjennom eit organisert uttak, vanlegvis i samarbeid med FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Stortinget, etter forslag frå regjeringa, set fast ei treårig kvote for kor mange overføringsflyktningar som kan bli tatt imot i Noreg.*

Integrering og inkludering i fellesskapet

Velfungerande integrering og inkludering avheng både av god eigeninnsats frå den ein-skilde innvandrar, og av innsats frå ulike fellesskap innvandrarer møter og vårt samfunn som heilskap. Staten kan bidra til gode ordningar rundt busetnad, utdanning og helsehjelp, samtidig som vi er heilt avhengige av eit arbeidsliv som ynskjer å tilsette menneske med ulik bakgrunn, frivillige organisasjonar som inkluderer nye landsmenn og at enkeltmenneske tar ansvar for kvarandre.

Verdifellesskapet

Den norske samfunnsmodellen bygger på sterke felles verdiar og arenaer og på tillit mellom menneske. KrF vil styrke desse fellesverdiar som mellom anna kjem til uttrykk i Grunnlova § 2, kor det blir framheva at verdigrunnlaget er den kristne og humanistiske arven, og at Grunnlova skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.

Mangfaldet som blir skapt gjennom innvandring bidrar til å gjere den norske kulturen rikare med impulsar og erfaringar frå andre delar av verda. Samtidig kan ulike verdiar og tradisjonar komme i konflikt med kvarandre.

Noregs grunnlov uttrykker samfunnet sitt verdigrunnlag og garanterer grunnleggande sivile og politiske rettar til alle innbyggjarar, uavhengig av bakgrunn. Dei universelle menneskerettane har nå ei sterk forankring i den norske Grunnlova. Saman med demokratiske spelereglar er dei grunnleggande menneskerettane og norske lover noko alle i Noreg må akseptere. Dette er likevel eit minimum. Vi treng også eit sterkare verdifellesskap enn dei formelle normene nedfelt i Grunnlova og norske lover.

Tryggleik og kjennskap til eigne røter, verdiar og kultur bidrar til at menneske er tryggare og meir opne i møte med menneske med ei anna tru og kulturbakgrunn. Difor arbeider KrF for å styrke formidlinga av verdiar og Noregs kristne kulturarv i lærarutdanning, skule og barnehage. Dette felles verdigrunnlaget med sentrale verdiar som demokrati, likestilling, trusfridom og yringsfridom må også blir formidla på ein tydeleg og god måte i samband med samfunnsfagundervisninga for dei som nett har komme til landet.

Ein god start

For å lukkast med integrering og inkludering er det avgjerande at ein startar frå dag éin. KrF meiner difor at det skal gjennomførast ei kartlegging av alle asylsøklarar og kvoteflyktningar som kjem til Noreg. Rask tilgang på informasjon om interesser, utdanning og arbeidserfaring gjer det lettare å fastsette eit løp for vidare kvalifisering til det norske arbeidslivet, og kommunane får meir informasjon om den ein-skilde før busetnad. Kartlegging er også viktig for å avdekke om ein-skilde har spesielle behov som må takast vare på, og avdekke sårbarheit. Det er avgjerande at asylsøklarar som får innvilga asylsøknaden, raskt blir busett i ein kommune og kan starte integreringa der.

Utdanning

Alle flyktningar med opphald i Noreg må gjennom eit introduksjonsprogram for å lære det norske språket og om det norske samfunnet, samt kvalifiserast til yrkeslivet. Språkopplæringa må i større grad vere arbeidsretta med tidleg høve for praksisplass. Mange av flyktningane som kjem har allereie utdanning og relevant arbeidserfaring frå heimlandet. Godkjenning av utanlandsk utdanning må gå raskare og forenklast.

Innvandrarar har med seg kulturforståing og historie frå landa dei kjem frå. KrF ser på dette som ein rikdom, men vi finn også haldningar og verdiar som er stikk i strid med fundamentale norske verdiar som demokrati,

likestilling, grunnleggande menneskerettar og solidaritet. Både arbeidsliv, familieliv og organisasjonsliv fungerer annleis i Noreg enn i andre land. Dette er det viktig at innvandrarak raskt får god kunnskap om. KrF meiner at alle flyktningar med barn som deltar på introduksjonsprogram skal gjennomgå foreldrerettleiingskurs og få ein innføring i norsk barnehage- og skulesystem og barnevern.

Arbeid

Det viktigaste målet for integrerings- og inkluderingspolitikken er at alle skal kunne forsørgje seg sjølv og sin familie og delta i det norske samfunnet. Arbeid er nøkkelen for å nå dette målet. At asylsøkjarak kan bidra i det norske samfunnet medan dei ventar på ei avgjersle i saken sin vil også bidra til å redusere kostnader knytt til mottak av asylsøkjarak.

Difor meiner KrF at alle asylsøkjarak som har sannsynleggjort identiteten sin, skal få mellombels arbeidsløve. I tillegg må det leggest til rette for at bebuarak på asylmottak med relevant kompetanse skal bidra i det daglege arbeidet på mottaket og høve til å velje ei intensiv grunnskuleopplæring for vaksne. Arbeidspraksis er eit godt verktøy for integrering og for å hjelpe flyktningar i å komme ut i arbeid. Det må jobbast meir med opplæring på arbeidsplassen når det gjeld å ta imot flyktningar på ein god måte. Det bør utarbeidast ein rettleiar for alle arbeidsplassar som har elevare i språkpraksis. Rettleiaren bør ha språk, kommunikasjon og eit tydeleg mål og plan for praksisperioden som tema. Målet er at elevane får ein god og relevant kompetanse som kan hjelpe dei i arbeidslivet etter endt praksis.

Utdanning og arbeidserfaring skal vere ein del av vurderinga ved busetnad, slik at busetnad blir gjort strategisk etter kor det er tilgang til relevant arbeid. Dette kan bidra til at fleire verksemder er villige til å ta imot innvandrarak, og at fleire får verdifull erfaring i arbeidslivet kombinert med språkopplæring. Diskriminering i arbeidslivet er ein stor utfordring for menneske med innvandrarakgrunn. KrF vil difor etablere forsøk med anonyme søknadsrunder for å forhindre diskriminering.

Barn og unge

Barn og unge er ekstra sårbare for lang ventetid for busetnad, og samtidig er det barna som raskast blir integrert. Det er avgjerande at barn og unge raskt får skulegang eller barnehageplass slik at dei lærer seg språket og får høve til å delta på aktivitetar i nærområda. Barn i asylmottak må ha rett til barnehageplass. Fritidsaktivitetar er dyrt og krev god oppfølging frå foreldre. Det er viktig at det blir lagt til rette for at barn og unge uavhengig av familiesituasjon får høve til å delta på fritidsaktivitetar. KrF meiner difor det må bli oppretta aktivitetskort for lavinntektsfamilier i alle kommunar, og vi vil sikre støtte til frivillige organisasjonar som bidrar i integreringsarbeidet.

Lokalsamfunnet

Lokalsamfunnet som heilskap er den viktigaste faktoren for å lukkast med integreringa. Dette er vårt felles ansvar. Politisk må det blir lagt til rette for god opplæring, busetnad og eit godt helsetilbod. Det er viktig å ta vare på felles arenaer og samlingspunkter som det kommunale biblioteket og bruke det aktivt i integreringsarbeidet. Frivillige aktørar skaper aktivitetar, møteplassar og samlar menneske med samanfallande interesser. Enkeltmenneske stiller opp som flyktningguider, og familiar stiller opp som fadderfamiliar for nykomne familiar. Dette skaper gode arenaer for å inkludere innvandrarak i dei frivillige aktivitetane. Frivillige aktørar må difor stå sentralt i integreringsarbeidet og ha gode og føreseielege rammevilkår for dette arbeidet.

KrF vil

- at det blir innført rutinar for kartlegging av flyktningar i tilkomstfasen.
- at språkopplæringa skal gjerast meir arbeidsretta mellom anna gjennom tilbod om introduksjonsjobb.
- sørge for raskare og betre ordningar for godkjenning av utdanning og realkompetanse frå andre land, og tilrettelagte kurs og eksamenar for å oppnå slik godkjenning om det er nødvendig.
- at det blir utarbeidd ein rettleiar for alle arbeidsplassar som tek imot elevar i språkpraksis, med fokus på språk, kommunikasjon og eit tydeleg mål og plan for praksisperioden.
- at allenykomne asylsøklarar og flyktningar med barn skal delta på eit obligatorisk foreldrerettleiingskurs.
- styrke den barnefaglege kompetansen i heile asylkjeden frå tilkomst til busetnad i kommunen.
- ha betre støtteordningar for traumehandsaming.
- ha haldningskampanjar mot rasisme, med fokus på at vaksnes haldningar smitter over på barna.
- at alle asylsøklarar som har sannsynleggjort sin identitet, skal få mellombels arbeidsløyve.
- at det blir lagt til rette for at busette på asylmottak med relevant kompetanse skal bidra i det daglege arbeidet på mottaket.
- at det bli oppretta forsøk med anonyme søknadsrunder for å hindre diskriminering i arbeidslivet.
- gi frivillige organisasjonar gode og føreseielege rammevilkår for integreringsarbeid.
- at alle som får opphald i Noreg skal få ei «velkomstpakke» med viktig informasjon, slik at dei unngår unødvendige utfordringar.
- at statsborgerskapsseremonien skal vere obligatorisk.
- tillate dobbelt statsborgarskap.
- vidareføre tilbodet om gratis kjernetid i barnehage for 3-5-åringar frå familiar med lav inntekt.
- at minoritetsforeldre utan tilstrekkelege norskkunnskapar som mottar kontantstøtte skal få norskopplæring der det blir lagt til rette for barnepass, utan at kontantstøtta blir redusert.
- at arbeidet for å forhindre kjønnslemlesting av jenter og tvangsekteskap blir intensivert.
- sikre retten til å uttrykke tru gjennom bruk av religiøse symbol, smykker eller plagg i det offentlege rom så lenge dette ikkje er til hinder for læring, deltaking eller å løyse arbeidsoppgåver.-
- hindre segregering av elevar på bakgrunn av religion eller kjønn.
- at det blir gitt tilbod om eit introprogram for religiøse leiarar frå utlandet.
- at det blir innført restriksjonar mot finansiering av trussamfunn frå statar som ikkje sjølv praktiserer religionsfridom.
- at innsatsen mot ekstrem sosial kontroll blir styrka og at det blir etablert ei støttetjeneste for avhopparar frå ekstreme miljø.
- styrke kampen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme, mellom anna førebyggjande tiltak og exit-tiltak.
- styrke ordninga «Inkludering i idrettslag» for å sikre inkludering av barn og ungdom med innvandr-
arbakgrunn, med særleg vekt på jenter og på barn og ungdom frå familiar med lav betalingsevne.
- tilby mottaksplassar med grunnskule for unge vaksne 16-20 år på vidaregåande skular, slik at denne gruppa av nykomne flyktningar kan få opplæring i eit aldersadekvat miljø.

Folkestyre bygd nedanfrå

Demokratiet er den beste garantien for eit samfunn med likeverd, livskvalitet og fridom, men i dag ser vi teikn til at tiltrua til og deltakinga i demokratiet er synkande i mange land. Avstanden mellom avgjerslestakarar og innbyggjarane har blitt større. Lavare deltaking i folkestyret sine institusjonar og ein profesjonalisering av politikken har ført til at makt blir konsentrert på færre hender.

KrF vil bygge eit sterkare folkestyre nedanfrå. Eit levande folkestyre nærast av folkeleg deltaking, eit sterkt lokaldemokrati og eit livskraftig sivilsamfunn. I eit velfungerande demokrati deltar heile befolkninga i avgjersle som gjeld fellesskapet. Vi vil styrke demokratiet og auke valdeltakinga ved å gi meir makt til veljarane ved val og styrke lokaldemokratiet.

Det tar tid å bygge opp demokratiske ordningar og kultur. KrF vil hegne om våre demokratiske institusjonar. Det konstitusjonelle monarkiet har tent Noreg godt.

Ein viktig føresetnad for at demokratiet skal fungere er ytringsfridomen og at innbyggjarane er opplyst og sett i stand til å delta aktivt i den offentlege debatten. Demokratiet må blir prega av openheit og innsyn.

Lav valdeltaking i delar av befolkninga kan føre til at veljargrupper fell utanfor dei demokratiske prosessane. Når færre deltar og stemmer ved val, blir makta konsentrert på færre hender. Dette kan få negative konsekvensar for legitimiteten til valsekretet og lokaldemokratiet. Både dei politiske partia og myndigheitene har eit ansvar for å stimulere til auka deltaking.

For å motverke uheldige bindingar mellom private, verksemdar, fagorganisasjonar og dei politiske partia, meiner KrF at staten si støtte til dei politiske partia bør bli styrka. Veljarane sin innverknad må bli sikra både gjennom retten til å engasjere seg i politiske parti og gjennom høve for å endre på vallistene. Det må bli sikra ein god balanse mellom partidemokrati og veljarane sitt høve til å endre rekkefølgen på listene.

Lokaldemokrati

Valdeltakinga er spesielt lav ved lokalval. Lokaldemokratiet har blitt avkrefta av statleg overstyring, øyremerking av tilskot og lite samsvar mellom oppgåver og økonomiske rammevilkår. For mange er frivillig innsats i lokalpolitikken lite attraktivt fordi kommunane er tappa for politisk og økonomisk handlingsrom.

Eit velfungerande lokaldemokrati er viktig for eit samfunn bygd nedanfrå, og KrF vil arbeide for at staten i hovudsak styrer gjennom rammer slik at kommunane sin handlefridom aukar og lokaldemokratiet blir styrka. Bruk av lovfesting og øyremerking bør avgrensast. Øyremerking bør i hovudsak berre bli brukt ved innføring av nye ordningar eller bevisste og tidsavgrensa satsingar for å løfte eit felt særskilt. Regelen skal vere: Lokaldemokrati når det er mogleg, statleg styring når det er nødvendig.

Kommunestruktur

For å sikre lokaldemokrati, gode tenester til innbyggjarane og velfungerande einingar er det behov for å gjere endringar i den norske kommunestrukturen. Mange velferds-, miljø- og tenesteoppgåver har blitt særskilt spesialiserte, og ei rekke kommunar har utfordringar med å rekruttere og halde fram med robuste fagmiljø. Også for å ta vare på balansen mellom lokaldemokrati og stat, kan det vere nødvendig å etablere større kommunar. Kommunereforma skal ikkje vere ein sentraliseringsreform, men ein velferdsreform. Eit sterkare lokaldemokrati må alltid vere eit hovudmål ved endring av kommunestruktur. Gode frivillige lokale prosessar skal vere utgangspunktet for endringar av kommunestruktur. Dei økonomiske insentivene for kommunereforma må vidareførast i perioden 2017-2021 for å legge til rette for at kommunar som ikkje kom i hamn med eller ikkje gjennomførte frivillige prosessar, skal kunne gjere dette i denne perioden.

For kommunar med stor geografisk utstrekning og spredt busetnad eller perifer busetnad, kan det vere lite å hente på samanslåing med andre. Også slike kommunar med store smådriftsulempar og avstandskostnader, må bli sikra økonomisk grunnlag for å gi befolkninga eit likeverdig tenestetilbod. Når kommunereforma er gjennomført, må inntektssystemet bli gått gjennom og openberre skeivfordelingar må blir retta opp.

Slagkraftige folkevaltstyrte regioner

Mange oppgåver vil framleis vere for store til at kommunane kan ta hand om dei åleine. Difor vil KrF ha eit folkevaltstyrt regionalt nivå, men med større og meir slagkraftige regionar enn dagens fylkeskommunar. Det er eit stort behov for å demokratisere ein del avgjersler som i dag bli tatt av byråkratiet i regionale statlege einingar.

Ein avgjerande føresetnad for å gjennomføre den omfattande omorganiseringa som ei regionreform inneber, er at den blir fylt med konkret innhald. Eit nytt regionalt nivå må få nye oppgåver og utvida makt og ansvar innanfor mellom anna samferdsel og næringsutvikling, og regional planlegging må gjerast meir forpliktande.

Nye regionar bør ha eit klart definert ansvar for dei oppgåva og sektorane som er viktige for den regionale utviklinga og ha ansvar for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Dei folkevalde regionane må forvalte verkemiddel tilpassa dei utfordringane og moglegheitene dei står overfor. Regionane må ha ansvar og myndigheit både for å fatte politiske vedtak og for å setje i verk desse. Dei folkevalde regionane må få eit større ansvar for velferdstenester som krev eit større befolkningsgrunnlag enn det kommunane har. Regionane må halde fram med ansvaret for vidaregåande opplæring, fagskular, kollektivtransport og tannhelse.

KrF vil

- hegne om vårt politiske system og seie nei til innføring av republikk.
- gjennom informasjonskampanjar sikre at alle med stemmerett er godt informert om valet og kor dei kan stemme. Det bør bli sett av særleg midlar til informasjonstiltak retta mot ungdom og minoritetsmiljøa.
- styrke den offentlege finansieringa av dei politiske partia.
- sikre dei politiske partia full fridom ved oppsetting av lister til stortings-, sametings-, fylkestings- og kommunestyreval.
- vidareføre grunnlovsfesting av valkretsene ved stortingsval.
- halde fram med felles myndigheits- og stemmerettsalder på 18 år.
- seie nei til «listebæring» utanfor vallokala på valdagene.
- vere opne for e-val forutsatt at tryggleiken er ta vare på.
- sikre barn og unge opplæring og trening i demokrati inntil dei oppnår stemmerettsalder.
- gi lokale ungdomsråd, der ungdom kan uttale seg om politiske saker i kommunane, same lovmessige status som eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- gi eldreråda handlingsrom til å spele ei aktiv rolle og medvirke til eldre menneske si samfunnsdeltaking og inspirere til å få eldres kompetanse og engasjement ut i samfunnet.
- sikre eit velfungerande og grunnlovsfesta lokaldemokrati.
- arbeide for at kommunereforma fører til betre tenester for innbyggjarane og gir auka demokrati ved at avgjersle blir flytta frå staten og ut til kommunar og regionar.
- styrke kommunane sitt økonomiske handlingsrom, slik at dei kan gi innbyggjarane eit godt tenestetilbod.
- arbeide med å avvikle og forenkle lover, føresegner og rapporteringssystem.
- at statlege reformar og pålegg må følgjast opp med tilstrekkelege frie midlar.
- at konsultasjonsordninga mellom staten og KS (kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon) skal vidareførast og gjerast meir forpliktande.
- stimulere til større samhandling mellom sektorar og nivå.
- halde fram overføring av oppgåver, makt og myndigheit frå staten til regionalt og kommunalt nivå der dette er hensiktsmessig.
- justere inntektssystemet for fylka/regionane slik at dette sikrar at desse bli sett i stand til å tilby likeverdige og gode tenester.
- ha ein tilskotsordning til digitalisering i kommunane for enklare og betre kommunikasjon med innbyggjarane.

Tryggleik i kvardagen

Tryggleik, tillit og rettfærd for alle menneske er grunnleggande i ein rettsstat. Vi treng eit velfungerande politi som både kan jobbe førebyggjande og vere i stand til å stoppe og etterforske kriminalitet. Rettsvesenet må fungere effektivt og upartisk, og kriminalomsorga må ha kapasitet nok til at domfelte får sona straffa si. Personvern og rettstryggleik er viktige verdiar å bygge på.

Førebygging, vernebuing og kriminalitetsnedkjemping

Førebygging er det beste verktøyet for å nedkjempe kriminalitet. Tiltaka må blir retta mot barn og unge som er i faresonen. Frivillig og ideell sektor er eit viktig bidrag inn i dette arbeidet. Samarbeid mellom politi, kommunane og aktørar i lokalsamfunnet er ein føresetnad for å førebygge kriminalitet.

Det er eit viktig prinsipp at det er statens oppgåve å syte for at heile befolkninga har ei tilfredsstillande politidekning, uavhengig av geografi.

Førebyggjande arbeid er ei av politiets kjerneoppgåver. Synleg politi i lokalmiljøet har ein klar førebyggjande effekt. KrF vil følgje opp målet om 2 polititenestepersonar per 1 000 innbyggjarar innan 2020.

Vald og overgrep i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem. Myndighetene har ein plikt til å avdekke og stanse slike overgrep.

Politiet har i seinare tid fått fleire meldingar enn før om vald i nære relasjonar. Innsatsen må difor intensiverast. KrF vil difor gjennomføre opptrappingsplanen med øyremerkte midlar gjennom heile perioden for å nedkjempe vald og overgrep. Politiet må prioritere nedkjemping av valdtekter, vald i nære relasjonar, og då spesielt vald og overgrep mot barn. Politi, skule, helsetenesta, familievernet, barnevernstenesta og andre relevante etater må samarbeide betre. Statens Barnehus skal ta avhør av barn og unge som har vore vitne til eller blitt utsatt for vald eller overgrep. Statens Barnehus må blir styrka.

Innsatsen for å førebygge og redusere valdtekter må intensiverast, mellom anna med haldningsskapande arbeid, synleg politi, raskare og betre etterforskning og ein meir restriktiv skjenkepolitikk. Det må vere eit krav at alle meldte valdtekter skal etterforskast.

Menneskehandel

Menneskehandel er vår tids slaveri. Millionar av menneske lever i slaveri i dag. Bakmenn må straffefølgjast. Samarbeidet mellom politiet og kommunane, samt samarbeidet over landegrensene må blir styrka.

Økonomisk og arbeidslivskriminalitet

Økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet undergrev velferdsstaten og bidrar til å svekke tilliten til myndighetene. Samarbeidet mellom relevante aktørar som Skatteetaten, politiet, NAV og Arbeidstilsynet må blir styrka.

Etterretning og terrornedkjempelse

Politiets tryggleiksteneste (PST) skal førebygge og etterforske straffbare handlingar mot rikets tryggleik. Internasjonal kriminalitet og ekstremisme må nedkjempast. Rammene for PSTs overvåkingsmetodar må underleggast domstolskontroll. KrF meiner at tredjepart skal, så langt det er mogleg, skjermast frå unødvendig overvåking.

Narkotikaforbrytingar

Narkotikakriminalitet er ein stor del av meldt kriminalitet. KrF meiner at straffedømde som har rusproblem må få tilbod om avrusing og rehabilitering.

Kvardagskriminalitet

Politiet må prioritere etterforsking av lommejuveri, hytteinnbrot og skadeverk. Kvardagskriminaliteten svekker tilliten og tryggleiken i samfunnet, og den påfører samfunnet store kostnader. KrF meiner at tilgangen til å henlegge straffesaker begrunna med manglande sakshandsamingskapasitet må fjernast.

KrF vil

- styrke kapasiteten til politiet ved å tilsette fleire politifolk i operativ teneste og etterforsking.
- at politi- og lensmannsetaten skal vere desentralisert og framleis vere eit nærpoliti.
- legge til rette for at SLT-modellen¹⁰ kan bli tatt i bruk i enda fleire kommunar.
- styrke støtta til frivillige organisasjonar som driv arbeid blant barn og unge.
- ha god dekning av krisesenter i heile landet.
- sikre fullfinansiering av valdtekstmottak, krisesenter, incestsenter og ettervern for incestoffer.
- sikre at dei som blir utsett for vald og overgrep må få tilbod om ny identitet.
- at omvendt valdsalarm skal bli brukt i større grad enn i dag.
- nedkjempe vald og overgrep av barn på nett.
- at valdtekstmottak skal vere tilgjengeleg over heile landet og ha kompetanse til å sikre bevis.
- at valdtekstsofre skal ha krav på gratis psykisk helsehjelp.
- at alle kommunar skal ha eigne handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.
- at avhøyr av barn og unge som begår seksuelle overgrep skal bli utført på Statens Barnehus.
- ha ein heilskapleg gjennomgang av hjelpeapparatet for barn og unge som har vore utsett for vald og overgrep for å tydeleggjere kven som har ansvar for oppfølginga av det einkilde offer.
- styrke og sikre behandlingstilbodet for personar med valdeleg åtferd og seksualforstyrring.
- vidareføre ordninga med framskutt lagring av våpen i politibilar.
- ikkje innføre generell væpning av politiet, men heller ta i bruk punkt- og objektsikring.
- styrke politiet sin kompetanse innanfor sjikane, trugsmål og annan kriminalitet som skjer gjennom nye digitale medium.
- at politiet skal prioritere etterforsking av hatkriminalitet.
- styrke politiet sin kompetanse i møte med psykisk sjuke.
- sikre politiet gode og oppdaterte dataverktøy.
- avvise eit forbod mot tigging.
- styrke politiet sin kompetanse og ressursar til nedkjemping av menneskehandel.
- opprette fleire butilbod til offer for menneskehandel.
- innføre opphaldsløyve for personar som det er sannsynleggjort at er offer for menneskehandel.
- at alle store byar skal ha ein heilskapleg handlingsplan for nedkjemping av menneskehandel og vår tids slaveri.
- ha nasjonale informasjonskampanjar om vår tids slaveri i dei største byane.
- oppretthalde forbodet mot kjøp av seksuelle tenester.
- at offer for menneskehandel skal få rett til helsehjelp i refleksjonsperioden sjølv om dei ennå ikkje har fått eit ID-nummer.
- intensivere samarbeid over landegrensene for å nedkjempe trafficking og menneskehandel.
- ha ein eigen handlingsplan som er spesielt retta mot barn som er offer for menneskehandel.
- ha eit senter for barn som er ofre for menneskehandel eller som har vore barnesoldatar.

¹⁰ SLT= Samordning av Lokale kriminalitetsforebyggande Tiltak

- utdanne fleire narkohundar til bruk i politiet og Tollvesenet.
- styrke kapasiteten til politiet og Tollvesenet ved utsette grensestasjonar.
- at personar som blir dømd for ruspåverka køyring i alvorlege tilfelle kan dømmast til å måtte installere alkolås i bilen.
- at politiet må bli sikra tilstrekkelege ressursar og verktøy til å avverge og etterforske organisert kriminalitet.

Straff og straffeprosess

Ut frå eit kristendemokratisk perspektiv er formålet med justispolitikken å sikre at den straffedømde får høve til å gjere opp for sine kriminelle handlingar, samtidig som det skal bidra til rettferd for fornærma.

Straff er eit av dei mest inngripande verkemidlene myndigheitene kan påføre eit enkeltindivid. Uskyldspresumsjonen er eit grunnleggande prinsipp i ein demokratisk rettstat. Straffa skal ha individualpreventiv effekt så vel som allmennpreventiv effekt. Strafferammene bør bli sett ut frå kor alvorleg handlinga si karakter er, sett hen til den allmenne rettsfølelse.

Kriminalomsorg

Godt innhald i soninga er ein føresetnad for at straffedømde skal kunne leve eit liv utan kriminalitet etter enda soning. Innhaldet i straffegjennomføringa må førebu den einskilde straffedømde best mogleg til å møte samfunnet etter enda soning. Utdanningstilbod i fengselet, tilbod om arbeid, praksisplass, tilbod om rusbehandling, bustad etter soning med bistand til bu-trening og tilgangen til eit nettverk utanfor det kriminelle miljøet er avgjerande for å komme ut av ein kriminell livsstil.

KrF vil sikre gode og tilpassa soningsforhold for kvinner. Alle former for seksuell trakassering i fengselet må nedkjempast. KrF meiner at barn over den kriminelle lavalder i utgangspunktet ikkje skal sone i fengsel, med mindre særskilte omsyn ligg føre. Barn skal ikkje plasserast på glattcelle. Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging er gode alternativ til fengselsstraff. Skal barn under 18 år likevel sone i fengsel, må det blir lagt særskilt til rette for dei. Barn skal ikkje sone saman med vaksne.

Frivillige organisasjonar er eit viktig supplement til det offentlege sitt tilbod i kriminalomsorga. Reglane knytt til prøvelauslating og permisjon må bidra til å sikre ein god overgang til livet etter soning. Barn med foreldre i fengsel må bli sikra samvær på barnet sitt premiss, slik at barnet ikkje blir den skadelidande når mor eller far må sone i fengsel.

KrF ynskjer å innføre eit integrert ettervern for kriminalomsorga, rusomsorga og andre grupper med tilsvarende behov. Integrert ettervern betyr at det utløysest ein rett til ettervern når vedtak/dom/behandling startar. Hjelp til etablering i eigen bustad, fritidsaktivitetar, utdanning eller arbeidstrening, og hjelp til å skaffe seg eit sosialt nettverk er sentrale element i eit slikt ettervern. *For meir om integrert ettervern, sjå kapitlet «Solidarisk ruspolitikk».*

Alternative straffereaksjonar

KrF meiner det bør bli satsa meir på alternative straffereaksjonar, samtidig som ein bør vurdere nye straffereaksjonar som tek vare på rehabiliteringa av den einskilde straffedømde. Dette gjeld spesielt straffedømde med samansette utfordringar som rus og psykiatri. Samarbeidet mellom kriminalomsorga, psykiatrien og rusomsorga må bli styrka.

Fornærma si rettsstilling

Pårørande og offer si stilling må takast vare på under straffesaksbehandlinga hos politiet og i domstolen. Når gjerningspersonen er dømd til å betale erstatning til offeret, skal staten betale ut erstatninga på forskot og deretter krevje inn pengane frå gjerningspersonen. I samband med straffesaker må det vere høve for konfrontasjonssamtale mellom offer/pårørande og gjerningsperson når offeret/pårørande ynskjer det.

Fri rettshjelp

KrF ynskjer å styrke ordninga med fri rettshjelp. Fri rettshjelp er ein viktig rettstryggleiksgaranti. Behovet for rettshjelp er stort, særleg for dei mest ressursvake gruppene i samfunnet. Samfunnet blir stadig meir kompleks. KrF vil difor ha ein gjennomgang av rettshjelpsordninga for å sikre ein mest mogleg treffsikker ordning.

Godtgjersla til dommarar i forliksråd må blir styrka slik at den samsvarer betre med ansvar og medgått arbeidstid.

Domstolane

At domstolane er uavhengige og upartiske er grunnleggande i ein rettsstat. Det er etter KrFs meining behov for å styrke domstolane og dommarane si uavhengigheit, og vi vil prioritere domstolane og følgje opp domstolskommisjonen som er nedsett.

Lyd- og bildeopptak

Dokumentasjon av bevis- og vitneføringa i rettssaker vil bidra til å styrke rettstryggleiken og effektiviseringa av domstolane. KrF meiner difor at høve til lyd- og bildeopptak av forklaringar frå hovudforhandlinga i tingretten i alle straffesaker må på plass.

KrF vil

- at samfunnsstraffa blir endra frå éin time for kvart tilsvarande fengselsdøgn som elles ville vore idømd, til tre arbeidstimar for kvart tilsvarande fengselsdøgn.
- at personar som blir dømd til tvungent psykisk helsevern på grunn av sterk gjentakingsfare som utgangspunkt skal bli behandla i heildøgnsinstitusjon.
- utvide ordninga med elektronisk fotlenkesoning.
- nedkjempe narkotikabruk i norske fengsel.
- at ordninga med forenkla forelegg bør bli utvida til fleire typar straffbare forhold.
- at dødsstraff ikkje skal blir innført i Noreg.
- at fornærma som er utsett for alvorleg overgrep og pårørande til fornærma som er drept har rett til varsling når gjerningspersonen blir sloppen ut av fengsel.
- at personar som er dømd for drap og særskilte alvorlege overgrepssaker bør i særskilte tilfelle kunne bli frådømd retten til å busette seg nær offeret eller dei attlevande.
- arbeide med å få til auka bruk av soning i heimlandet i staden for i Noreg.
- at alternative straffereaksjonar må bli brukt i større grad.
- sikre rusbehandling til alle innsette med rusproblem.
- styrke domstolane og dommerane si uavhengigheit.
- innføre eit integrert ettervern for kriminalomsorga, rusomsorga og andre grupper med tilsvarande behov.
- sikre utstyr i tingrettar slik at det kan bli tatt lyd- og bildeopptak av forklaringar frå hovudforhandlinga i tingretten i alle straffesaker.
- styrke kriminalomsorga si evne til å følgje opp ulike grupper som soner i norske fengsel.
- ikkje inngå ny avtale om leige av fengselsplassar i utlandet.
- bidra til auka rettstryggleik for personar med nedsett funksjonsevne, og ha betre tilrettelegging av soningsforholda for denne gruppa.
- at straffenivået for organisert kriminalitet må bli tilpassa nivået elles i Europa.

Personvern

Personvern er ein viktig fridom i eit liberalt demokrati. Enkeltindividet sin rett til fridom må bli vurdert nøye når inngripande kontrolltiltak blir vurdert. Dårlege vilkår for personvernet vil avgrense open meiningsutveksling og politisk aktivitet. Vår digitale kvardag aukar presset mot personvernet. Dette krev at det bli stilt strenge krav til lagring, bruk og vidareformidling av informasjon som blir innhenta elektronisk.

KrF vil

- sette ned eit offentleg utval for å styrke personvernet si stilling i Noreg.

God samfunnstryggleik og vernebuving

Å ta vare på tryggleiken for innbyggarane og for samfunnet som heilskap er ei av dei viktigaste oppgåvene staten og det offentlege har. Det handlar om å sikre samfunnet mot anslag og åtak frå statlege og ikkje-statlege aktørar, men også om relevant vernebuving ved hendingar som skuldast til dømes uvêr, naturkatastrofar eller feil på kritiske system. Ansvars-, likskaps-, nærleiks- og samvirkeprinsippa er retningsgivande for vernebuving og krisehandtering.

Trugsmålbylde mot norske interesser er av ulik art og komplekse. Arbeidet med samfunnstryggleik og vernebuving må difor styrkast, og trugsmål må førebyggast og nedkjempast på ulike måtar. Totalforsvarskonseptet skal sikre gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunnet i heile krisespekteret. KrF meiner totalforsvarskonseptet må bli styrka.

Ansvar og leiing

KrF meiner Justis- og vernebuingsdepartementet skal ha ei klar, eintydig rolle og eit spesielt samordningsansvar for å sikre eit koordinert og heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik og vernebuving på tvers av sektorgrensene. Justis- og vernebuingsdepartementet skal vere fast leiardepartement i sivile nasjonale kriser med mindre noko anna er bestemt.

Samfunnsutviklinga har ført til at ulykker og katastrofar kan ha grenseoverskridande konsekvensar. KrF meiner at dagens trugsmål-, risiko- og sårbarheitsbilde krev eit breitt internasjonalt engasjement for å oppnå ein så god tryggleik som mogleg. Det er viktig med ei tydeleg ansvarsfordeling, rolleavklaring og godt samarbeid mellom det folkevalte regionale nivået/fylkeskommunane og kommunane.

Fylkesmannen har ansvar for å samordne samfunnstryggleiksarbeidet regionalt, og følgje opp og rettleie kommunane og sette i verk nasjonal politikk for samfunnstryggleik og vernebuving.

Organisering og samvirke

Kommunane er berebjelken i vernebuingsarbeidet, både når det gjeld førebygging og oppfølging. KrF meiner at det er behov for ei tettare oppfølging, rettleiing og bistand i vernebuingsplanlegging i kommunane, mellom anna med tanke på klimaendringane med aukande ekstremvêr, flom og ras.

Politiet er ein sentral aktør i det nasjonale vernebuving- og krisehandteringsarbeidet. KrF meiner det er viktig å sikre betre koordinering, rolleavklaring og samtrening med aktuelle aktørar for å førebygge alvorlege hendingar.

Øvingar gir høve til å trene, teste og vidareutvikle eige planverk, eigen krisehandteringsevne og samvirke med andre. KrF meiner det er avgjerande at det blir øvd regelmessig, variert og på tvers av sektorar for å styrke evna til å handtere ekstraordinære hendingar. Fagkompetanse, lokal kunnskap, tydeleg og god leiing, samhandling og øvingar er avgjerande for at samarbeidet skal fungere optimalt når krisa oppstår. KrF meiner det må bli satsa meir på utdanning og kompetanseheving hos alle som har vernebuingsansvar på alle nivå, både i det offentlege og det sivile samfunnet.

God førebygging og håndtering av kriser legg som premiss god utnytting av samfunnets samla ressursar. KrF meiner at politiet og Forsvaret må trene saman for å avklare grenseoppgåver og utfordringar. (Sjå også kapitlet «Eit relevant og framtidssretta forsvar».) KrF meiner det er viktig å utvikle totalforsvarskonseptet vidare,

for å sikre betre samhandling. Heimevernet spelar mange stader ei viktig rolle i det lokale vernebuingsarbeidet. KrF meiner difor det er viktig å sikre ein relevant og kapabel HV-struktur i alle delar av landet.

KrF vil sikre Sivilforsvarets framtid som ein relevant og slagkraftig statleg forsterkningsressurs for naud- og vernebuingssetatane, mellom anna ved nødvendig investeringar samt hensiktsmessig og riktig utstyr og materiell.

Frivillige vernebuings- og redningsorganisasjonar er ein viktig ressurs. Organisasjonar som Røde Kors, Norsk Folkehjelp og Redningssselskapet kan stille trente mannskaper til rådighet ved redningsoppdrag og leiteaksjonar etter savna personar. Avtalar, felles prosedyrar og samtrening er viktig. KrF meiner det må bli sikra gode avtaleverk mellom kommunen og dei frivillige, for å gi føreseielegheit og langsiktige rammer. Enkelpersonar melder seg også til teneste i leiteoppdrag, fiskeflåten stiller båtar til disposisjon i rednings- og leiteaksjonar, og lokalsamfunn stiller opp for kvarandre i katastrofar. Dette er ein styrke for samfunnet vårt, og sjølv om dette krev ei god leing, er det viktig å ta vare på i eit samfunn bygd nedanfrå.

Informasjonstryggleik

Vår avhengigheit av teknologi aukar, og kompleksiteten er krevjande å handtere i takt med nye sårbarheiter og digitale åraker. KrF meiner det må gjerast langt meir for å ta vare på samfunnet sin digitale tryggleik. Vi treng ei heilskapleg og kunnskapsbasert tilnærming, og omsynet til digital tryggleik må få meir merksemd innanfor alle sektorar og delar av samfunnet.

Cyberåtak mot datasystem til verksemder og verksemder som forvaltar grunnleggande nasjonale verdiar, kan vere eit åtak, sabotasje, spionasje, ei kriminell handling eller innleiing til eit militært anslag. Forsvaret har lenge jobba med cybertryggleik. KrF vil ha auka satsing på samarbeid med sivile kompetanse- og forskingsmiljø.

KrF vil

- oppretthalde tilfredsstillande nasjonal matvareproduksjon og lager av nødvendige basisprodukt ut frå eit tryggleiksperspektiv.
- innføre vernebuingslager av korn.
- gi meir ressursar til samfunnstryggleiks- og vernebuingsarbeidet hos Fylkesmannen, mellom anna for rettleiing og hjelp til kommunane.
- ha tettare oppfølging og rettleiing i vernebuingsplanlegging i kommunane.
- at det blir øvd regelmessig og variert for å styrke evnen til å handtere ekstraordinære hendingar. Forbetringar må innarbeidast fortløpande i planane.
- vidareutvikle og forsterke totalforsvarskonseptet (informasjonsutveksling, koordinering, rolleforståing og samarbeid).
- styrke fagkompetansen hos alle med tryggleiks- og vernebuingsansvar på alle nivå – både offentleg og privat.
- styrke Sivilforsvaret som statleg forsterkningsressurs.
- sikre ein relevant og kapabel HV-struktur i alle delar av landet.
- at kommunane sikrar gode avtaler med dei frivillige organisasjonane, for å gi føreseielegheit og langsiktige rammer.
- vidareutvikle det internasjonale samarbeidet om samfunnstryggleik og vernebuing innanfor ramma av NATO, EU og FN.
- vidareutvikle senter for informasjonssikring (NorSIS) og styrke tilsynet med samfunnet sin tryggleik innan IKT.
- sikre ei heilskapleg nasjonal vernebuing og operativ evne som handterer svikt i, eller digitale åtak mot, elektronisk kommunikasjon, strømforsyning og vatn og avløp.
- etablere ein nasjonal kompetansestrategi for å imøtekomme kompetanse- og rekrutteringsunderskuddet innan IKT-tryggleik.
- styrke samarbeidet mellom PST og E-tenesta på analyse knytt til kontraterror.
- arbeide for at alle grunnskular og vidaregåande skular har eit undervisningsopplegg for å førebygge radikaliserings.
- styrke kystvernebuinga og gi frivillige aktørar som Redningssselskapet gode rammevilkår.

Eit relevant og framtidretta forsvar

For KrF er det eit forsvarspolitisk mål å førebygge krig og konflikhtar, hevde landet sin suverenitet og bidra til å fremje ei fredeleg utvikling i verda. Det militære forsvaret er staten sitt skarpaste maktmiddel, og difor er det nødvendig med demokratisk politisk kontroll og ein oppslutning i befolkninga som gir grunnlag for Forsvarets nødvendige legitimitet. Folkeretten og andre rammer for maktbruk i militære operasjonar må etterlevast. Bruk av militærmakt skal berre bli brukt dersom det er heilt nødvendig.

Noregs posisjon som eit lite land med ein sterk nabo, gjer at vi i tryggleikspolitikken er avhengige av å ha eit godt forhold til sterkare allierte. NATO er hjørnesteinen i norsk tryggleiks- og forsvarspolitikk. Noreg må framleis opptre som ein påliteleg aktør innanfor NATO-samarbeidet. Vi må bevare eit godt forhold til USA og sørge for at amerikanarane tar ei aktiv interesse i norsk tryggleik, men også vere villige til å seie klart ifrå dersom vi er ueinige i deira politikk. Vi må samarbeide nært med EU og europeiske allierte, og sørge for at Noregs interesser blir tatt vare på i utviklinga av EUs tryggleikspolitikk. Noreg må også vidareutvikle det nordiske forsvarspolitiske samarbeidet med Sverige og Finland.

Verdigrunnlag

Forsvaret sitt verdigrunnlag om alle menneske sin ibuande verdi uavhengig av bakgrunn, eigenskapar og prestasjonar må vere retningsgivande for heile Forsvaret. Hovudmål er å beskytte nasjonen og det einskilte liv, fridom og tryggleik. KrF vil arbeide for at menneskeverdet skal respekterast også i stridshandlingar kor faren for brutalisering og uetiske alternativ er sterkt til stades.

Forsvaret skal beskytte menneskeverdet og viktige samfunnsverdiar, men i ytterste konsekvens må ein ta andres liv, og risikere sitt eige eller andres liv. Forsvaret må trene på haldningar, etikk og leiing for bevisstgjerung og meistring av krevjande dilemma.

Forsvaret sine utfordringar

Forsvaret si hovudoppgåve er å førebygge krig med basis i NATO-medlemskapet. Det legg som premiss at Noreg ikkje berre skal halde ut til hjelpa kjem, men at det norske Forsvaret også har eit omfang og ei slagkraft som kan bli sett inn i ein felles styrke i NATO. Forsvaret skal ha kraft til å avverge episodar og krisar og til å hevde norsk suverenitet over eigne land- og havområder og tilhøyrande luftrom. Forsvaret må også i framtida vere organisert slik at Noreg lett kan ta del i NATO-operasjonar i utland og innland.

Skal vi oppretthalde og styrke eit moderne og høgteknologisk forsvar med tilstrekkeleg kapasitet til både å ta vare på førstelinjeforsvaret av Noreg, og å vere klar til å bidra i det felles NATO-forsvaret av allierte land, må vi vere villige til framleis omstilling og prioritering av det som gir best forsvareffekt. Det er ingen tvil om at Forsvaret sitt anlegg er viktige arbeidsplassar og er viktig for næringsliv og samfunnsutvikling. Omsynet til kva som gir best forsvareffekt i eit langsiktig perspektiv må samtidig vere utslagsgivande.

Verneplikt

KrF meiner verneplikten er viktig å halde fast ved, fordi den sikrar ei tilknytning mellom folk og forsvar og bidrar til rekrutteringa til Forsvaret ved at dei kan velje dei best egna kandidatane til tenesta. Med eit meir kapitalintensivt og høgteknologisk forsvar er det samtidig viktig å sørge for ein mest mogleg effektiv utnytting av kompetanse og personell. Strukturar og kapasitetar må blir lagt opp slik at dei som avtener førstegangstenesta

kan vidareutvikle sin opparbeida kompetanse, og at denne kompetansen reelt sett bidrar til å styrke den totale forsvarsevnen.

Forsvaret har betydelege manglar i sitt likestillingsarbeid. Kulturelle utfordringar og mangel på fysisk tilrettelegging er problem som forsterkar kvarandre. Leiarar på alle nivå må bli stilt til ansvar for å bygge ein sunn kultur, og dei må bli sett i stand til å identifisere og stoppe diskriminerande åtferd. Kvinner må få tilgang til bekledning og utrusting som er tilpassa dei, og kaserner og bygningsmasse må legge til rette for ein auka kvinneandel.

Struktur

Forsvaret har vore i nødvendig og samanhengande omstilling i cirka 20 år. Endringane er omfattande - frå eit mobiliseringsforsvar til eit innsatsforsvar og nå til eit terskelforsvar. Moderne forsvarsmateriell er kostbart og har ein høgare prisstigning enn øvrige varer og tenester. Dette gir utfordringar når kapasitetar og materiell skal oppdaterast. Ein berekraftig forsvarsstruktur krev balanse mellom ressursar, oppgåver, ambisjonsnivå og operativ evne. KrF vil stille krav til kvalitet, kvantitet og ein samansetning av løysingar som kan innfri politiske målsettingar og vedtatte strukturar for Forsvaret. Ein overgang til eit meir kapitalintensivt forsvar medfører at vi kontinuerleg må vurdere korleis Forsvaret kan drivast meir effektivt utan å svekke den operative evnen. KrF vil støtte effektiviseringstiltak som gir auka operativ evne.

Nordområda

Nordområda er store havområde, med rike fiskeri- og energiresursar og eit nabotilhøve som er viktig for vår nasjonale forsvarspolitik og utanrikspolitik. Nordområda er eit areal som er 10 gongar Noregs landareal og eit viktig tryggleikspolitisk område. Overvaknings- og suverenitetshevdelse må vere hovudfokus, men base- og styrkestruktur i Nord-Noreg er like viktig for å ta vare på eit truverdig forsvar. Det store havområdet må speglast i Sjøforsvarets og Luftforsvarets viktige posisjonar ved å halde fram med tydelege plasseringar også på land. Forholdet til Russland er særskild viktig for Noreg og må få høg prioritet i norsk utanrikspolitik. Auka spenning mellom NATO og Russland har dei siste åra stilt forholdet til vår største nabo på prøve. Nordområda må halde fram å vere eit område prega av lavt spenningsnivå og internasjonalt samarbeid.

Forsvarsgreinene

KrF ynskjer eit balansert forsvar med velfungerande kapasitetar innanfor både Hæren, Sjøforsvaret, Luftforsvaret og Heimevernet. Hæren må bli utvikla vidare til ein moderne landstyrke med dei eigenskapar som krevst av eit førstelinjeforsvar, mellom anna dedikert helikopterstøtte. Spesielt i Troms og Finnmark må Hæren vere meir til stades og auke kampkrafta, mellom anna ved at Grensevakta blir styrka og at det bli etablert ein permanent hærstyrke i Finnmark. Ein mobil brigadestruktur med hovudbase i Nord-Noreg er viktig for å ha eit truverdig terskelforsvar.

Sjøforsvaret er viktig for Noreg som ein maritim og arktisk nasjon med globale maritime interesser. Vi treng eit relevant og truverdig sjøforsvar for å verne våre nasjonale maritime interesser og ta vare på kyststaten sine forpliktingar. KrF støtter investeringane i nye ubåtar. Med bakgrunn i auka aktivitet for Sjøforsvaret i nordområda, er det viktig at det bli etablert ein marinebase i Nord-Noreg.

Luftforsvaret er ein vesentleg del av den krigsførebyggande terskelen, og er også viktig for å utøve overvaking og kontroll av dei store norske land- og havområda, særleg i Nord-Noreg. KrF meiner det er heilt nødvendig med kjøp og innfasing av nye kampfly. Vi treng også gode maritime patruljefly for etterretning, overvåking og situasjonsforståing.

Heimevernet har endra rolle og områdestruktur der ein differensiert operativ struktur framleis vil vere viktig for samfunnet sin tryggleik og vernebuing. KrF vil arbeide for eit sterkt og lokalt forankra heimevern som har ressursar og evne til å utføre dei oppdraga dei har ansvar for. KrF meiner at dei gjentatte nedprioriteringane som Heimevernet har vore utsett for, ikkje er i samsvar med den tryggleikspolitiske situasjonen vi har med auka bruk av målretta terrorisme.

KrF meiner også at god etterretning er særskild viktig. Dagens tryggleikspolitiske situasjon og trugsmål bilde er meir komplekst enn tidlegare. Mellom anna er auka terrorisme ein tryggleiksrisiko, og for å møte dette er vi avhengige av ein velfungerande etterretningsteneste. Dette er også eit viktig bidrag til NATO og våre allierte. God etterretning er i seg sjølv konfliktførebyggande.

Vårt moderne og digitaliserte samfunn er sårbart for elektronisk krigføring, og dataspionasje mot politiske, økonomiske og militære mål i Noreg er eit veksende trugsmål. Cyberforsvaret har ei helt sentral rolle i å drifte, sikre og forsvare Forsvarets datasystem, nettverk og høgteknologiske plattformer mot åtak. KrF meiner difor at Cyberforsvaret må bli styrka. På dette feltet er det også viktig at det er god samhandling mellom sivile og militære aktørar for på ein effektiv måte å førebygge og handtere digitale åtak og nedkjempe cyberkriminalitet.

Internasjonale operasjonar

KrF meiner at freds- og diplomatisporet skal vere det verkemiddelet ein primært bruker ovanfor andre statar og folk. I situasjonar der militærmakt er påkravd for å bringe situasjonen under kontroll og forhindre folkemord eller andre ekstreme overgrep mot sivilbefolkninga, må samtidig Noreg vere villig til å ta sin del av eit internasjonalt ansvar. Internasjonale operasjonar må alltid bli tilpassa Forsvarets oppgåver heime og kva kapasitetar som kan bli brukt utanlands.

Kjønnspektivet i operasjonar

KrF vil arbeide for at kvinners sårbar situasjon i krig og konflikthar, og i arbeid med fred og tryggleik må få ei større merksemd, jf. FN-fråsegn 1325. Kvinner blir råka hardt i dagens konflikthar og blir ofte utsett for målretta åtak. Forebygging og handtering av seksualisert vald i væpna konflikthar må bli vektlagt, jf. FN-fråsegn 1820.

Familiane til tilsette i Forsvaret

Det er viktig for KrF at familiane til Forsvarets tilsette blir godt tatt vare på når personell er ute på oppdrag. Familien må bere mange belastningar som følgje av tenesta. Den som er ute i teneste i lange periodar, er avhengig av at heile familien meistrer situasjonen for å kunne gjere ein god jobb.

Ved utanlandsteneste skal familien bli følgt opp av Forsvarets familiekoordinator. Denne kan hjelpe til med enkle praktiske ting, vere samtalepartnar eller formidle kontakt med nettverk der familien kan møte andre i same situasjon. Forsvaret må ta samliv på alvor og tilby samlivskurs for tilsette med sambuar eller ektefelle, der det særleg bli tatt opp utfordringar og problemstillingar som kan sette parforholdet på prøve og som er spesifikke for forhold der den eine eller begge er i operativ militærtjeneste. I tillegg er det viktig at administrativ foresatt avdeling er kontaktpunkt under deltaking i internasjonale operasjonar. Avdelinga skal halde fram med å ha 24 timars kontaktelefon som alltid er tilgjengeleg for dei heime og kan formidle viktige meldingar til dei som er ute.

Veteranar

Veteranar er alle som har tenestegjort i internasjonale operasjonar og kjempa på vegne av kongeriket Noreg og vårt demokrati. Dei har kjempa, mange med livet som innsats, for andre menneske si demokratiske utvikling, for dei universelle menneskerettane og medmenneske sin rett til å leve eit liv i fred og fridom. Veteranar er erfarne soldatar med praktisk erfaring frå krevjande oppdrag med oppgåveløysing under tidspress i komplekse situasjonar i møte med vanskelege verdspørsmål. Nokon er unge og mange er «rygggraden» i det norske Forsvaret, med sin erfaring og kompetanse. Samtidig finn vi veteranar oppover i alle aldrar og livsfasar, og nokon har skader og traume som påverker livskvaliteten. Forsvarets Veteransenter ved Bæreia i Kongsvinger er eit viktig og godt tilbod for veteranar frå internasjonale operasjonar og deira familiar, som dei kan bruke både før, under og etter utanlandsteneste. Dette senteret må bli sikra vidare.

Historia om krigsseilerne er ein skammens historie for landet vårt. KrF støt etableringa av det digitale monumentet Krigsseilerregisteret som endeleg kan synleggjere den avgjerande rolla krigsseilerne hadde i 2. verdskrig, og vil sikre drift av dette.

Forsvarets funksjon i fredstid (sivil-militært samarbeid/totalforsvar)

KrF vil framheve Forsvaret sitt ansvar i fredstid med å kontrollere og handheve norsk lov på to hovudområder: tilsyn med den norsk-russiske grensa og å kontrollere ressursar og vere myndigheit til havs.

Som ein del av totalforsvarsordninga skal Forsvaret støtte det sivile samfunnet ved ulykker, naturkatastrofar, alvorleg kriminalitet og andre kriser, som terroråtak. Kystvakta kan til dømes bistå med frakting av lensautstyr ved oljeutslipp i sjøen. Politiet kan be om hjelp frå Forsvaret når deira eigne ressursar ikkje strekk til og/eller der det er avtalt at den militære kompetansen og erfaringa bør bli brukt. I slike tilfeller er det politiet som har kommandoansvar, men KrF vil understreke at øving, samhandling og klar kommandostruktur og leiing er viktige føresetnader for dette samarbeidet. For å få til eit velfungerande samarbeid er ein avhengig av at dei ulike aktørane har høve til å øve saman og at det må gjerast viktige avklaringar om mellom anna rollefordeling og arbeidsoppgåver. KrF meiner totalforsvarskonseptet og viktigskapen av godt sivil-militært samarbeid bygger oppunder behovet for eit robust og velfungerande forsvar.

KrF vil

- at Noreg skal ha eit forsvar som er i stand til å sikre norsk suverenitet.
- sikre framleis norsk medlemskap i NATO og bevare eit godt forhold til våre allierte i forsvarsalliansen.
- vurdere ei gradvis auke av forsvarsbudsjettet sine løyvingar til 2 % av BNP, i samsvar med dei forpliktingar som Noreg har sagt ja til å påta seg som medlem i NATO.
- at Noreg framleis skal kunne bidra til internasjonale militære operasjonar som har ei klar forankring i folkeretten.
- oppretthalde ein balansert forsvarsstruktur med velfungerande kapasitetar innanfor både Hæren, Sjøforsvaret, Luftforsvaret og Heimevernet.
- prioritere auka kapasitet med operative einingar i alle dei tre forsvarsgreinene i nordområda og vise nærvær ved å halde fram med militære basar, anlegg og leiingsfunksjonar i Nord-Noreg.
- støtte effektiviseringstiltak som ikkje svekker den operative forsvarsevna.
- prioritere oppgradering og tilrettelegging for kvinner i Forsvaret, både i førstegangstenesta og for vidare teneste i forsvarsgreinene.
- styrke etterretning, overvaking og rekognosering for å sikre høvet til å respondere med riktig og tilpassa militær innsats når det er nødvendig.
- utvikle Hæren vidare til ein moderne landstyrke med dei eigenskapar som krevs av eit førstelinjeforsvar.
- prioritere Heimevernets innsatsstyrke som skal ha viktige oppgåver innanfor objektsikring, overvaking og kontroll.
- legge til rette for nærvær og seglingsdøgn for einingar i Sjøforsvaret, spesielt i nordområda.
- støtte kjøp av F-35 jagarfly.
- styrke Cyberforsvaret og legge til rette for eit godt samarbeid med Nasjonal Tryggleiksmyndigheit og politi/PST/Kripos på relevante områder.
- at kvinners deltaking i freds- og tryggleiksspørsmål må bli integrert i Forsvarets daglege arbeid og i evaluering av operasjonar, både nasjonalt og i NATO, FN og i koalisjonsoperasjonar.
- styrke det sivil-militære samarbeidet for å sikre ein funksjonsdyktig og forsvarleg sanitets- og veterinærtjeneste i kriser og krig.
- ta vare på og sikre tilbod til veteranar og deira familiar både før, under og etter tenesta.
- at skader som oppstår i samband med internasjonale operasjonar blir godkjent som yrkesskade.
- arbeide for betre helsetilbod for skadde veteranar og ei tydeleggjering av ulike behandlingshøve.
- at Viken senter bli utvida for å gi behandling og rehabilitering til veteranar.
- at det bli etablert desentraliserte veteransenter med relevant kompetanse for rekreasjon og rehabilitering.
- opprette eit eige veteranombod.
- at totalforsvarskonseptet blir fornya og vidareutvikla for å utnytte sivile og militære ressursar på ein betre måte i fred, krise, katastrofe og krig.
- at innan samfunnstryggleik og vernebuing bør det sivil-militære samarbeidet – begge vegar – bli vurdert for å klargjere kva kapasitetar som er nødvendig å dublere i ein konflikt/krigssituasjon.
- arbeide for at det bli etablert eit minnesmerke for krigsseglarar i Stortinget.
- at veteran- og frigjeringsdagen må takast vare på for å synleggjere den innsatsen som er gjort i kampen for fred og demokrati.

Velferdssamfunnet

MÅLET TIL KRISTELEG FOLKEPARTI er eit velferdssamfunn som gir tryggleik og like moglegheiter for alle. Eit slikt samfunn sikrar likeverdige levekår. I eit velferdssamfunn viser den einskilde og samfunnet omtanke og omsorg for dei mest sårbare. Velferdssamfunnet skal sikra det felles beste, det vil sei samfunnsforhold som gjer at både enkeltmenneske og grupper kan leva gode liv og realisera sitt potensial.

FRAMLEIS HAR VI ein veg å gå før samfunnet vårt har gjort verkeleg det felles beste. Sjølv om dei fleste innbyggjarane i Noreg lever trygge og gode liv, er det for mange som av ulike årsaker står i utkanten av eller utanfor fellesskapet. Vi ser aukande sosiale skilnader og ein barnefattigdom som betyr at ikkje alle barn har like høve. Vi er vitne til høgare arbeidsløyse enn på lang tid. Ein stor del av dei som er i arbeidsfør alder står utanfor arbeidslivet. Fattigdom, einsemd, fysiske og psykiske helseplager, rus- og alkoholproblem er viktige årsaker til utanforskap. Og utanforskap kan ramme alle. Sjukdom, inntektstap, arbeidsløyse og einsemd er noko dei aller fleste opplever ein eller fleire gongar i livet.

KRISTENDEMOKRATAR føretrekk å snakka om eit velferdssamfunn i staden for ein velferdsstat. Med dette vektlegg vi at fellesskapet er langt meir enn staten og det offentlege styringsapparatet og velferdstilbodet. Fellesskapet er alt det enkeltmenneske, dei små, naturlege fellesskapa, sivilsamfunnet, næringslivet og offentleg sektor gjer saman. Staten skal ikkje overta velferdsoppgåver som vert godt løyste av enkeltpersonar, familiar og sivilsamfunnet. Det offentlege skal involvere seg så mykje som naudsynt for å sikra sosial rettferd og grunnleggande inntektssikring og velferdstenester.

EIT MODERNE VELFERDSSAMFUNN må legge til grunn eit breiare velferdsbegrep. Dagens grunnleggande tese er at menneskeleg velferd og livskvalitet aukar i takt med at levestandarden blir auka. Til eit visst punkt er dette sant. Mennesket kan ikkje leve gode liv dersom ikkje dei grunnleggande materielle og sosiale behova er dekt. Tryggleik for at sjukdom, arbeidsløyse eller alderdom ikkje betyr fattigdom og sosial ekskludering er nødvendig for å ha livskvalitet. Mennesket har samtidig også andre behov: Fellesskap med venner, tid med familien, kulturelle opplevingar, religiøst liv og utdanning er alle faktorar som gir livskvalitet, men som ikkje så lett kan mållast med økonomiske indikatorar. Kristendemokratiets ikkje-materialistiske utgangspunkt gir grunnlag for velferdspolitik som vektlegg livskvalitet framfor levestandard.

I EIT VELFERDSSAMFUNN har enkeltmennesket klare rettar, men også klare plikter. Rettane og pliktene skal vere like, uavhengig av sosial, kulturell og etnisk bakgrunn. Ikkje alle kan vere sjølvforsørgjande gjennom eige arbeid og egne inntekter. Det offentlege må legge til rette for eit fullverdig liv for desse, og ta ansvar for eit godt, tilgjengeleg og påliteleg tryggleiksnett for alle.

VI MÅ LIKEVEL HALDE FAST ved at målet er at den einskilde tar vare på seg sjølv og sine næraste. Eit personleg ansvar er den beste vegen til sjølvrespekt, sjølvstende og livskvalitet. Vi vil unngå at det blir utvikla ein mentalitet som ikkje balanserer rettar og plikter, eller at det vert skapt unødvendige avhengigheitsforhold til staten for enkeltmenneske og sivilsamfunn.

ETTERSOM VELFERDSSTATEN gradvis har blitt bygd ut og oppgåvene har blitt fleire, har kostnadene knytt til velferdsstaten auka betydeleg. Vi må unngå at velferdsstaten blir så omfattande at den avgrensar framtidige generasjonars velferd. Det vil bryte med den kristendemokratiske ideen om solidaritet og ansvar mellom generasjonar.

Seniorpolitikk

– mykje å leve for heile livet

Eldre er rike på livserfaringar og er ein stor ressurs for samfunnet. Eldre skal kunne leve sjølvstendige, aktive, trygge liv og halde seg friske så lenge som mogleg. Det gir livskvalitet å få vere ein aktiv samfunnsborgar heile livet. Komande eldregenerasjonar vil vere friskare, ha betre utdanning og betre økonomi enn nokon tidlegare generasjon. Eldre må få lov å vere bidragsytar i familie- og samfunnslivet. Når behova for hjelp melder seg, må eldre få gode tilbod om nødvendige helsetenester, eigna buform og annan hjelp. Ein skal kunne leve eit godt og meningsfylt liv med ansvar for seg sjølv og eigen helse så lenge ein har høve til det.

Aktive seniorar

Eldre som ressurs

Altfor mange seniorar opplever å bli sett utanfor eit samfunn som ikkje lenger vil dra nytte av deira kunnskap, kompetanse og erfaring. KrF vil arbeide målretta for å motverke diskriminering og at seniorar vert skyve ut frå arbeidslivet. Det er nødvendig med ei haldningsendring til eldre i arbeidslivet, og samfunnet bør motivere senioreine til å stå lenger i arbeid.

Det er viktig med gode ordningar for arbeidstakarar som på grunn av helseplager må trappe ned eller slutte tidlegare enn den generelle pensjonsalderen. Personalpolitikken i både offentleg og privat sektor må sette arbeidsmiljøet og kompetanseutvikling for seniorane på dagsordenen. KrF ynskjer at det blir lagt til rette for gode og fleksible overgangar mellom full yrkesaktivitet og pensjonistlivet.

Mange seniorar ynskjer å bidra aktivt i samfunnet, også sjølv om dei ikkje lenger er i løna arbeid. Desse kan vere ein stor ressurs i ulike formar for frivillig arbeid. Eldre i institusjon som er i stand til det og har lyst til det, må få delta i oppgåver til glede for seg sjølv og andre bebuarar.

Bustad

Dei fleste eldre ynskjer å bu heime heile livet eller så lenge som mogleg. Tilpassingar i eigen bustad for å møte alderdommens behov kan vere ei løysing for å kunne bu heime lenger. KrF vil ha ein innovativ tilnærming til utbetring av eksisterande bustadmasse og utvikling av nye buformer. Alders- og demensvennlege bustader og område skaper god livskvalitet for fleire. Det bør bli etablert nasjonale støtteordningar gjennom Husbanken for dette behovet. Mange eldre bur aleine og har behov for bufelleskap og generasjonsbustad. Det må bli stimulert til bygging av fleire bustader med servicefunksjonar, lettstelte leilegheiter, bustader og «seniortun», der bebuarane kan ha fellesfunksjonar. Kommunane bør etablere rådgivingstenester for bustadstilpassing slik at borgarar kan setje i verk endringane sjølv. Det vil lette overgangen mellom eit aktivt seniorliv og den perioden av livet ein treng hjelp til ein del oppgåver.

Møteplassar for seniorar

Mange eldre opplever einsemd. Å treffe andre og ha sosialt fellesskap er ein viktig kvalitet i livet som må leggjast til rette for når ein blir eldre. KrF vil at det skal leggjast til rette for ulike møteplassar som inkluderer eldre for sosialt samvær, gode måltid, stimuli til aktivitet og utvikling av nye dugleikar.

Dei fleste eldre- og aktivitetssenter har velutvikla tilbod som det bør bli bygd vidare på. Ulike rådgivingstenester kan vere funksjonar som kan bli lagt til seniorsentre. KrF vil at eldre-, aktivitets- og seniorsenter skal vere eit tilbod til alle eldre borgarar, og sentera bør få utvida handlingsrom og drive oppsøkande verksemd. Auka samarbeid mellom eldresenter og frivilligsentralar vil vere positivt, også for mange eldre som sjølv ynskjer å bidra med frivillig innsats. Seniorsentera kan bidra til å auke senioranes kompetanse, og dessutan kan sentera vere eit sentrum for «arbeidsformidling» av små jobbar som seniorar kan utføre. Samlokalisering av til dømes

seniorsenter og fritidsklubbar kan bygge relasjonar mellom generasjonane. Det er viktig å førebygge sjukdom og skader blant eldre, og eldresenter er eit viktig førebyggjande tiltak.

KrF vil

- sørge for kompetanseutvikling og livsløpsbasert inkludering i arbeidslivet.
- sørge for tiltak som fremjar særskilt rekruttering av eldre til arbeidslivet.
- styrke Senter for seniorpolitikk.
- styrke karriererettleiingstilbod for seniorar.
- legge til rette for at eldre skal ha god tilgang til kollektivtransport og sikre gode TT-ordningar (Tilrettelagt transport) for dei med særlege behov.
- systematisere mentorordningar mellom seniorar og yngre arbeidstakarar.
- stimulere til meir aktiv seniorpolitikk i staten ved å la den einskilde etat bere kostnaden ved avgang til AFP.
- at særaldersgrensa for pensjon vert heva og for einskilde grupper vert fjerna.
- leggja betre til rette for å kombinera arbeid og pensjon, mellom anna ved å avskaffe særskilte arbeidstidsavgrensande regler for yrkesaktive personar over 70 år.
- arbeida for at verknad av pensjonsreformas intensjonar vert mest mogleg samsvarande i både private og offentlege pensjonsordningar.
- legge til rette for å bruke den ressursen eldre frivillige seniorar kan utgjere i barnehagar, aktivitets-skular, kulturelle tilbod, kyrkjer og idrett og så vidare.
- ha auka satsing på ulike tiltak som fremjar kontakt og samspel mellom generasjonane.
- ha fleire fleksible støtteordningar som stimulerer til ombyggingar slik at fleire eldre kan bli buande i sin eksisterande bustad.
- ha utvida tilskotsordningar frå Husbanken til fleire seniorbustader, mellom anna stimuleringsmidlar til å bygge bustader i fellesskap.
- legge til rette for tilskotsordningar til ulike typar generasjonsbustader.
- legge til rette for at ideelle organisasjonar kan bygge og drifte «Omsorg+»-konsept¹¹.
- vidareutvikle møteplassar for eldre og stimulere til nye aktiviteter og tenester.
- ha ein handlingsplan for aktive seniorar, der både kommunar og frivillige organisasjonar bli stimulert til tilrettelegging for meir fysisk aktivitet for eldre menneske.

Eldreomsorg

Framtidas eldreomsorg skal ha tenester med kvalitet, innhald og kapasitet. Det må blir lagt til rette for at eldre kan få dekkja sine grunnleggjande fysiske, psykiske, sosiale og åndelege behov. Alle skal få god hjelp utifrå den einskilde behov. Dei sjukaste eldre må bli sikra sjukeheimsplasser. Det må bli satsa på kvalifiserte tilsette og tilrettelagde aktivitetstilbod. KrF vil arbeide for rekruttering og vidareutdanning av sjukepleiarar og anna helsepersonell. Eit større og rikare mangfald vil prege framtidas Noreg og omsorgstenester framover. Å fremje likestilling og motarbeide diskriminering vil difor vere grunnleggjande i pleie- og omsorgstenesters møte med ulike menneskes bakgrunn og behov.

KrF vil satse systematisk på innovasjon i tenester framover og gi rom for ideelle og andre private aktørar som vil bidra til utvikling av betre system og tenester til eldre. Brukarmedverknad er avgjerande for å auke tilfredsheit med helsetenester.

¹¹ Omsorg+ er eit konsept med omsorgsbustader for eldre som ikkje har behov for sjukeheimsplass, men som har problem med å klare seg i eigen bustad. Det kan for eksempel vere tilpassa leilegheiter som er bygd rundt fellesrom med moglegheit for ulike aktiviteter og sosialt fellesskap, og der det er bemanning heile døgnet i form av ein husvert.

Rett buform for eldre

Eigna buform er ein nøkkel til ein god eldreomsorg. Det må difor vere ein rett balanse mellom heimebaserte tenester, ulike typar omsorgsbustader og sjukeheims plasser. Vi vil harmonisere finansieringsordningane for sjukeheims plasser og omsorgsbustader. Andre sentrale moment er mellom anna finansiering av medisinar, medisinsk-teknisk utstyr og nødvendige tenester frå ulike yrkesgrupper. Kommunane bør utarbeide planer for ei samanhengande omsorgstrapp, der det å kunne bu heime, få heimesjukepleie, tilbod om dagsenter, dagtilbod i institusjon, omsorgsbustad, bustad med heildøgns omsorg og pleie og sjukeheims plass er trinna.

Når medisinske behov tilseier det, har den einskilde ein lovfesta rett til heildøgns pleie og omsorg. KrF vil følge opp dette med naudsynte løyvingar til bygging av fleire plasser og midlar til drift. Nye sjukeheimar må bli bygd og drive annleis og vere mest mogleg likt ein heim, mellom anna med tidspunkt for måltid. KrF vil at sjukeheimane skal bli bygd med små familiære einingar med heimleg miljø og lågare bebuartettleik, med gode ute- og innefasilitetar der bebuarane på eigenhand kan bevege seg trygt åleine både inne og ute, utan stengslar og gjerder. Sjukeheim og omsorgssentera bør fungere både som heim og nærmiljø, organisert med til dømes kafé, matbutikk, frisør og liknande. Slike løysingar er bra for alle brukargrupper på sjukeheim og omsorgssentera.

Innovasjon for livskvalitet

Teknologi er blitt ein stor del av kvardagen for dei fleste. Det gir nye høve for sjølvstende og tryggleik. Det er viktig at eldre har tilbod om og tilgang til kurs og hjelp innan IKT, slik at dei framleis kan klare seg sjølv i ein stadig meir digitalisert samfunn. For KrF er det viktig å understreke at teknologi ikkje skal erstatte den menneskelege kontakten og fysisk nærleik, men det kan forenkla ein del funksjonar og i beste fall frigjere tid frå rutineoppgåver slik at andre viktige oppgåver kan gjerast. Teknologien kan i hovudtrekk bidra til tryggleik, kompensasjon og velvære, sosial kontakt og behandling. All framtidig teknologi og tenester som bruker teknologi må vere tilpassa brukarane, og det må vere eit mål å designe ein så brukarvennleg teknologi at det i liten grad krev opplæring.

Ved teknologiske innovative løysingar kan ein løyse ein del av det som i dag står fram som barrierar for å klare seg lenger i eigen heim. Slik kan fleire eldre bu i eigen heim opptil fleire år lenger. KrF vil ha ein kraftig auke i satsinga på innovasjon innan velferdsteknologi og hjelpemidlar.

Kvalitet i omsorga

Kvalitet i eldreomsorga legg som premiss at arbeidet er attraktivt for alle yrkesgrupper ein treng for ein verdig eldreomsorg. Fleire yrkesgrupper må inn på sjukeheimane for å skape pulserande kvardagsliv. Det må bli lagt til rette for at alle tilsette i eldreomsorga får høve til fagleg utvikling. Tilsette må få meir ansvar og høve til å styre eige arbeid. Tenester må kunne bli bygd ut med eit betre samspel mellom familie, nettverk, naboar, lokalmiljø, frivilligheit og tenester.

Eldre må få høve til å leve eit mest mogleg normalt liv, med normal døgnrytme, sosial kontakt og høve til å kome seg ut i frisk luft. Alle skal ha krav på eit variert og tilstrekkeleg kosthald og tilpassa hjelp ved måltid. Alle eldre skal ha eit tilbod om samtalar om eksistensielle spørsmål, og i livets slutfase skal alle ha krav på lindrande behandling og bli sikra ein verdig død. Det skal vere eit offentleg ansvar å sikre og finansiere nødvendige omsorgstenester av god kvalitet. Ordninga med omsorgsløn for familiar som sjølv utfører omsorgstenester må forbeholdast. KrF ser det som ein stor verdi at familie og nettverk ynskjer å følge opp og ta vare på sine eldre, og dei skal ikkje bli stilt i ein økonomisk dårleg situasjon i ei slik oppfølging.

Ein må unngå at den sjuke eldre blir kasteball mellom tenester. Det må alltid bli sikra at den sjuke og deira pårørande er informert om kva teneste som har ansvar for å gi nødvendig helsehjelp og omsorg. KrF meiner at det offentlege sitt engasjement også må bli retta mot grupper som blir vurdert til å ha eit særleg behov for tannhelsetenester.

Ideelle, private og frivillige aktørar er viktige for å bidra til eit heilskapleg tilbod, betre kvalitet og valfridom for brukarane. Når tenester skal avskaffast ved anbod, bør det bli vektlagt når organisasjonar leverer tenester med eit omfattande supplement av frivillige ressursar som aukar kvaliteten. Sjukeheimane må vere stader der bebuarane får god omsorg, kulturopplevingar og livsinnhold utifrå sine individuelle behov og preferansar. Det må få rom for frivillige initiativ for å gje eldre gode kvardagslege opplevingar. Sjukeheim må opnast opp og gjerast attraktive for nærmiljøet og vere organiserte med utgangspunkt i eit pulserande kvardagsliv, kvardagslege aktivitetar og døgnrytme. Livet er meir enn det å få dekt grunnleggande behov for helsehjelp. Visjonen må vere at den einskilde så langt det er mogleg kan halde fram å leve slik ein har levd heime.

Demens

Talet på menneske med demens framover vil auke. Det krev tidleg utgreiing og diagnose for å kunne planlegge og leggje til rette kvardagen. Aldersvennlege omgivnader som er tilrettelagt med tanke på demens er viktig i

nærmiljøet. Alle kommunar bør bli med i prosjektet «Demensvennleg samfunn» for å sikre at dei med demens i tidleg fase får oppleve å vere inkludert og involvert i lokalmiljøet. For at personar med demens skal kunne bu heime så lenge dei og deira pårørande ynskjer det, må tenestetilbodet bli tilpassa deira behov for hjelp, støtte og avlastning, også i heimen. Individuelle planer bør bli brukt i mykje større grad for personar med demens. Mange treng heildøgns pleie og omsorg i små familiære einingar som er tilrettelagt for demenssjuke og deira behov for tryggleik, aktivitet og gode opplevingar. Det må bli vektlagt korleis ein er vant til å leve sitt liv og leggjast til rette for både gode inne- og utefasiliteter med rørslefridom og meiningsfylt kvardagsliv. Når fleire av bebuarane på sjukeheim har ein demensliding, blir det ekstra viktig å ta godt vare på dei bebuarane som ikkje har demens.

Kvardagsrehabilitering

Systematisk trening for eldre førebygg sjukdom og skade og aukar deltaking i kvardagslivet. Førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak og tidleg innsats ved kvardagsrehabilitering skaper sjølvstende og auka livskvalitet. Kvardagsrehabilitering medan brukarane bur i eigen heim bør bli brukt i langt større grad enn i dag. Det er brukaranes eigne mål for sjølvstende og være sjølvhjelpen som bør bli sett i fokus. Kvardagsrehabilitering inkluderer både tiltak for individuell trening og endringar av omgjevnadene for at de skal kunna meistra kvardagslivet.

Etikk

Etiske refleksjonar bør bli ein større integrert del av den daglege oppfølginga innan pleie- og omsorgsyрке. KrF meiner det bør bli oppretta etiske refleksjonsgrupper i kommunane. Kvalitet i eldreomsorg krev godt kvalifisert og eigna personale, og ei dyktig leiing.

Omsorg ved livets slutt

Lindrande (palliativ) behandling for menneske i livets slutfase er ein viktig del av ein verdig alderdom. Lindrande behandling må få individuelt og etter behov i heimen, i eigen avdeling eller på sjukeheim, eventuelt i samarbeid mellom kommunar. Det er nødvendig med auka kompetanse om omsorg ved livets slutt blant tilsette som jobbar i eldreomsorga. Noreg er et av dei landa der færrest menneske dør heime. Mange menneske ynskjer å fullføre livet heime, og KrF vil arbeide for at fleire får høve til dette. Mange frivillige og ideelle aktørar har god kompetanse på palliativ omsorg i folk sine heimar. Fastlegenes rolle må klargjerast. KrF vil at kommunane skal utvikle eit opplæringsprogram for tilsette i omsorgstenesta som skal gi grunnleggjande kompetanse i lindrande behandling. Pårørande må få støtte og rettleiing gjennom pårørandekurs og samtalegrupper. *Sjå også kapitlet «Menneskeverd i alle livets fasar».*

KrF vil

- fremje ein kraftig auke i satsinga på innovasjon innan velferdsteknologi og hjelpemiddel og legge til rette for å ta i bruk produkt og tenester frå gründere i samarbeid med tenesteytarar og brukarar.
- styrke forskning og utvikling av velferdsteknologi og styrke det nasjonale senteret som samlar, prøver ut og spreier informasjon om korleis slik teknologi kan bli brukt på ein positiv måte av eldre og i eldreomsorga for å skape auka tryggleik.
- at det skal bli innført ei målsetting om at minst 25 prosent av den samla verksemda i omsorgssektoren blir organisert og driven som ideell verksemd innan 2025.
- leggje til rette for å organisere heimetenestene slik at denne i større grad kan styrast av dei tilsette, brukar og pårørande og leggjast til rette i samspel med familie, nettverk, naboar, lokalmiljø og frivillighet.
- gi bebuarar på sjukeheim tilgang til psykolog.
- at kommuneøkonomien blir styrka slik at kommunane kan ta vare på auka oppgåver innan eldreomsorga i lys av samhandlingsreforma.
- gi ektepar høve til å bu på same sjukeheim, sjølv om den eine ikkje har like store behov for pleie.
- opprette etiske refleksjonsgrupper for helse- og omsorgssektoren i kommunane.
- opprette eit nasjonalt eldreombod.
- tilføre kommunane økonomiske midlar til å sørge for praksisplassar med medisin- og helsefagstudentar.
- Føresegn om krav om praksisplassar i den kommunale helse- og omsorgstenesta innan medisin, sjukepleie og andre helsefag som sikrar god praksis- og turnusrettleiing.

- styrke rehabiliteringstilbodet for eldre etter sjukdom, slik at den einskilde kan få funksjonsevna tilbake og sjølv kan klare daglegdagse gjeremål.
- Prioritere førebyggjande og tryggleiksskapande tiltak, tidleg innsats ved kvardagsrehabilitering og lage ein heilskapleg og forpliktande opptrappingsplan for innføringa av eit slikt tilbod i kommunehelsetenesta.
- utvikle ein minstenorm for bemanning og kompetanse i sjukeheim og heimetenester basert på helse- og omsorgsbehov.
- auke innsatsen for å halde fram med og rekruttere personell gjennom mellom anna heiltidsstillingar, styrka lønsvilkår og gode arbeidstidsordningar for å sikre kvalitet og kontinuitet i tenester.
- auke talet på sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar i sjukeheim og heimesjukepleie for å sikre kvaliteten i tenester i møte med meir samansette og kompliserte arbeidsoppgåver.
- styrke aldersrelatert hjerneforskning og forskning på demenslidningar.
- sikre medisinskfagleg utgreiing av personar med demenssymptomer.
- legge til rette for at det blir utvikla ulike dagtilbod til personar med demens og bli etablert nettverk og møteplassar for både pårørande og personar med demens.
- at pårørande til personar med demens skal få høve til å få avlasting i heimen.
- at individuelle planer bli brukt for personar med demens.
- sikre plass i tilrettelagte bueiningar for personar med demens som treng dette.
- bidra til å utvikle demensvennleg samfunn i kommunane.
- fjerne aldersgrensa på 67 år for statstilskot til særleg ressurskrevjande omsorgstenester i kommunane.
- bygge slik at ein kan bruke einingane anten som sjukeheim eller som omsorgsbustad.
- utvide pleietanken i eldreomsorga og legge til rette for tilbod om musikkterapi, minnearbeid og annan sansestimulering, til dømes sansehagar og tilbod om rettleia
- tekstskriving for alle pasientar i sjukeheim.
- at sjukeheim skal opnast opp og gjerast attraktive for nærmiljøet og væra organiserte med utgangspunkt i eit pulserande kvardagsliv, kvardagslege aktivitetar og døgnrytme.
- organisere og bygge sjukeheim mest mogleg likt ordinære heimar, med gode inne- og utefasiliteter etter inspirasjon frå demenslandsbyen i Nederland.
- opprette fleire heile legestillingar og større deltidstillingar for sjukeheimane i kommunane.
- få fleire yrkesgrupper inn på sjukeheimane for å skape pulserande kvardagsliv.
- sikre at det finst spesialkompetanse innan lindrande behandling i alle kommunar og arbeide for å oppretta og drive fleire lindrande (palliative) einingar.
- legge til rette for betre ordningar med omsorgsløn og avlastingstiltak for familiemedlemmer som sjølv utfører omsorgsteneste.
- utvide pleiepengeordninga til fleire grupper enn alvorleg sjuke barn og kreftpasienter i terminal fase.
- at tenestemottakerar i institusjonar skal ha høve til og tilbod om nokon å snakke med om andelege og eksistensielle spørsmål (presteteneste med meir).
- at pårørande ved livets slutt få støtte og rettleiing gjennom kurs for pårørande og samtalegrupper.
- legge forholda til rette for at private, ideelle organisasjonar kan inngå langsiktige partnerskapsavtaler/oppdragsavtaler med kommunar.
- ha auka forskning på aldring, mellom anna med å gi auka ressursar til ressursentera for sjukeheim og heimesjukepleie og sentre for omsorgsforskning.
- at eldre på ein god og systematisk måte må få informasjon om dei rettane og moglegheitene dei har.
- auke kunnskapen om vald som rammar den eldre delen av befolkninga.
- ha meir forskning på og merksemd rundt psykisk helse for eldre.
- arbeide for betre førebygging av sjølv-mord blant eldre.

Ei helseteneste med pasienten i sentrum

Kristeleg Folkeparti ynskjer eit likeverdig tilbod av helsetenester over heile landet. Respekt for kvart enkelt menneske, kvalitet, tryggleik, tilgjengelegheit og omsorg skal utgjere kjerneverdiane og skal prege helsetenester. Enkeltmennesket har ein unik eigenverdi og må ikkje blir redusert til å berre vere eit middel, men vere eit mål i seg sjølv.

Helsetenester er i særers stor grad oppgåver som både er så ressurskrevjande og så viktige for den einskilde at det er avgjerande at vi som samfunn står saman om dette som eit offentleg ansvar. Sjølv om både ideelle og private aktørar er viktige tilskot til tenester, er det for KrF særers viktig at lik tilgang på tenester, uavhengig av økonomisk evne, alder, kjønn og geografi, blir sikra gjennom offentlege tenester. Dette inneber at innbyggjarane også må bli sikra gode akutt-tilbod, uavhengig av kor dei bur i landet.

Dagens helseteneste er av høg kvalitet og ber preg av rask medisinsk og teknologisk utvikling. Denne utviklinga har mellom anna ført til ein rekke nye, kostbare behandlingsmåtar for ulike sjukdomar. Dette medfører stadig oftare vanskelege prioriteringsspørsmål og dersom det ikkje blir gitt tydelege politiske prioriteringar for bruken av helsekronene, medfører det stadig vanskelegare prioriteringsarbeid for føretaka og dei som står i det daglege arbeidet på sjukehusa. Dette kan i neste omgang føre til utilsikta ulikskapar i tilbodet til innbyggjarane. Tanken om at det er betre å førebygge enn å behandle, og at behandling nærmast mogleg pasienten er den beste ressursbruken, er eit viktig grunnlag for at det skal vere mogleg å finansiere helsetenester i framtida.

Samhandlingsreforma har mellom anna som intensjon å utnytte helsekronene betre, men reforma må følgjast betre opp med reelle kostnadsberekningar enn det gjerast i dag. Finansieringssystem må innblir retta slik at det blir mogleg å arbeide tverrfagleg og på tvers av deltenester til beste for pasientane.

Etiske refleksjonar

Tilsette i helse- og omsorgstenesta opplever dagleg mange vanskelege situasjonar og problemstillingar. Behovet for god praksis i møtene mellom omsorgsarbeidarar og menneske som er avhengig av helsetenester, er særers viktig. Å vise respekt, tillit og omsorg krev etisk klokskap og eit bevisst forhold til eigne verdiar og haldningar.

Starten av livet

Svangerskapsomsorga må blir styrka med tettare oppfølging frå jordmor, følgjeteneste med jordmor, og god dekning av fødeavdelingar og barselavdelingar som sørgjer for langt nok opphald med tryggleik for foreldra. KrF går inn for at ordninga med førebyggjande familieteam bli utvida til å dekke flest mogleg kommunar.

Helsestasjonen er eit særers viktig lågterskeltilbod innan helsetenesta og spelar ei viktig rolle i den første fasen av eit menneskes liv. God oppfølging, både før og etter fødsel, med spedbarnskontroll og lovfesting av retten til heimebesøk er viktig og kan sikre førebygging og tidleg oppdaging av utfordringar både av medisinsk og mellommenneskeleg art.

Barn og unge

Skulehelsetenesta er veldig viktig som eit lågterskeltilbod for barn og unge, og er ein sentral del av godt førebyggjande arbeid. KrF meiner det er viktig å styrke og vidareutvikle tilbodet i skulehelsetenesta med fleire yrkesgrupper. Å ta i bruk og vidareutvikle tverrfagleg kompetanse og arbeidsmetodar, og samtidig ta vare på lovpålagte oppgåver vil gi meir heilskaplege tenester for barn og unge og deira føresette, samt gi tidleg og rett innsats.

Det eksisterande ungdomshelsefokuset er for snevert og særleg fokusert på risikoåtferd. Det er viktig at ein også inkluderer det generelle sjukdomsbildet i eit ungdomshelseperspektiv og arbeider for å gjere helsetenesta betre tilpassa unges behov.

Folkehelse

Det aller viktigaste helsearbeidet er arbeidet for å hindre at folk blir sjuke. Førebygging må difor få eit enda sterkare fokus enn det har hatt, både når det gjeld psykisk og fysisk helse. Førebyggjande og helsefremjande tiltak må rette seg mot personar i alle aldersgrupper, men innsatsen overfor barn må prioriterast. KrF ynskjer ei samfunnsutvikling som styrker folkehelsa og utjamnar sosiale helseskilnader. KrF meiner at folkehelselova må følgast av ein økonomisk satsing. Det helsefremjande arbeidet i nærmiljøet bør skje i samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar og brukarorganisasjonar.

Habilitering og rehabilitering

Habilitering og rehabilitering må bli eit satsingsområde i helsesektoren. Målet må vere å sikre rehabilitering og opptrening til alle som treng det. Gjennom målretta tiltak og ein generell styrking må det gjennomførast eit løft for rehabilitering. KrF ynskjer at ideelle organisasjonar framleis skal kunne drive spesialisert rehabilitering.

Sjukehus

KrF er oppteken av eit godt og trygt helsetilbod, som balanserer behovet for nærleik gjennom lokalsjukehus og lokale/desentraliserte helsetilbod og behovet for avansert behandling gjennom spesialiserte og sentraliserte institusjonar. Staten må etablere system som i sterkare grad fører til tilstrekkeleg rekruttering av helsepersonell også utanfor dei store sjukehusa. Det er behov for system som hindrar at økonomi åleine blir styrande for kva sjukehusstenester vi skal ha og kor dei skal bli utført. Dette er nødvendig for å skape tillit til helsetenester i befolkninga.

KrF meiner det må vere meir politisk styring av sjukehusa og vil avvikle dei regionale føretaka. KrF går inn for å vidareføre statleg eigarskap av sjukehusa, og at ansvarleg statsråd står for styringa av dei lokale føretaka, på bakgrunn av føringar gitt av Stortinget. Stortinget skal stå for overordna, langsiktig styring gjennom ein rullerande Nasjonal helse- og sjukehusplan, etter mønster av Nasjonal transportplan. Vesentlege endringar i sjukehusstruktur og sjukehusfunksjonar skal avgjerast av Stortinget gjennom denne planen.

Sjukehus som i dag har akuttkirurgiske tilbod skal framleis ha dette for å sikre ein forsvarleg beredskap i heile landet. Lokalsjukehusa må bli tildelt oppgåver frå dei større sjukehusa, og dei mindre sjukehusa må bli sikra som verdifulle utdanningsarenaer. Legar og sjukehus bør inngå i faste samarbeidande strukturar, rullere med teneste sentralt og desentralt, og etablere innsikt kompetansen til kvarandre. Det må bli sikra god nok kapasitet til utdanning av helsepersonell, både ved universitet og høgskular, i tillegg til at det må bli sikra tilstrekkelege praksis- og turnusplasser. Det er til dømes eit stort paradoks at sær mange nyutdanna leger står utan turnusplass, samtidig som legesituasjonen i både sjukehus og primærhelseteneste til dels er prega av vikarbyrå.

Prehospitale tenester

KrF meiner det er viktig å styrke kapasiteten og kompetansen i dei akuttmedisinske tenester utanfor sjukehusa. Det må bli vektlagt å styrke legevaktsordningane og ambulansetenesta. Det må bli sikra at ambulansane er godt utstyrt med teknologi som gjer det mogleg å diagnostisere raskt og kommunisere med vakthavande spesialist på næraste sjukehus. Ved sentralisering av spesialistkompetanse til einssilde sjukehus blir dette sær viktig.

Alle delar av landet må bli sikra dekning av luftambulanse, og både ambulanse og luftambulanse må bli sikra evne til å etterleva anbefalt responstid, i tråd med Stortingets mål om 12 min responstid i byområda og 25 min i distriktet.

Primærhelsetenesta

Dagens primærhelseteneste ber preg av godt arbeid, men lite samarbeid mellom dei ulike arbeidsgruppene. Fokuset framover bør difor ligge på auka samarbeid og samkøying, både på tvers av ulike yrke, men også med spesialisthelsetenesta. Kompetansen og ressurstilgangen må bli styrka betydeleg i lys av auka og meir kompliserte oppgåver. Det inkluderer fleire sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar, fleire helsefagarbeidarar og sameleis styrka tilgang på medisinsk kompetanse.

Tannhelse

Den offentlege tannhelsetenesta må bli sikra tilstrekkeleg finansiering for å ta vare på dei lovpålagte oppgåvene dei har. Det må bli lagt til rette for godt samarbeid mellom privat og offentleg tannhelseteneste for å ta hand om behovet for tannhelsetenester i resten av befolkninga.

Livshjelp

KrF meiner at livshjelp er viktig for å sikre ein verdig død. Livshjelp betyr å lindre smerte, både gjennom medisin, psykososiale og andeleg/eksistensielle tilbod. Dette gjeld alle nivå i helse- og omsorgstenesta der menneske er i livets siste fase og deira pårørande er. Det må bli bygd kompetanse og kapasitet innanfor lindrande (palliativ) behandling for døydde i alle aldrar. KrF ynskjer fleire lindrande einingar for behandling i sjukehusa, hospice og ambulante team for lindrande behandling som dekker kommunane. *Sjå også kapittelet «Menneskeverd i alle livets fasar».*

Psykisk helse

Psykisk helse og fysisk helse må ein ta hand om på lik linje og som ein heilskap. Det er viktig å ha ei bevisst satsing på førebygging og tidleg oppdaging og behandling av psykiske lidningar. God dekning av både offentlege og privatpraktiserande spesialistar er vesentleg for å unngå at ventetid skal føre til auka problem, eller at ein lar vere å søke hjelp før problemet er særst stort. Kommunale, førebyggjande lågterskeltilbod innan psykisk helse i form av kommunepsykologar må bli styrka og bli utvida. Døgnbehandling er framleis viktig, også innan psykiatri, og den store reduksjonen av sengeplassar på psykiatriske avdelingar og DPS må difor bli stoppa.

Det er viktig med kvalitetssikring og harmonisering av utgreiing og behandling for ulike lidningar, men ei eventuell innføring av «pakkeforløp» innan psykiatri må samtidig ta høgde for at pasientar, lidningar og dimed behandling har større individuelle skilnader innan psykiatri enn mange andre medisinske felt. Behandlingslengde og metode må vere basert på ein heilskapleg klinisk vurdering av den einskilde tilstand inkludert anerkjent psykiatrisk diagnostikk, og må ikkje vere styrt einseitig av økonomi og skjematisk gang.

Det må også bli lagt godt til rette for at personar med psykiske lidningar og rusproblem kan få behandling både med og utan medikament, med vekt på kvardagsrehabilitering og kvardagsmestring. Dette bør gjerast som ein integrert del av behandlingstilbodet, samtidig som omgrepet «medikamentfri behandling» må få eit tydeleg innhald.

KrF meiner at alle barn og unge skal få eit tilgjengeleg og likeverdig helsetilbod av høg fagleg kvalitet, uavhengig av sosial bakgrunn og kor i landet dei bur. KrF vil arbeide for eit kunnskaps- og kvalitetsløft på dette området, og vil vidareføre øyremerkte midlar til psykiatrisatsing for ungdom. Desentraliserte tenester må vidareførast og byggast ut vidare, med mellom anna fleire årsverk innan psykisk helsearbeid i kommunane, bindande norm for skulehelsetenesta, fleire psykologar, døgntilbod i kontinuerleg drift innan psykisk helsevern og utstrekt bruk av ambulante team. I tillegg må kommunane bli pålagt å definere kven som har det overordna ansvaret for hjelpetenester til barn og unge.

Opptappingsplanen for psykisk helse vart avslutta for tidleg. Det trengs ein ny opptappingsplan innan psykisk helse med øyremerkte midlar til førebygging og behandling, inntil desse helsetenestene har nådd eit både kvalitativt og kvantitativt riktig nivå. Dette må bli samordna ved at rus og psykiatri vert inkludert i samhandlingsreforma. KrF vil arbeide for å styrke det faglege grunnlaget for ikkje-medikamentell behandling.

Bioteknologi

KrF ynskjer å utnytte dei moglegheitene bioteknologi gir til mellom anna betre behandlingsmetodar for sjukdom og skade. Det må bli satsa på etisk forsvarleg forskning, utvikling og behandling. Etikken må sette grenser for teknologien, ikkje omvendt. KrF vil ha eit samfunn med plass til alle. Sjukdomstesting og sortering på bakgrunn av eigenskapar og sjukdom blant spirande liv er ikkje i samsvar med dette. Spirande liv har sin eigenverdi og skal ikkje bli brukt som middel for andre. *For meir om dette, sjå også kapittelet «Menneskeverd i alle livets fasar».*

Forsking på kvinnehelse

Det er behov for å styrke forskinga på kvinnesjukdomar for å sikre rett diagnose og behandling så raskt som mogleg og auka kompetanse blant fastlegene på kvinner sitt sjukdomsbilde. Det er også behov for forsking på kjønnsforskjellar når det gjeld verknader og biverknader på legemiddel.

Seksuelle minoritetar

KrF vil at alle menneske skal kunne leve ope med sin seksuelle orientering. Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT) har krav på respekt og ein kvardag utan diskriminering og hatvald. Det er kjent at sær mange unge LHBT-personar slit med sjølv mordstankar. Rusavhengigheit og psykiske problem er også overrepresentert i denne gruppa. Det er behov for ein forsterka innsats for å førebygge desse problema, og både skulen og helsetenesta må involverast sterkare.

KrF ynskjer at det skal gjennomførast ein levekårsundersøking blant LHBT-personar, for å kartlegge behovet for målretta tiltak innanfor psykisk helse og i kampen mot diskriminering. Kjønn og seksuell orientering er ein grunnleggande del av vår identitet, og når menneske opplever utfordringar knytt til dette, må det bli tatt på alvor både av helsepersonell og politikarar. I saken om juridisk kjønn handlar vår tilnærming om å betre levevilkåra for denne gruppa, men vi trur ikkje det er riktig å redusere desse spørsmåla til språklege konstruksjonar. KrF vil difor heller ikkje innføre eit tredje kjønn.

Innovasjon i helsetenesta

KrF er positiv til innovative løysingar med omsorgsteknologi. Dette kan aldri erstatte den menneskelege pleie, men kan frigjere ressursar og tid til pleie. *For meir om innovasjon i eldreomsorga, sjå også kapitlet «Seniorpolitikk – mykje å leve for heile livet».*

Innføringa av IKT i helsetenesta går for seint og har for lite samordning. Ein må difor intensivere arbeidet med å utvikle og innføre gode elektroniske samhandlingsløysingar.

Organdonasjon

Med bakgrunn i kjennskapen til befolkningas positive haldning til organdonasjon bør det blir lagt til rette for at dette arbeidet blir styrka ytterlegare. Det bør bli vurdert eit obligatorisk kursopplegg og sertifisering for donorphersonell.

KrF vil

- følgje opp prioriteringsutgreiingane som er gjort i 2014 og 2015 og sørge for at desse får praktisk nytte, både når det gjeld den einskilde pasient, grupper av pasientar og overordna planlegging av helsetenester.
- greie ut moglegheitene for gradert/høgare eigenbetaling for lågt prioritert behandling.
- at kommunane skal få faglege og økonomiske føresetnader for å ta imot utskrivingsklare pasientar også frå institusjonar innan rus og psykisk helsevern.
- auke førebyggingsdelen av helsebudsjettet til 4 prosent.
- styrke samarbeidet mellom skulehelsetenesta og PPT.
- innføre ein kvalitetsnorm for skulehelsetenesta og øyremerke midlar i ein opptappingsperiode, til tenesta når riktig nivå.
- sikre tilstrekkeleg kapasitet på helsestasjon for barn og unge.
- sikre at alle fødande har jordmor til stades under aktiv fase av fødsel, i tråd med faglege anbefalingar.
- vurdere ein nasjonal opptappingsplan for å sikre tilstrekkeleg jordmorkapasitet i både kommune- og spesialisthelsetenesta.
- gjennomføre ein nasjonal kartlegging av kompetansebehov og etablere ein opptappingsplan for å fylla behovet for spesialsjukepleiarar i sjukehusa.
- styrke psykisk helsevern med fleire ambulante team, døgnberedskap og brukarstyrte sengeplassar. *Den gylne regel*, der psykisk helse og rus skal prioriterast med meir ressursar kvar for seg enn somatisk helse, må vidareførast og følgjast opp.
- arbeide for at kunnskap om psykisk helse blir ein del av oppløringa i barnehage og skulen, mellom anna gjennom undervisningsopplegget «Livsmestring i skulen».
- at det skal utarbeidast ein nasjonal strategi for ungdomshelse for å gi ein nødvendig kunnskapsauke og for å gi betre tilpassa behandling for ungdom i helsetenesta.
- sikre ein økonomisk forpliktande opptappingsplan for barn og unge sin psykiske helse.
- at rett til helsehjelp til barn som er pårørande også skal gjelde sysken.

- at private ideelle rehabiliteringsinstitusjonar må bli sikra betre rammevilkår gjennom langsiktige avtaler.
- at kritisk sjuke barn i ein terminal fase bør bli tilbydt eit liknande tilbod om livshjelp som det som blir gitt til eldre.
- at det bli oppretta ambulante team/heimesjukehus for alvorleg sjuke barn tilknytta alle helseregionar.
- styrke innsatsen på forskning, behandling og oppfølging av ME¹².
- arbeide for at personar som har behov for kjønnskorrigerering får eit godt helsetilbod.
- opprette fleire stillingar for spesialistar innan geriatri og alderspsykiatri.
- styrke tilbodet om helsetenester til innvandrargrupper, også dei som ikkje har fått varig opphald, spesielt informasjon, førebygging og kosthald.
- styrke innsatsen innan forskning, behandling og oppfølging av kombinerte diagnosar mellom rus og psykiatri.
- styrke ordninga med luftambulansar, spesielt i område med lang reiseavstand til næraste sjukehus med akutfunksjonar, og føresegningsfeste absolutt krav om responstid for utrykningsfartøy i tråd med Akuttutvalets tilråding.
- at talet på AMK-sentralar med ansvar for flåtestyring av legehelikopter bør blir redusert til *ein* i kvar helseregion. På lengre sikt bør det avgrensast til ein i Nord- og ein i Sør-Noreg.
- vurdere om folketrygdas stønadsordningar for tannhelse bør bli utvida, og om fleire grupper bør inkludera i ordningane.
- vidareføre kompetansemiljøa i dei regionale odotologiske kompetansesentera.
- at tilbodet om assistert befrukting vidareførast innan etiske rammer, og sikre barns rett til å kjenne sitt biologiske opphav ved at parets eigne arveanlegg bli brukt.
- at anonymitet for sædgivarar ikkje skal blir gjeninnført.
- at assistert befrukting skal bli tilbydt, og at det skal befruktast like mange egg som skal bli brukt i behandlinga.
- ikkje tillate eggdonasjon.
- oppretthalde forbodet mot altruistisk og kommersiell surrogati i Noreg, og bidra til å nedkjempe utnytting av fattige kvinner i den internasjonale surrogatiindustrien.
- avvikle og forby PGD og PGD/HLA¹³.
- gå imot innføring av tidleg ultralyd (veke 11-13) og blodprøve som kartlegg sjukdom og eigenskapar hos fosteret (NIPT) til alle (screening).
- ha auka forskning på bruk av adulte stamceller¹⁴ og ikkje bruk av embryonale stamceller¹⁵ i forskning og behandling.
- auke bruken av ergoterapeutars kompetanse for kartlegging, utprøving, tilrettelegging, rettleiing og oppfølging i bruk av velferdsteknologi og tekniske hjelpemiddel.
- sikre krisesentera økonomisk driftsgrunnlag, i tillegg til god samhandling med kommunane og frivillige.
- auke midla til landsdekkande hjelpetelefoner.
- greie ut tilgang til delvis takst/betaling for optikarar når helsesøster/skulehelsetenesta/fastlege tilviser barn under 18 år for generell utgreiing og oppfølging.
- at en må intensivera arbeidet med å utvikle og innføre gode elektroniske samhandlingsløysingar i ulike delar av helsetenesta.

¹² Kronisk utmattelsessyndrom (CFS frå den engelske betegnelsen *chronic fatigue syndrome*) er den vanlegste betegnelsen på ein variabelt svekkande lidelse eller lidelser som defineres generelt ved vedvarande utmattelse som ikkje er relatert til anstrengelse, som ikkje vert redusert vesentleg av kvile, og som er ledsaga av andre spesifikkje symptomer i minst seks måneder. Lidelsen kan også bli referert til som post-viralt utmattelsessyndrom (når tilstanden oppstår etter influensalignande sjukdom), myalgisk encefalomyjelitt (ME) og ellers fleire andre betegnelser.

¹³ Diagnostikk av befruktaegg før implantering i livmor (PGD) og diagnostikk med vevstyping for eventuelt å kunne bere fram søsken med ynska vevstipe som donor (PGD/HLA).

¹⁴ Adulte stamceller er celler frå fødte individ.

¹⁵ Embryonale stamceller er henta frå befruktete egg.

- styrke rekrutteringa av organdonorar og gjere det enklare å vise at ein er organdonor.
- gi rett til pleiepengar når barnets helsetilstand gjer at foreldra ikkje kan stå i arbeid, også når foreldre ikkje har opptente rettar til dette. For desse bør nivået på ein slik utbetaling bli sett til 4,5 G per år.
- setje i verk ein evaluering av regelverket til Pasientreiser.
- arbeide for å sikre mange nok turnusplasser.
- sikre alle papirlause nødvendig helsehjelp.
- at eit protonsentor for kreftbehandling må bli etablert i Bergen, i tillegg til Oslo.
- styrke innsatsen på forskning, behandling og oppfølging av barnekreft.

Solidarisk ruspolitikk

Menneskeverdet og nestekjærleiken er retningsgivande for KrF sin ruspolitikk. Dette inneber at vi som samfunn har ein plikt til å stille opp for sterkt hjelpetrengande rusavhengige og hjelpe dei til eit verdig liv. I tillegg inneber det å ha ein ruspolitikk som er til hjelp for dei som står i fare for helseskade av sin rusmiddelbruk. Vår politikk sikter mot å gje hjelp til familie-medlemmer, spesielt barn, som vert belasta av at nokon i familien ruser seg regelmessig. Nøkkelorda i KrFs ruspolitikk er solidaritet med dei som slit, omsorg for dei som har problem, og førebygging av skader.

KrF står målet frå Folkehelsemeldinga om å redusere skadeleg alkoholbruk med 10 prosent. Det er difor behov for ein nasjonal alkoholstrategi, som skildrar korleis en oppnår dei alkoholpolitiske måla. Ein nasjonal alkoholstrategi representerer ein høve til å sjå alkoholpolitikken på tvers av sektorar. Den førebyggande delen av ruspolitikken er i dag i stor grad prega av svak kunnskapsorientering og ein skjenkepolitikk som tillegger næringspolitiske omsyn særst stor vekt.

Ein solidarisk alkoholpolitikk handlar om å redusere alkoholmisbruk, som har dokumentert samanheng med kriminalitet, helseskadar, familieoppløysing og vald. Det betyr mellom anna å oppretthalde ein relativt høg pris på alkohol og avgrense tilgjengelegheita. I desse sakene ynskjer KrF å gi omsynet til helse klar forrang framfor næringspolitiske omsyn.

KrF vil at det skal vere alkoholfrie soner og vil føre ein politikk som legg til rette for arenaer utan bruk av alkohol. Viktige alkoholfrie soner er aktivitetar for barn og unge, i trafikken, i arbeidslivet og i idrettssamanheng. Vi må arbeide kontinuerleg for å redusere talet på dødsfall forårsaka av rus i trafikken.

Behandlingstilbodet for rusavhengige er mange stader særst godt, men har så lange ventetider at det ofte er særst vanskeleg for den avhengige å få hjelp medan motivasjonen framleis er til stades. KrF ynskjer eit behandlingstilbod som er mangfaldig og kunnskapsbasert og der det overordna målet må vere rusfridom for den einskilde. Vi treng gode lågterskeltilbod og raskare og meir individuelt tilpassa behandlingsforløp. Spesielt viktig er kunnskaps- og kompetanseutvikling når det gjeld behandlingsopplegg for personar med dobbeltdiagnosar (samtidig rus og psykisk lidning).

Det er betydeleg svikt når det gjeld førebygging og behandling av vanlege somatiske sjukdomar hos personar med alvorlege rusproblem. Ein dramatisk kortare forventalevealdar i denne gruppa skuldast for ein stor del sjukdom som hjarte-lunge-lidingar og infeksjonssjukdom. Det trengs lett tilgjengelege tilbod med kvalifisert helsepersonell for å bidra til å bøte på dette misforholdet.

Gode skadeavgrensande tiltak er viktige for at rusavhengige skal kunne ta kontroll over og stabilisera ein vanskeleg livssituasjon. Det er viktig at slike tiltak bli brukt når desse kan bidra til eit tryggare og meir verdig liv for den rusavhengige, har dokumentert effekt og ikkje er etisk utfordrande.

KrF ynskjer ein gjennomgang av heile ordninga med legemiddelassistert rehabilitering (LAR). LAR kan fungere godt for riktig målgruppe, men terskelen for å kome inn i programmet er blitt for lav, og terskelen for å kome ut som rusfri er blitt for høg. LAR-behandling gir dessutan mindre effekt utan eit fungerande rehabiliteringsopplegg. Rusfridom må blir innført som hovudmålsetting i LAR, og LAR-programmet skal først bli brukt når annan behandling over lengre tid har vist seg nyttelaus. KrF meiner LAR ikkje skal bli brukt på unge rusavhengige, og at desse i staden skal få andre behandlingstilbod. KrF vil vurdere å gjeninnføre ei aldersgrense for LAR-brukarar. I motsetning til i dag må personar som bli tatt med i LAR-programmet alltid bli tilbydt eit reelt behandlingstilbod, eigna bustad og ei form for aktivitet med bakgrunn i eigne ressursar og interesser. Det må blir lagt opp til betre høve for å trappe ned medikamentbruken over tid for personar i LAR-programmet.

Kvinner i LAR-programmet må følgast særleg tett under svangerskap. Eit nyfødt barn kan oppleve betydelege helsemessige skadeverknader dersom mor har brukt LAR-medikament under svangerskapet. KrF vil difor be om at helsemyndighetene vurderer på ny konsekvensane rundt LAR og graviditet, mellom anna eit mogleg

krav om at kvinner på LAR må bruke prevensjon. KrF meiner at dei nasjonale helseråda må verta revurdete, slik at annan rusbehandling, frivillig eller under tvang, blir vurdert opp mot det å halde fram med LAR under eit svangerskap. I denne vurderinga må omsynet til det ufødde barnet også tilleggas stor vekt.

KrF meiner det er viktig å bevare trua på at det einskilde mennesket kan ha nytte av behandling og bli rusfri. Det må difor bli satsa på ein heilskap i ruspolitikk, frå førebygging til behandling og oppfølging. Førebygging og behandling med sikte på rusfridom, også utan medikamentell rus, må vere hovudprinsippa i norsk ruspolitikk og må gjelde alle. Samtidig innser vi at det er mange enkeltsituasjonar der det er nødnaudsynt å anlegga eit meir pragmatisk sikte for behandlinga.

Det er også særskilt viktig at behandling for barn og pårørande til rusmisbrukarar bli vektlagt, både i rettleiing og i økonomiske rammer for behandlingstilbod. Mange barn slit fordi dei veks opp i familiar med rusproblem. Desse familiane må få spesiell hjelp. Tidleg inngripen overfor barn og deira familiar kan hindre rusprobleme og psykiske og sosiale vanskar. I denne samanhengen er det viktig å styrke samarbeidet mellom barnehage, skule, helsesøster, politi og barnevern.

Rusavhengige er forskjellige og har ulike behandlingsbehov. Difor treng en eit mangfaldig behandlingstilbod. Private og ideelle tilbod til rusavhengige er viktige og bidrar til at det samla tilbodet blir variert og betre tilrettelagt utifrå den einskilde sitt behov. Rusavhengige som ynskjer hjelp til å bli rusfrie må bli sikra fritt behandlingsval.

Det bør bli igangsett eit eige meir eigna behandlingstilbod for personar som har blitt avhengige av vane-dannande medisinar etter somatisk sjukdom, men som elles ikkje har hatt tidlegare diagnosar innanfor rus/psykiatri-spekteret.

Det er viktig for KrF at dei rusavhengige får hjelp hos det fagpersonell som best kvalifisert. Vi meiner at rusavhengigheit burde bli behandla meir som sjukdom enn som kriminalitet. Dei rusavhengige treng tilbod og høve utanfor ruslivet for å endre sine vaner. Dessverre mister mange unge fleire høve i livet når dei ikkje lenger har prikkfri vandel. KrF vil difor sjå på mogleghetene for alternativ til straff for rusavhengige.

KrF vil opne opp for meir bruk av frivillig tvang i rusomsorga. Det vil seie at brukarar som er motivert for behandling kan signere på at dei aksepterer å verta tilbakehaldne i behandlingsinstitusjon når abstinensane kjem og dei er utsett for tilbakefall. Den maksimale lengda på behandlingsoffald som brukarar kan samtykke til frivillig tvang for, må forlengast frå 3 månader til 6 månader.

Integrert ettervern

Menneske treng å få ein ny start og nye høve. KrF ynskjer å innføre eit integrert ettervern for kriminalomsorga, rusomsorga og andre grupper som har det same behovet. Integrert ettervern betyr at når vedtak/dom/behandling startar, utløyast ein rett til ettervern, og det bli etablert kontakt med brukarane. Den rusavhengige skal få ettervern frå første dag etter opphald/behandling, og det bør blir lagt til rette for at aktørane som har stått for behandlinga også kan vere med og følgje personen vidare i den første overgangsfasen. Sentralt i eit integrert ettervern er etablering i eigen bustad, å skape innhald i kvardagen i form av fritidsaktivitetar, utdanning eller arbeidstrening og å skaffe seg eit sosialt nettverk. Staten må øymerke midlar til kommunane til å sikre tilstrekkeleg bustad- og rehabiliteringstilbod. Samfunnet må lukkast i tilbakeføringsarbeidet slik at menneske kan leve eit liv utan rus og kriminalitet, med fast bustad, arbeid og nytt nettverk. Eit slikt integrert ettervern kan også bli utvida til å omfatte andre brukarar med behov, til dømes innan psykiatrien.

Speleavhengigheit

Speleavhengigheit er også ei form for avhengigheit som altfor mange i Noreg lir av. KrF set ansvarlegheit først i spelpolitikken. Marknadslogikk som naturleg følgjer med når ein opnar for kommersielle selskap på spelområdet, vil ikkje bidra til auka fokus på spelansvar. Det er problematisk at einerettsmodellen blir utfordra av aktørar som ikkje har løyve til å tilby spel i Noreg. Utfordringa må møtast med eit sterkare vern av dagens modell, ikkje ved å opne for dei som i dag bryter lova for å få tilgang til det norske marknaden.

KrF vil

- gå inn for ein nasjonal alkoholstrategi, som skildrar korleis dei alkoholpolitiske måla om reduksjon i alkoholforbruket skal verta oppnådd.
- sikre rusmisbrukarar som ynskjer hjelp for sitt misbruk eit fritt behandlingstilbod.
- at det bli oppretta overdoseteam i større byer og tettstader, og at det utarbeidast strategiar mot overdosar i kommunane.

- sikre at kommunane etablerer gode lågterskelhelsetenester for personar med alvorlege rus- og/eller psykiske helseproblemeir bemanna med sjukepleiarar og anna helsepersonell, til dømesetter modell frå Gatehospitalet i Oslo.
- at spesialisthelsetenesta skal setje i verk tiltak for å skape eit likeverdig, heilskapleg helsetilbod til gruppa med rus- og/eller alvorlege psykiske helseproblemeir.
- at medikamentfri behandling skal vere førstevalet i rusbehandlinga.
- reformera behandlingssopplegget knytt til LAR med mellom anna eit forpliktande heilskapleg sosialfagleg opplegg og sterkare ettervern, rehabilitering og arbeidstrening.
- at gravide med rusavhengigheit som er ein del av LAR-programmet, av omsyn til barnet skal kunne tvangsinnleggast i avrusningsinstitusjon på lik linje med andre rusavhengige.
- gå imot utdeling av heroin til rusavhengige.
- auke løyvingane til forskning på ulike typar førebyggjande og behandlande tiltak for rusavhengige som er retta mot rusfridom.
- Likestillta offentlege og private ideelle institusjonar for rusomsorg når det gjeld økonomiske rammevilkår og krav til kvalitet.
- sikre ideelle tilbod for rusavhengige stabile rammevilkår, mellom anna gjennom løpande avtaler med det offentlege.
- at institusjonar som berre tilbyr medikamentfri behandling utan LAR skal ha rett på økonomiske vilkår på lik linje med andre institusjonar.
- ha nulltoleranse overfor alle formar for narkotikaomsetning. Straffene for innførsel til Noreg og sal av narkotika, sjølv små kvanta, må bli heva for å avgrense mengde av narkotika som blir omsett.
- sjå på høvet for alternativ til straff for dei rusavhengige.
- at alle rusmisbrukarar i behandling/ettervern skal bli tilbydt hjelp til å rydde opp i gjeld og økonomiske forhold.
- sette ned eit offentleg utval for å vurdere dei store samfunnsmessige kostnadene ved alkohol for samfunn, arbeidsliv og den einskilde.
- endre alkohollova for slik å redusere maksimal skjenketid frå kl. 03.00 til 02.00.
- at kommunale salgs- og skjenkebevillingar framleis skal bli behandla i kvar kommunestyreperiode.
- gjennomføre ein evaluering av det nasjonale prikkssystemet for skjenkekontroll, med tanke på om dette verkar etter hensikta.
- styrke informasjons- og haldningsskapande arbeid i skulen.
- støtte frivillige lag og organisasjonar som driv opplysnings- og haldningskapande rusarbeid.
- sikre at alle foreldre får delta i program som set fokus på forelderrolla i det rusførebyggjande arbeidet.
- ta initiativ til ein nasjonal haldningskampanje om problematikken arbeid og alkohol. AKA¹⁶ må bli styrka.
- at rusfridom skal vere ein føresetnad for offentleg støtte til idrettsarrangement.
- oppretthalde eit høgt avgiftsnivå på alkohol og tobakk.
- halde fram med Vinmonopolet som eit viktig alkoholpolitisk verkemiddel, og sørge for at det er tilstrekkeleg talet på utsalsstader til at denne funksjonen kan takast vare på.
- oppretthalde reklameforbodet for alkohol.
- at Vinmonopolet skal overta tax-freesalget av alkohol.
- reversere ordninga med at tax-freekvoten av tobakk kan byttes med alkohol.
- ikkje tillate pengespelautomatar på stader der det vert skjenkt alkohol.
- at behandlingstilbodet for rusavhengige som soner fengselsstraffer i ordinære fengsel må bli betre, mellom anna ved å ha fleire rusmestringseiningar i fengsla, både for kvinner og for menn.
- innføre eit integrert ettervern for kriminalomsorga, rusomsorga og andre grupper som har same behov.
- gå inn for at ein på ein mest mogleg hensiktsmessig måte stenger for nettsider frå speltildarar utan løyve i Noreg. Dette er gjennomført i fleire europeiske land, deriblant Danmark.
- legge til rette for eigne behandlingstilbod for kvinner.
- ikkje tillate sprøyterom og andre tiltak som legaliserer misbruk av narkotiske stoff.

¹⁶ Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengigheitsproblematikk.

Ideelle organisasjonar sin plass i velferdssamfunnet

Ideelle aktørar har gjennom historia identifisert behov i samfunnet, og lagt grunnlaget for det velferdssamfunnet vi har i dag. Dei er ein viktig del av velferdstilbodet og er eit korrektiv til det offentlege tilbodet gjennom sin nytenking.

Ut frå eit kristendemokratisk perspektiv er ideelle organisasjonar den tredje veg i samfunnet mellom stat og marknad. Ideell verksemd er ein helt sentral del av samfunnets sosiale kapital. Gode rammevilkår for ideelle og private aktørar sikrar spreiding av makt, og hindrar ein sterk stat. Ideelle aktørar bedreg til å sikre eit heilskapleg velferdstilbod, valfridom, medverknad, tilpassing for brukarar og betre kvalitet for brukarane.

Ideelle aktørar vert i dag trua på den eine sida av haldninga om at det offentlege sjølv skal sørge for tenestetilbodet, og på den andre sida anbuds- og konkurransetenking. Helse- og omsorgssektorane er ikkje reine marknader, men område der samfunnet gir omsorg og tar seg av hjelpetrengjande. Skal vi ta vare på kunnskapen og kompetansen som ideelle organisasjonar tilbyr samfunnet, må det politisk vilje til for å sikre dei ideelle aktørane eksistens i velferdstilbodet.

Mange av dei ideelle aktørane har, eller har hatt, offentlege tenestepensjonsordningar for sine tilsette. Fleire ideelle har blitt pålagt offentleg-like tariffordningar for å få driftsavtaler med det offentlege. Ideelle aktørar har difor pensjonsutgifter som truer deira driftsgrunnlag. KrF meiner det er helt avgjerande at myndighetene tek ansvar og sikrar at dei ideelle organisasjonane sine historiske pensjonskostnader vert dekkja.

EU-direktivet om offentlege innkjøp legg føring på utforminga av det norske regelverket, men handlingsrommet for å legge til rette for ideelle organisasjonar er stort. Offentlege innkjøparar kan ta i bruk mange verkemiddel for å sikre at ideelle aktørar kan bidra i velferdstilbodet. Det kan vere avtaler som utvida eigenregi, samarbeid gjennom offentleg støtte, bruk av løpande avtaler eller kjøp av tenester under terskelverdi. Ein rein anbuds- og marknadstenking kan bidra til å svekke dei ideelle aktørane eksistens og føreseielegheit, og dimes svekke tilbodet til den einskilde tenestemottakaren.

KrF vil sikre god forvaltning av offentlege midlar, men meiner at pris ikkje kan vere einaste faktor. Faktorar som kvalitet, og langsiktighet framfor kortsiktighet må bli vektlagt meir. KrF meiner at velferdssamfunnet best blir sikra gjennom eit samspel mellom det offentlege, private og ideelle aktørar. Politikken må difor bli lagt opp slik at ein tek vare på eit mangfald av tilbydarar til tenestemottakarane.

KrF vil

- sikre at regelverket for innkjøp av helse og sosialtenester fullt ut utnyttar handlingsrommet til å sikre ideelle aktørar.
- sikre at pensjonsvilkår for ideelle aktørar ikkje svekker deira høve i offentlege anbudsrundar.
- at det offentlege skal samarbeide med ideelle aktørar gjennom bruk av ulike typar avtaler som utvida eigenregi, gjennom offentleg støtte, ved bruk av løpande avtaler og gjennom kjøp av tenester under terskelverdi.
- at minst 25 prosent av tenesta som bli utført i helse- og omsorgssektoren skal bli utført av ideelle aktørar innan 2025.
- avskaffe anbudssystemet på helse- og omsorgsfeltet og heller inngå langsiktige avtaler basert på kvalitet.

Kamp mot utanforskapet

Fattigdom og sosial nød er ein realitet i Noreg. Særleg bekymringsfullt er det at barn og unge veks opp i familiar som vert rekna som fattige. Barn som veks opp i fattigdom vert fråtekne høve som andre barn har, har dårlegare føresetnader for å lukkast i skulen og har fleire helseproblem. KrF vil ha eit løft mot fattigdom i barnefamiliar. Arbeid er ein nøkkelfaktor i å nedkjempe fattigdom og utanforskap. KrF vil ha eit arbeidsliv der alle som har høve til å arbeide, kan delta. Myndighetene, arbeidstakarane og arbeidsgivarane må samarbeide for å inkludere alle. Velferdsordningane må bli utforma slik at det løner seg å arbeide. Samtidig må personar som ikkje makter å stå helt eller delvis i arbeid, bli sikra eit verdig liv med tilstrekkeleg inntekt.

Utanforskapet

Særs mange menneske i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidsmarknaden, og er avhengig av sjukepengar eller andre korttidsytningar, arbeidsavklaringspengar, sosialhjelp eller uføretrygd. KrF har som mål at alle som har eit potensial for arbeid skal få høve til det. Vi må avgrensa arbeidsløysa, få fleire til å bli verande i arbeidslivet og redusere talet på personar som fell utanfor. Det må vere enkelt å kunne kombinere trygd med arbeid slik at fleire kan kome tilbake i arbeidslivet. Det må framleis bli stilt krav om at mottakarar av dagpengar eller sosialstøtte som har høve for det, deltar i arbeid eller aktivitetar.

Arbeidsløyse og uførleik har store kostnader både for samfunnet og for den einskilde. KrF vil ha eit godt utbygd offentleg støtteapparat for personar som treng bistand for å kunne stå i eller kome tilbake til arbeid. NAV må blir styrka og bli stilt større krav til, slik at brukarane opplever eit samla offentleg tilbod som gir best mogleg målretta hjelp så tidleg som mogleg. KrF vil at summen av dei økonomiske verkemiddeleane (skatt, ulike tilskot og trygd) skal vere slik at det løner seg å arbeide, så sant ikkje tungtvegande sosiale omsyn tilseier noko anna. KrF ynskjer å samordne dei ulike stønadene i NAV ytterlegare, slik at alle brukarar får eit meir heilskapleg tilbod. Alle ytelsar frå NAV må ha same, eller meir samordna lovverk. Det gjeld spesielt tenester frå NAV stat og sosialtenesta som i dag har ulike datasystem og ulikt lovverk å arbeide ut frå. Dette fører til auka byråkrati og gjer det vanskeleg og tidkrevjande for både brukarar og tilsette.

NAV-reformas intensjon om at brukarane skal møte ei samla teneste for trygdeordningar, sosiale ordningar og arbeid på ein stad, må takast vare på. NAV-kontora må bli sikra gode faglege arbeidsmiljø og tilstrekkelege ressursar. Menneske som treng assistanse frå NAV er forskjellige og kan ha behov for ulike løysingar sjølv om dei opplever same utfordring. NAV bør ha meir fleksibilitet i kva tiltak som bli sett inn for kvar enkelt, og det må bli sikra meir saumløyse mellom tiltaka.

NAV må blir styrka som bestiller, oppfølger og kontrollør av tiltaksarrangørar. Den faglege og praktiske oppfølginga ute i verksemdene må i all hovudsak skje som i dag gjennom på førehand godkjente, ikkje-kommersielle leverandørar. KrF vil jobbe for eit tilstrekkeleg talet på arbeidsmarknadstiltaksplasser, både for arbeidsledige og for personar med nedsett arbeidsevne. Ordninga med varig tilrettelagt arbeid (VTA) er viktig for mange og må bli styrka.

Barnefattigdom

Barn som veks opp i fattigdom vert fråtekne høve som andre barn har. Studiar har vist at fattigdom gir barn dårlegare livshøve på sikt. Fleire studiar har også vist at låginntekt i barndommen kan ha betydning for barns helsetilstand. Dei fleste barn deltar i organiserte fritidsaktivitetar, men barn frå familiar med låginntekt deltar sjeldnare enn andre barn. KrF vil forsterke innsatsen mot barnefattigdom.

KrF vil halde fram med barnetrygda som ein ordning for alle med barn. Barnetrygda har ikkje blitt prisjustert på sær mange år og blir difor stadig mindre verdt. KrF meiner det er viktig å halde fram med barnetrygda og

styrke den ved å prisjustera den. KrF vil at barnetrygda blir auka betydeleg for alle, men bli skattlagt. På denne måten vil dei med låge inntekter og låg skatteprosent sitte igjen med meir enn i dag, medan dei som har høg inntekt og betaler mykje skatt vil få noko mindre totalt sett. Barnetrygd skal ikkje bli rekna med i grunnlaget for berekning av ytingar etter lov om sosiale tenester og lov om bustønad.

KrF vil arbeide for at ingen barn skal vekse opp i fattigdom i Noreg og vil målrette tiltak som hjelper dei som treng det mest. Eit døme på eit målretta tiltak er ein ordning der låginntektsfamiliar kan få eit frikort som sikrar at alle barn kan delta på minst ein fritidsaktivitet. Gode ordningar for å sikre forsvarleg bustad er viktig for eit barn sin oppvekst. Foreldre med låg inntekt bør betale enda mindre for ein barnehageplass enn i dag, slik at fleire barn kan vere i barnehage.

Pensjon

KrF står opp om pensjonsreforma som vart innført i 2011. Reforma skulle sikre eit meir berekraftig pensjonssystem over tid og stimulere til at fleire vel å stå lenger i arbeidslivet når dei blir eldre. Det er vedtatt at reforma skal verta evaluert i 2018. KrF vil følge opp denne evalueringa og vurdere om det er behov for justeringar for å sikre at intensjonane i reforma blir tekne vare på. Det er viktig at evalueringa av pensjonsreforma også gjerast i eit kvinneperspektiv. KrF meiner det er gode grunnar til å vurdere ein omlegging av tenestepensjonen i offentlig sektor til ein ordning som i større grad bygger på prinsippa i alderspensjonen i folketrygda.

Einslege minstepensjonistar er ein av dei gruppa med dårlegast råd i samfunnet vårt. KrF vil prioritere å auke pensjonsnivået for denne gruppa.

Sosial bustadpolitikk

Alle skal kunne bu godt og trygt. KrF vil legge til rette for eit bustadtilbod som skal vere variert og tilpassa ulike befolkningsgrupper og aldersfaser. Kommunane har eit særskilt ansvar for den sosiale bustadpolitikken gjennom å skaffe eigna bustader til vanskelegstilte og grupper som sjølv ikkje kan skaffe seg bustad. Husbankens ordningar for gunstig finansiering til slike bustader må halde fram og blir styrka.

Bygging av fleire studentbustader er viktig fordi det kan dempe prisene på leigemarknaden til beste for alle leigetakarar med svak økonomi. Rimelege studentbustader bidrar også til målet om lik rett til utdanning. *Sjå også kapittelet «Eit framtidretta kunnskapssamfunn».*

Dei økonomiske verkemidlane bør vere målretta mot dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Sentrale bustadverkemidler som bustønad, startlån og bustadtilskot må gjere det mogleg både å skaffe seg og halde fram med sin eigen bustad. KrF vil at butilskotet skal blir auka og få til fleire som treng økonomisk tilskot. Kommunane må i samarbeid med Husbanken ha auka innsats mot bustadlause.

Husbanken

KrF er opptatt av å styrka Husbanken og utvida bankens lånekapasitet. Husbanken må ikkje blir redusert til ein bank berre for vanskelegstilte, men må framleis vere ein bank for bustadforsyning og konjunkturregulering. Husbanken bør også kunne hjelpa unge og barnefamiliar i etablererfasen.

Tiltak mot arbeidsløyse

Når arbeidsmarknaden krev kortsiktige tiltak, vil KrF først og fremst støtte tiltak som ikkje hindrar omstilling eller varig aukar offentlege utgifter. I andre tilfelle vil omstilling og styrking av omskoleringstiltak vere nødvendig. Viktige tiltak i krevjande situasjonar kan vere ulike tiltakspakker, mellom anna innanfor samferdsle og vedlikehald, for å få fleire arbeidssøkande i arbeid. I tillegg til bygging av veg og bane, kan også fornying og modernisering til ein klimavennleg ferjeflåte gi viktige bidrag til sysselsetting.

Eit berekraftig arbeidsliv

KrF vil styrka arbeidsmiljølova som ein vernelov for arbeidstakarane, som tek vare på deira kollektive og individuelle rettar og det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsplassen. KrF ynskjer at alle som blir kjent med kritikkverdige forhold og varslar om dette skal bli sikra tilstrekkeleg vern. Arbeidsmiljølova skal vere ein truverdig rammelov som beskyttar alle aktørar i norsk arbeidsliv.

Livsfasetilpassa arbeidstid er eit viktig verkemiddel for å unngå utstøyting av personar frå arbeidslivet i periodar der dei til dømes har stor arbeidsbyrde knytt til omsorg for barn, sjuke eller eldre familiemedlemmer. Når konflikt mellom familielivet og arbeidslivet blir for stor, er det viktig at samfunnet lager rammer som sikrar gode vilkår for familiane. Så sant arbeidets art tillét det, bør det blir lagt til rette for avtaler om livsfasetilpassa arbeidstid for eit visst tidsrom.

KrF vil vidareføre innsatsen for at færrest mogleg skal arbeide ufrivillig deltid. Samtidig må arbeidslivet også legge til rette for at dei som vil kan prioritere tid framfor inntekt, gjennom å jobbe mindre. KrF ynskjer eit arbeidsliv som tar omsyn til livets ulike faser, og spesielt familielivet. Familien er grunncella i samfunnet, og difor må myndigheitene legge til rette for gode ordningar som er tilpassa dei utfordringane som dagens familiar står overfor. Teknologi som gir auka høve for fleksibilitet må verta anvendt.

KrF ynskjer at hovudregelen i norsk arbeidsliv framleis skal vere ordinære faste tilsetjingar. Faste behov skal dekkes gjennom faste tilsetjingar. Dette er viktig for å sikre føreseielegheit for både arbeidstakar- og arbeidsgivarsida. Samtidig kan mellombels tilsetjing vere ein viktig inngangsport til arbeidslivet for utsette grupper som slit med innpass i arbeidslivet. KrF meiner dagens regelverk knytt til bruk av mellombels tilsetjing er godt innramma, og vil følge opp at lova vert evaluert. KrF ynskjer redusert bruk av mellombelse stillingar i offentleg sektor, og særleg i staten må bruken ned.

Arbeidsinnvandring

Dei siste åra har talet på utanlandske arbeidstakarar i Noreg auka kraftig. Arbeidsinnvandringa har vore viktig for å ha tilgang til nok arbeidskraft. Det er viktig at myndigheitene legg til rette for at det er enkelt å kome til Noreg for å arbeide slik at vi får den kompetansen vi treng i framtida. Denne arbeidsinnvandringa må ikkje føre til redusert innsats for å sysselsette menneske som står utanfor arbeidslivet i dag.

Arbeidsinnvandringa har også skapt aukande utfordringar for arbeidet med å hindre sosial dumping. KrF vil at alle som arbeider i Noreg, skal ha gode løns- og arbeidsforhold, uavhengig av kva nasjonalitet dei har, og kva land deira arbeidsgjevar er registrert i. Ordninga med allmenngjering av tariffavtaler må halde fram.

KrF vil

- styrke skulen som ein av dei absolutt viktigaste arenaene for sosial mobilitet og sikre elevane høve til å lukkast i skulen uavhengig av sosioøkonomisk status.
- gi barnefamiliar som treng det tilbod om egna familieleilegheiter i trygge bumiljø.
- innføre ein statleg tilskotspott der kommunane kan søke om midlar til ordningar der det få høve for ein gratis fritidsaktivitet for barn som har foreldre med lav inntekt.
- gi tilskot til organisasjonar som bidrar til at barn og ungdom som er berørt av fattigdomsproblemer og deira familiar kan delta i ordinære kultur- og fritidsaktivitetar og/eller ferieaktivitetar.
- styrke ordningar med frikort på aktivitets- og kulturtilbod.
- sikre at nivået på sosialhjelpen til barnefamilier er til å leve av.
- at foreldre skal betale maksimalt 5 prosent av inntekta sin for ein barnehageplass.
- vidareføre tilbodet om gratis kjernetid i barnehage for 3-5-åringar frå familiar med lav inntekt.
- styrke tilskotsordninga for barn og unge i større bysamfunn.
- at barnetrygd ikkje skal bli rekna med i grunnlaget for berekning av ytingar etter lov om sosiale tenester og lov om bustønad.
- at det skal vere summen ein tener, og ikkje talet på timar ein jobbar, som skal danne grunnlaget for graderinga av dagpengar dersom ein er delvis arbeidsledig.
- samordne trygdeordningane betre slik at dei fremjar lyst og høve til å arbeide.
- at offentleg sektor bør gå føre og ha forsøksordningar med bruk av ID-nummer i staden for namn i søknadsprosessar for å gjere det meir sannsynleg at kvalifiserte innvandrarar blir innkalla til intervju.
- ha eit høgt nivå på arbeidsmarknadstiltak retta mot personar med særskilt behov for kvalifisering og aktiv bistand for å kunne vende tilbake til arbeidslivet.
- at Kompetansepluss (tidlegare Basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) og Basiskompetanse i frivilligheita (BKF)) vidareførast, med høve for å tilby opplæring for menneske som ikkje er i arbeid, i samarbeid med studieforbund og deira lokale lag og foreiningar. Ordninga bør også kunne bli brukt under permittering.
- utvide høvet til at fleire som har nedsett arbeidsevne skal få tilbod om tidsubestemt lønstilskot.
- sikre retten til hjelpemidlar i folketrygda for å bidra til eit inkluderande arbeidsliv.
- bidra til at arbeidsgivarar blir enda meir kjent med dei moglegheitene og ordningane som finst for hjelp til å tilrettelegga ein arbeidssituasjon for personar med nedsett arbeidsevne.
- at kommunane framleis skal fastsette sosialhjelpssatsar, basert på levekostnadene i området.

- arbeide for at pensjonsreformas intensjonar i verknad blir mest mogleg samsvarande i både private og offentlege pensjonsordningar.
- at det skal utgreiast om pensjonsopptening for ektepar og sambuare med barn skal baserast på samla inntekt delt på to.
- halde fram med regler i arbeidsmiljølova som skal sikre at faste tilsetjingsforhold er hovudregelen i arbeidslivet.
- arbeide for å redusere bruken av midlertidige stillingar i offentlig sektor.
- vidareføre og fornye avtale om inkluderande arbeidsliv med partane i arbeidslivet, men med høve for endringar i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat, arbeidsgivarar og arbeidstakarar i sjukelønsordninga dersom vedtekne målsettingar om redusert sjukefråvær ikkje nås.
- tillate at arbeidstakar og arbeidsgivar får noko høve til å avtale arbeid utover alminneleg arbeidstid utan at dette sjåast på som overtidsarbeid, gitt at arbeidstakar får rett til å ta ut tilsvarende talet på timar med fritid seinare.
- at det skal vere mogleg å søke om arbeidsløyve frå Noreg for kvalifiserte utanlandske arbeidssøkerar som allereie er i landet.
- arbeide for gode rammer for samvitsfridomen i norsk arbeidsliv og legge til rette for smidige løysingar på den einskilde arbeidsplass, jf. samvitsutvalet sine konklusjonar i NOU 2016:13.
- at det skal gjennomførast grundige arbeidsevnevurderingar for alle utviklingshemma.
- at utviklingshemma skal få høve til anten varig tilrettelagt arbeid eller varig oppfølging og individuell støtte i ordinært arbeid.

Framtidsretta forvaltarskap

KRISTELEG FOLKEPARTIS MÅL er eit berekraftig samfunn der vi skaper verdiar for å gi menneske gode og trygge liv utan å øydelegge vårt felles livsgrunnlag. I eit slikt samfunn blir naturen og ressursane forvalta til beste for alle menneske, både for vi som lever i dag og komande generasjonar.

VÅRT FELLES LIVSGRUNNLAG er truga. Overforbruk har skapt klimatrugsmålet som Stortinget kalla «den største utfordringa i vår tid». Klimaendringane kan føre til lågare matproduksjon, utryddelse av arter, tørke og over-
svømmelser, ifølge FNs klimapanel. Presset på naturressursane og forureining er aukande. Globalt blir det øydelagt regnskog tilsvarande ein fotballbane annakvart sekund. Det biologiske mangfaldet vert svekka i dag opptil tusen gongar raskare enn kva som er tilfelle under naturlege omstende. Vi har skapt ein forbrukarkultur utan berekraft, og marknadstenkinga overtar på område der den ikkje høyrer heime. Vi er milevidt frå den berekraftige utviklinga som Brundtland-kommisjonen etterlyste på 1980-talet.

GENERASJONAR ER PÅ KOLLISJONSKURS. Vi er i ferd med å øydelegge våre barns og barnebarns grunnlag for å leve liv prega av velstand og livskvalitet. Verda treng betre forvaltarskap.

DEN KRISTENDEMOKRATISKE FORVALTARTANKEN er ideen om at vi – slik den kloke bonden tek vare på og vidare-
utviklar sitt gardsbruk – skal forvalte miljøet, naturressursane og samfunnet til det felles beste. Mennesket har eit særleg ansvar for å beskytte, bevare og gjenoppretta naturen slik at det ikkje skjer unødig eller uoppretteleg skade. Vi overtok ansvaret for å forvalte naturen og samfunnet frå dei som gjekk før oss, og har eit ansvar for å overlevere «arvegodsset» vidare til neste generasjon i betre stand enn det var då vi sjølv overtok. Forvaltarskap handlar om å vise generasjonsansvar, respekt for tidlegare generasjonars innsats og solidaritet med komande generasjonar.

FORVALTAROPPDRAGET må ein ikkje forstå slik at mennesket passivt skal verne om naturen og samfunnet. Naturen skal bli brukt for å dekke menneskets grunnleggande behov og skape ei berekraftig utvikling. Vi skal bygge og utvikle landet for å gjere oss betre rusta for framtida. Ressursane skal bli fordelt slik at dei kan hjelpe alle menneske til å leve gode liv og realisere sitt potensial.

KRISTENDEMOKRATIETS idé om ein sosial marknadsøkonomi kombinerer eit prinsipielt forsvar for marknaden som ein naturleg del av demokratiet, men inneheld samtidig ein tydeleg kritikk av ein tøyleslaus marknadsøkonomi der marknaden logikk dominerer på stadig fleire område av menneske- og samfunnslivet. Den sosiale marknadsøkonomien bygger på ein idé om menneskas personlege og felles ansvar for seg sjølv, sine medmenneske, komande generasjonar og miljøet. Marknadsøkonomien skal ha sosiale og økologiske mål, og mennesket står i sentrum. Økonomisk vekst er ynskjeleg dersom det tener desse måla. Ein økonomi prega av spekulasjon, uansvarlegheit og egoisme er den sosiale marknadsøkonomiens motstykke.

BETRE FORVALTARSKAP og ein sosial marknadsøkonomi kan svare på eit behov for ein samfunnsutvikling og eit økonomisk fellesskap som er menneskeleg, solidarisk og berekraftig.

Det grønne skiftet

Vi må ha som mål å overlevere planeten vår til våre etterkomare i ein betre stand enn vi overtok den. Målet med all politikk skal vere å løyse dagens utfordringar utan at det går ut over framtidige generasjonars behov. Naturen og naturressursane skal bli brukt for å skape betre liv for alle menneske og blir tatt vare på for framtidige generasjonar. Vi skal forvalte jorda på ein best mogleg måte og sørge for ei berekraftig utvikling ved å ta ansvar for biologisk mangfald, lokal luftkvalitet og det globale klimaet. KrF meiner det haster å få på plass eit grønt skifte som også tar naturomsyn. Vi må i større grad gå bort frå fossil og klimaskadelig energi og over til ny, fornybar og rein energi.

Naturvern

Mange stader i verda er naturen truga. Sårbare naturområde og økosystem blir øydelagde. Dyr, planter og andre organismer forsvinn truleg tusen gongar raskare enn kva som er tilfelle under naturlege omstende. I Noreg er omkring tusen arter kritisk eller sterkt truga. Tapet av naturområde, økosystem og arter er ein trugs-mål mot alt liv på jorda. Ein rik og variert natur dekker våre grunnleggande behov og gir verdiskaping og livskvalitet. Naturen har ein stor eigenverdi.

- at staten gir kommunane rammer som gjer det mogleg å avgrense problem med forureina byluft.
- stimulere befolkningstette byregionar til å ta i bruk prismekanismer for å få betre luftkvalitet og auka kollektivdel.
- styrke beløningsordninga for bygging av gong- og sykkelveggar.
- revidera vegnormmåleine med sikte på større fleksibilitet i utforming av gong- og sykkelveggar.
- revidera vegtrafikklova slik at sykklistane sine rettar og plikter blir betre avklart.
- gi transportetatane større fridom til å løyse sine oppgåver for å sikre meir heilskapleg og rasjonell utbygging.
- sjå opprustinga av lengre vegstrekningar i samanheng, samtidig som ein styrke arbeidet med å fjerne flaskehalsar.
- at veksten i talet på personreiser skal kome innanfor kollektivtrafikken. Det må løne seg å velje kollektivtransport framfor privatbil.

- satse offensivt på trafikktryggleik for å få ned talet på ulykker i trafikken, mellom anna auka vektlegging av haldningsarbeid og trafikantretta tiltak. Særleg må det bli satsa på tiltak for å hindre ulykker med barn og unge i trafikken gjennom betre sikring av barn i bil og buss, og betre trafikkopplæring i barnehage og skule.
- sette opp MC-vennlege underskinner på rekkverk i farlege svingar og sette i verk fleire trafikktryggleikstiltak også med tanke på motorsyklar (nullvisjonsvegar for MC).
- satse offensivt på trafikktryggleik for å få ned talet på ulykker i trafikken. Særleg må vi satse på tiltak for å hindre ulykker med barn og unge i trafikken gjennom å styrke trafikkopplæringa med auka vektlegging på etikk og haldningar i trafikken.
- skjerpe kontrollane med dårleg skodde utanlandske trailere på grenseovergangane, og gå inn for bruk av kameraovervaking på alle grenseovergangar.
- styrke Oppfølginga av trafikkskadde og pårørande.
- støtte innsatsen til frivillige organisasjonar, lag og foreiningars arbeid med å gjennomføre ulike trafikktryggleikstiltak, samt støtte opp om haldningsskapande arbeid som bidrar til betre trafikktryggleik.
- prioritere gateløys på strekningar med stor trafikk av syklende og gåande.
- innføre alkoholås i alle offentlege køyretøy og yrkeskøyretøy.
- stille krav om alkoholås på samtlege yrkeskøyretøy som kjem inn i landet.
- auke løyvingane til rassikring av riks- og fylkesvegar.
- endre tunnelføresegnene slik at mellom anna krav til nødsamband også gjeld tunnelar med liten trafikk når tunnelen er over 1 000 meter.
- innføre ein statleg ordning som sikrar utbering av vegar og infrastruktur som blir øydelagt av naturkreftene.
- satse på matebussar frå bustadområde til kollektivknutepunkt og bygge parkeringsplassar langs hovudtransportåra slik at pendlarar kan bruke buss og tog på hovudstrekningane.
- gjere det enklare for bussen å kome fram ved hjelp av eigne felt og prioritering i lyskryss.
- auke løyvingane gjennom beløningsordninga for kollektivtrafikk.
- styrke og utvide den nasjonale TT-ordninga for å gi brukarar med særlege behov den tenesta dei treng.
- at ordninga med miljø- og ungdomskort må halde fram, og at ordninga med studentrabattar må bli betre.
- legge til rette for betre samordning mellom ulike formar for kollektivtrafikk gjennom at fylkeskommunane blir meir involvert i til dømes NSBs ruteplanlegging.
- at all kollektivtransport med tilhøyrande haldeplassar må vere universelt utforma.
- ruste opp infrastrukturen på jernbane, og bygge ut viktige strekningar med dobbeltspor.
- at staten skal ta ansvar for medfinansiering av investering, vedlikehald og drift av kollektivtransport i dei store byane.
- bygge ut nye jernbanestrekningar dimensjonert for høge hastigheiter slik det er vedtatt i Nasjonal transportplan.
- auke løyvingane til jernbane for å betre kvaliteten på både togmateriell og banestandard, mellom anna ved fleire kryssingsspor.
- legge til rette for at godstransport blir flyttet frå veg til bane og sjø, og passasjertrafikk frå fly til bane.
- sikre og utvikle kortbanenettet.
- legge til rette for og stille krav om «grøne avgangar og landingar» på flyplassane, dvs. at innflyging og take-off gjerast så drivstoffbesparande som mogleg.
- at flyseteavgifta bli erstatta av ein auka avgift på drivstoff til fly.
- oppretthalde seglingsdistansen og anløpsmønsteret til Hurtigruta.
- at båt- og ferjesambandet til kommunar utan fastlandsforbindelse må integrerast i riksvegnettet.
- sikre kysten gode ferje- og båtsamband, også som alternativ til dyre bru- og tunnelprosjekt.

- stille krav om at båtar som ligg i hamner nær busetnad, nyttar landstrøm i steden for aggregat eller motorar der dette er mogleg.
- intensivere merkinga av farleia langs kysten, og realisere Stad skipstunnel for å betre tryggleiken til sjøs.
- at nye anbod på ferjesamband skal krevja nullutsleppsferjer etter 2025.
- sikre heile landet gode posttenester, særleg med omsyn til leveringstid og lik pris.
- sørge for breiband, som hovudregel definert som minimum 100 Mbps, til alle delar av landet, med statlege tilskot til utbygging der grunnlaget for kommersiell utbygging ikkje er til stades.
- at også verdiskaping i ein region skal vere tallande ved prioritering av utbyggingsprosjekt, ikkje berre ÅDT (årsdøgntrafikk) og folketal.
- at Barnas transportplan skal vere eit sentralt styringsdokument i utviklinga av norsk samferdselspolitikk.

Levande distrikt

Det er eit mål å legge til rette for busetnad og arbeidsplassar i heile landet. Mange føretrekk å bu utanfor byane og sentrale strøk. Reell fridom til å velje kor i landet ein vil bu har ein verdi for den einskilde og for samfunnet. Busetnad og arbeidsplassar i distrikta er ein føresetnad for å kunne utnytte naturressursane, og distrikta kan tilby andre kvalitetar enn byane.

Distriktpolitikken skal gjere det mogleg å bu, arbeide og drive eit aktivt næringsliv i heile landet. Distriktpolitikken skal også sikre eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Slik skal distriktpolitikken gi folk ein reell fridom til å velje kor i landet dei vil bu, og om dei vil bu i ein stor eller liten by, i eit større eller mindre tettstad, eller i spredtbygde område. Ein aktiv distriktpolitikk vil også avhjelpe presset på byer og tettstader.

Ulike landsdelar og distrikt har samtilsette utfordringar. Distriktpolitikken må bygge på regionale og lokale fortrinn, og så langt det er mogleg veie opp for ulemper knytt til avstandar og spredt busetnad.

Distriktpolitikken er ikkje først og fremst eit eige politikkområde, men eit uttrykk for prioritering av distriktsomsyn innanfor ein rekke ulike politikkområde. Næringspolitikk, samferdsle og statens politikk overfor kommunar og fylke er blant dei mest sentrale områda i ein god distriktpolitikk.

For KrF er det helt sentralt at alle har krav på grunnleggande tenester med god kvalitet, uavhengig av om ein bur i distriktet eller i byen. Kommunane må bli sikra høve til å gi innbyggjarane likeverdige tenester, anten det er kommunar med utfordringar knytt til vekst i folketal eller kommunar med spredt busetnad og store avstandskostnader. KrF meiner difor at prinsippet om generalistkommuner, uavhengig av storleik og folketal, konsekvent må vidareførast også etter ein kommunereform.

Gode kommunikasjonsløyningar som reduserer avstandsulempene, er viktig for ein positiv utvikling i heile landet. Dette gjeld eit effektivt vegnett, fly-, båt-, buss- og togtilbod, samt gode hamner, men også utbygd mobildekning og breiband med god kapasitet. Verdien av å oppretthalde busetnad og legge til rette for eit aktivt næringsliv i heile landet legg som premiss at infrastruktur i distrikta også prioriterast – sjølv om ikkje alle verdiane det bidrar med kan talfestast og bli tatt med i berekning av samfunnsøkonomisk nytte. Heile landet må bli sikra tilgang til breiband og god mobildekning med høg hastigheit. KrF meiner staten har eit ansvar for å finansiere utbygging der det ikkje er sterkt nok marknad til at det er forretningsmessig lønsamt. Det må bli stilt strenge krav til at til dømes telefon, mobilnett og Internett skal fungere i krisesituasjonar.

Store delar av verdiskapinga og produktutviklinga skjer i distrikta. Arbeidsplassar er det viktigaste verkeddelet for å styrke busettinga i distriktet. Det er eit mål med eit mangfaldig arbeidsmarknad i alle delar av landet. Personar med høgare utdanning må kunne finne relevante arbeidsplassar også i distriktet. Høgare utdanning skal ikkje bety at ein «må» velje å busette seg i tettstader eller byer.

Kommunikasjonsteknologien opnar for meir fleksibilitet, det same gjer auka bygging av samferdselsprosjekt som korter ned avstandar. KrF vil vere ein pådrivar for at statlege arbeidsplassar skal flyttast ut, og bli oppretta, i distriktet. Ved flytting eller etablering av statlege arbeidsplassar, må høvet for lokalisering i dei små byane eller større tettstader bli vurdert, ikkje berre dei største byane i dei ulike landsdelane.

Byer og tettstader kan vere «motorar» for regional utvikling, og ein satsing på desse, kan også kome distrikta rundt til gode. Det må blir lagt til rette for at pendlare skal få gode reisevilkår. I tillegg til eit godt utbygd kollektivtilbod er pendlerfrådraget eit viktig distriktpolitisk verkemiddel. På denne måten kan arbeidstakarane finne det lønsamt å bu ute i distriktet og pendle inn til større tettstader.

Kultur- og fritidstilbodet blir stadig viktigare når folk vel bustad og når verksemder skal etablere seg. Det bør vere tilgang til eit bredt spekter av kulturopplevingar også i distrikta. Dette skaper lokal tilknytning og forankring.

KrF vil

- jobbe for gode kommunikasjonsløyningar som reduserer avstandsulempene og er viktige for positiv utvikling av heile landet.
- sørge for god mobiltelefondekning i heile landet.
- at breibandtilbodet må bli bygd ut slik at heile landet blir sikra datakommunikasjon med god overføringskapasitet. Staten må ta eit finansielt ansvar i dei områda der det ikkje er marknadsmessig lønsamt å bygge ut.

- opprette fleire luftambulansebasar slik at tenesta kan nå alle stader i Noreg innan 20 minutt.
- sikre inntektssystemet til kommunane slik at grunnleggande velferdstenester kan bli oppretthalde uansett kor i landet ein bur. Statens politikk overfor kommunesektoren er eit av politikkområda som har størst effekt på utviklinga av distrikta.
- halde fram med og styrke Merkur-programmet som skal legge til rette for butikkdrift og bokhandel-drift også i område der kundegrunnlaget er for lite til ordinær drift.
- at Innovasjon Noreg og SIVA (Selskapet for industrivekst) skal ha ein tydeleg distriktsprofil.
- flytte fleire statlege verksemder ut i distrikta, og at statseigde verksemder og selskap skal gå føre som eit godt dømeved å lokalisere leiingsfunksjonar og hovudkontor i Distrikts-Noreg.
- at postombering skal vere ei teneste i heile landet kvar dag måndag-fredag. Posten skal levere tenester til lik pris i heile landet, og tenestetilbod skal ikkje bli tatt vekk før jamgode alternativ er etablert.
- sikre tilskot til skreddarsydde lokale transportordningar til unge og eldre som har bruk for tilrettelagt transport for å delta til dømes på kulturaktivitetar.
- stimulere til desentralisert utdanning, som har nært samarbeid med relevant næringsliv i nærområdet.
- at det skal vere eit regionalt politisk nivå i Noreg, og at utviklingsoppgåver bør vere eit sentralt område for dette nivået.
- halde fram med tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark.
- styrke pendlerfrådraget for å bidra til busetnad utanfor pressområda og dempe presset på bustad-marknaden i byane.

Velfungerande byer

I Noreg bur 80 prosent av befolkninga i byer og tettstader. Urbanisering er ein global trend, og også i Noreg er tendensen at fleire ynskjer å busette seg i byane. Fleire og fleire barnefamiljar trivest i byane. Det gir grunnlag for rasjonelle transportløyningar og gir byane styrke og auka skatteinntekter. Vekst i byane må skje samtidig som byane beheld sitt særpreg, med grøne og blå lungar, og innsatsen for reinare luft og lågare utslepp av klimagassar og miljøgifter må halde fram. Byane må blir utvikla med gode bumiljø for barnefamiljar og eldre så vel som yngre.

Bustadbehov

Storbyane har særskilte behov for auka bustadproduksjon. Tilstrøyminga til storbyane har ført til arealknappleik og sær høge bustadprisar. Skilet mellom fattig og rik i storbyane går ikkje lenger berre mellom dei som er i eller utanfor arbeid, men til dels mellom dei som har eigen bustad, dei som må leie og dei som må bruke mellombelse butilbod og bustadsløyse. Det er behov for at Husbanken får auka midlar til å hjelpe bustadbyggelag og kommunar til å bygge fleire bustader.

KrF meiner det er behov for å bygge noko tettare i byane. Fortetting gir mindre transport og fører til mindre belastning på klima, miljø og luftkvalitet. Det må leggst tilrette for gode oppvekstvilkår ved å prioritere grøntområde, parker og leikeplassar. KrF meiner at fortetting rundt kollektivknutepunkt er helt avgjerande for å bevare byenes kvalitetar samtidig som ein gjer plass til fleire menneske. Vi må sikre gode byrom og møteplassar når bustadområde blir utvikla. Utandørs belysning bør bli vektlagt som ein faktor for tryggleik, opplevingar og trivsel. Det bør bli bygd fleire høyhus der det passar naturleg inn i bybildet. Bysentrum skal vere levande, attraktivt og trygt.

Byane som regionale motorar

Alle storbyane har hatt vekstkraft dei siste åra, men i ulik grad. Storbyregionene har sine særtrekk som kan vere grunnlag for regionale konkurransefortrinn, noko som bør bli vektlagt i den vidare næringsutviklinga i regionane. Gjennom sine høve til å spele ei aktiv økonomisk rolle i den lokale og regionale utviklinga, har storbykommunanes nasjonale betyding auka med tanke på den totale verdiskapinga.

For å styrke norsk internasjonal konkurransekraft og samtidig fremje balansert regional utvikling må storbypolitikken vere ein del av ein heilskapleg regionalpolitikk. By og land er gjensidig avhengig av kvarandre, og byane må blir utvikla som gode «motorar» for næringsliv og utvikling i sine regionar. Ein bør i større grad sjå på utvikling av heilskaplege nærings- og bustadregionar.

Storbyane har størst del av fleirkulturell befolkning. KrF ser positivt på mangfaldet og verdsett den einskilde rett til å halde fram med sine kulturelle og religiøse tradisjonar. Samtidig er integrering i det norske samfunnet og forståing for norske kulturelle verdiar og tradisjonar viktig. *Sjå også kapitlet «Integrering og inkludering i fellesskapet».*

Kollektivtransport

Det meste av veksten i biltrafikken i Noreg dei siste åra har skjedd i dei største byane. I framtida må det aller meste av trafikkveksten i byane skje i form av kollektivtrafikk, sykkel eller gonge. Ein bypolitikk for kollektive løyningar legg som premis ein bevisst lokalisering av byveksten nær sentrum, eller til knutepunkt som mogleggjer eit godt kollektivtransporttilbod. Det er viktig å utarbeide gode og langsiktige arealplanar der bustadveksten blir konsentrert rundt kollektivknutepunkt, der barnehagar og skular blir lagt i tilknytning til bustadområda, og der arbeidsplassar lokaliserast i område med godt kollektivtransporttilbod. KrF vil at folk i byane skal kunne

ferdes trygt, enkelt og mest mogleg miljøvennleg. Staten må støtte god utvikling av kollektivtrafikken, spesielt i storbyane. Det må skje både gjennom direkte løyvingar til fleire bybaner og tilsvarande, og gjennom styrking av belønningssystemet for kollektivtransport. Prinsippet om universell utforming skal blir lagt til grunn i alle veg- og kollektivprosjekt. *Sjå også kapittelet «Moderne og miljøvennleg samferdsle».*

Utfordringar

Undersøkingar av levekår viser at storbykommunane har større og annleis sosiale utfordringar. Dette er først og fremst knytt til barns og unges oppvekst og levekår, rus, psykisk helse og sosiale tenester, tryggleik og tilbod om bustad til alle. Storbyane må bli sikra økonomi til å takle desse utfordringane og må bli sett i stand til auka innsats innan rus- og psykiatriomsorga, språkopplæring og integrering av minoritetsspråklege. Storbyane har også store infrastrukturkostnader som må bli tatt omsyn til i inntektssystemet for kommunane. Behovet for naturlege møteplassar og tilrettelegging for sosiale fellesskap og nettverk er av stor betydning. Det må vere eit spesielt fokus på å ta vare på dei som fell utanfor i velferdssamfunnet. Storbyane er ofte rekrutteringsarenaer for rusmisbruk. Dette må møtast med både sosiale og justispolitiske verkemiddel. *Sjå også kapitla «Solidarisk ruspolitikk» og «Tryggleik i kvardagen».*

Hovudstaden

Oslo står i ein særstilling i kraft av sin funksjon som hovudstad. Oslo er sentrum for næringsliv, turisme, samferdsle og kultur i regionen, motor i delar av den nasjonale økonomien og bru hovud mot viktige internasjonale miljø. Oslo har dei beste og dårlegaste levekåra i Noreg, og dei største sosiale utfordringane, ikkje minst inn- anfor psykiatri, rus og integrering. Oslo må bli sikra økonomi til å takle dei utfordringane som er spesielle for ein hovudstad.

KrF vil

- at miljøomsyn skal danne grunnlaget for byutvikling og transportløysingar i byane.
- satse på kultur som utviklingskraft for byane og tilhøyrande distrikt.
- styrke statlege tilskot til satsing på samanhengande, overordna gong- og sykkelvegfelt i dei store byane.
- vidareutvikle belønningsordninga for kollektivtransport og legge til rette for miljøvennleg drivstoff.
- støtte bypakker med tiltak for å redusere biltrafikken.
- arbeide for å utvide bruken av biogass og anna miljøvennleg drivstoff i kollektivtransporten.
- gi kommunane høve til å innføre trafikkregulerande tiltak i periodar med særlege forureiningsutfordringar.
- auke storbystøtte til det førebyggjande arbeidet blant barn og unge.
- ha ein auka satsing på «Trygg by»-konsept gjennom ulike tiltak for å førebygge valdtekter og annan valdsutøving.
- legge til rette for at kommunane bli sikra tilstrekkeleg fridom i planprosessane, slik at bustadproduksjonen kan blir auka, ikkje minst gjeld dette i storbyane.
- arbeide for at staten bidrar med kollektivløysingar og bypakker som gjer at byane kan bygge ut bustad og næring i tilknytning til kollektivakser.
- at inntektssystemet for kommunane også tar omsyn til dei særskilte utfordringar storbyane har.
- at storbyane må vere i stand til å ta vare på fattige tilreisande på ein verdig måte.
- ta initiativ til ein ny nasjonal handlingsplan mot støy.

Ein kristendemokratisk økonomisk politikk

For enkeltmennesket, familiene, næringslivet og samfunnet er det viktig med ein stabil og føreseieleg økonomisk politikk. KrF står for den kristendemokratiske tanken om ein sosial marknadsøkonomi. Vi meiner velfungerande marknader er avgjerande for velstand og økonomisk utvikling. Det offentlege har eit ansvar for å lage gode rammer for korleis marknaden skal fungere, og KrF vil sikre at marknaden fungerer på ein sosialt, etisk og miljømessig berekraftig måte.

Finanspolitikk

Ein ansvarleg finanspolitikk og ein stabil økonomisk utvikling er avgjerande for menneske og arbeidsplassar rundt om i heile landet. For å bidra til gode rammevilkår for norske verksemder og størst mogleg tryggleik for norske arbeidsplassar, vil KrF ha ein ansvarleg offentleg pengebruk der vi evner å prioritere midla vi har til rådighet på ein klok måte. Det må vere ein samanheng mellom forventningane til kva tenester og oppgåver det offentlege skal ha ansvar for og kor mykje skattar og avgifter norske skattytar må betale.

KrF ynskjer å halde fram med handlingsregelen på 3 % av kapitalen i Statens pensjonsfond utland. Petroleumsformuen må bli brukt slik at den er med på å sikre gode velferdstenester også for komande generasjonar. KrF vil at oljepengebruken over statsbudsjettet fortrinnsvis skal gå til investeringar som også kjem framtidige generasjonar til gode.

Den offentlege pengebruken skal bli tilpassa situasjonen i norsk økonomi og handlingsregelens rammer. Kor langt ein lukkast i å nå dei politiske måla, vil difor vere avhengig av det økonomiske handlingsrommet i perioden.

Skattar og avgifter

Skattar og avgifter finansierer viktige velferdsgode for heile befolkninga. KrF vil ha eit skattesystem der alle bidrar etter evne. Skattesystemet bør også innbli retta slik at miljøskadeleg forbruk blir redusert.

KrF er opptatt av at skattesystemet skal vere enkelt, forståeleg og handterleg for dei som blir skattlagt. Det er viktig for å sikre skattesystemet demokratisk legitimitet, men også for å beskytte fellesskapets interesser frå smale særinteresser. Kompliserte skattesystem gir store verksemder og velstående enkeltpersonar fortrinn som hindrar konkurranse og bidrar til sementering av økonomisk makt. KrF meiner at skattesystemet bør gi småverksemder høve til å konkurrere med større verksemder på like vilkår.

KrF vil gjennomføre skatteforliket frå 2016 som mellom anna fører til reduksjon i selskapsskatten og inntektsskatten for personar. KrF meiner formuesskatten på arbeidande kapital bør blir redusert ytterlegare og på sikt fjernes, medan den bør halde fram for private formuar.

KrF vil forsterke eit grønt skatteskipt som gjer det billigare å gjere miljøvennlige val i kvardagen og dyrare å velje forureinande løysingar. Dei delane av norsk økonomi som er underlagt det europeiske kvotesamarbeidet står i dag ovanfor kostnader knytt til sine utslepp. KrF meiner difor at avgiftssystemet bør fokusere på dei delane av norsk økonomi som står utanfor kvotepliktig sektor, spesielt transport. Innanfor transportsektoren meiner KrF det er viktig at miljøavgiftene differensierast etter faktiske utslepp som følgjer av transporten. Avgiftene på bilparken må i enda større grad blir lagt om til å skattlegge bruk framfor eie av bil.

Svart økonomi er eit betydeleg problem i Noreg og bidrar til å svekke framtidens velferdsordningar. KrF vil setje i verk fleire tiltak for å nedkjempe svart økonomi og skatteunndragelse.

KrF meiner at beskatninga av primærbustad, altså den bustaden ein person sjølv bur i, ikkje bør skjerpes. For å sørge for at flest mogleg får høvet til å kjøpe seg sin eigen bustad, og for å stimulere til investeringar i verksemdar og arbeidsplassar framfor eigendom, meiner KrF derimot at skatten på sekundærbustader bør bli auka.

Pengepolitikk

Pengepolitikken bør styres av ein uavhengig sentralbank, med eit tydeleg mandat frå Finansdepartementet. Styrrsrenta bør bli sett med utgangspunkt i målet om lav og stabil prisvekst over tid.

Mål for samfunnsutviklinga

Økonomisk vekst må ikkje vere det einaste målet for utviklinga i det norske samfunnet. KrF vil at ein også i Noreg utviklar verktøy for å måle «brutto nasjonal livskvalitet», der til dømessosial kapital og frivilligheit er viktige element. KrF vil også ta initiativ til å innføre klimabudsjettering der klimaeffektane av ulike tiltak regjeringa ynskjer å setje i verk må synleggjerast.

Statens pensjonsfond utland

Statens pensjonsfond utland («Oljefondet») er eit av verdas største investeringsfond. Fondet må bli forvalta ut frå etiske retningslinjer og med mål om høgst mogleg avkastning til moderat risiko. Fondet skal ikkje bidra til brot på menneskerettane eller store miljøødeleggingar. Difor er dei etiske retningslinjene for fondet særskild viktig. Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland må få tilført fleire ressursar slik at dei kan kontrollere større delar av investeringane, og eigarskapet i selskap verda over må bli brukt aktivt for å påverke selskapa positivt. Finansdepartementet og Noregs Bank bør framleis bruke seg av både uttrekk og aktivt eigarskap i etikkarbeidet.

Det er store helseproblemeir knytt til alkohol, og dette er ein særleg utfordring med omsyn til utvikling i fattige land. Mange internasjonale alkoholprodusentar driver aggressiv marknadsføring, særleg retta mot unge og mot nye marknader i fattige land. KrF vil difor arbeide for at SPU på sikt trekker seg ut av alkoholindustrien slik ein tidlegare har gjort med tobakk.

Det er viktig at Noregs Bank og NBIM¹⁸ praktiserer stor grad av openheit om fondets strategiar, resultat og forvaltning. I tillegg til dagens retningslinjer for investeringar i selskap, bør det lages retningslinjer som skal gjelde fondets investeringar i statsobligasjonar. Slike investeringar må vere ansvarlege og ikkje hindre utvikling.

KrF er positive til at delar av SPU kan investerast i unotert infrastruktur, i tillegg til aksjar, obligasjonar og unotert eigendom.

Delingsøkonomi

Ny teknologi har bana vegen for det mange beteckner som delingsøkonomi. Delingsøkonomi inneber at privatpersonar kan dele og leie ut underutnyttede ressursar via digitale plattformer, til lågare transaksjonskostnader enn i tradisjonelle marknader. Denne typen økonomisk verksemd kan bidra til auka produktivtetsvekst og miljøvennlege løysingar. Samtidig er det viktig at vi klarer å regulere delingsøkonomien godt for å motverke mellom anna svart økonomi og dårlege arbeidsvilkår. Det bør bli innført krav om at alle formidlingstenester som har aktivitet i Noreg må innberette inntektene som brukarane deira har hatt til norske myndigheiter. Det må også bli lagt til rette for at formidlingsselskapa sjølv betaler skatt av overskotet sitt.

KrF vil

- nedjustere handlingsregelen til 3 %, men med nødvendig fleksibilitet til å vurdere oljepengebruken ut frå konjunktursituasjonen.
- sikre enkle skattehøve for brukarar og tilbydare av tenester i delingsøkonomien og sikre reguleringar og fleksibilitet som kan møte denne typen marknader.
- sikre rammevilkår som mogleggjer eit desentralisert bank- og finansvesen i heile landet.
- at det skal bli sett av betydeleg meir ressursar til den etiske forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, spesielt Etikkrådet.

¹⁸ Norges Bank Investment Management

- arbeide for å trekke SPU ut av alkoholindustrien, slik det er gjort med tobakksprodusentane.
- innføre etiske retningslinjer også for investeringar i statsobligasjonar.
- innføre klimabudsjettering der klimaeffektane av ulike tiltak regjeringa ynskjer å setje i verk må synleggjerast.
- gjennomføre ein gradvis reduksjon i statlege eigardelar i verksemdar med forretningsmessig avkastning som hovudmål, der eigardelen er større enn nødvendig for å sikre dei spesifiserte måla for det statlege eigarskapet.
- ha sosial kapital og frivilligheit som mål for samfunnsutviklinga.
- utvikle relevante målestokkar for «nasjonal livskvalitet», og at dette blir ein like viktig indikator for samfunnsutviklinga som brutto nasjonalprodukt.
- forbetre næringslivets høve til skattefrådrag for satsing på forskning og utvikling gjennom å auke beløpsgrensene og inkludere fleire bedriftstypar (ENK og DA) i SkatteFUNN-ordninga.
- innføre ei KapitalFUNN-ordning som eit skatteinsentiv for privatpersonars investeringar i små oppstartsselskap i ein veldig tidleg fase.
- innføre ein ordning med KompetanseFUNN som gir skattefrådrag for kostnader til kompetanseutviklande og kunnskapshevande tiltak for dei tilsette i verksemdene.
- opprette eit investeringsprogram innan Statens pensjonsfond utland med formål å investere i berekraftige verksemdar og prosjekt i fattige land, med ei målsetting om samla investeringsramme på minimum 20 milliardar kroner, og på sikt minst éin prosent av heile pensjonsfondet. Investeringar gjennom dette programmet skal ikkje bli rekna inn som ein del av bistandsprosenten.
- doble investeringsrammene for SPUs miljørelaterte investeringsmandat.
- greie ut ein ny ordning med sikte på å fjerne dokumentavgifta ved kjøp av bustad finansiert ved innføring av ein viss skatt på verdiauke ved sal av eigen bustad.
- trappe ned og på sikt fase ut formuesskatten på arbeidande kapital.
- gi frivillige organisasjonar fullstendig fritak for moms, til erstatning for dagens system med delvis dekning av momsutgifter.
- auke grensa for skattefrådrag ved gåver til frivillige organisasjonar og trussamfunn til 50 000 kroner for privatpersonar og til 100 000 kroner for verksemdar.
- erstatte avgifter knytt til sjokolade og sukker med ein generell sukkeravgift.
- oppretthalde eit høgt avgiftsnivå på alkohol og tobakk.
- bruke avgiftssystemet aktivt for å stimulere til auka bruk av nedbrytbar plast på bekostning av fossilbasert plast.
- legge til rette for opprusting og re-investering i eksisterande vannkraftverk, mellom anna ved å sikre at skatte- og avgiftssystemet ikkje er til hinder for dette.
- krevja at BSU bli brukt ved kjøp av første bustad, slik at ein ikkje kan spare i dette når ein allereie eigar bustad.
- frita nedlastbare bøker, lydbøker og musikk frå meirverdiavgift.
- syte for at Tollvesenet får tilstrekkelege ressursar til å utføre sine oppgåver knytt til grensekontroll på ein god måte.

Berekraftig forbruk

Forvaltaransvaret forpliktar oss til å ta vare på dei ressursane vi har på ein god måte. Vi lever i eit forbrukssamfunn, der konsum og kjøp av nye ting er overfokusert. Det er særskild uheldig både frå eit miljøperspektiv og med tanke på at mennesket i realiteten har fleire behov enn dei materielle. KrF vil føre ein forbrukarpolitikk som stimulerer til gjenbruk og materialgjenvinning, skaper auka etisk medvit hos både forbrukarar og produsentar, og bidrar til å dempe kjøpepress og forbruksjag.

Forbrukarinteresser

KrF ynskjer lovgiving og rammeverk som skaper tryggleik for forbrukarane. KrF meiner vi må ha ein kontinuerleg vurdering av om forbrukarregelverket er godt nok. Forbrukarrådet har viktige oppgåver med å påverke myndigheiter og marknad, og å gi informasjon og bistand til forbrukarane, medan Forbrukarombodet tek vare på ei viktig ombudsrolle. Den auka internasjonaliseringa krev eit sterkt engasjement i internasjonale fora der viktige forbrukarpolitiske avgjersler blir fatta.

Tenester for alle

Fleire og fleire tenester kan bli utført over Internett både innanfor post, bank, varehandel og rapportering til og tenester frå det offentlege. Det må framleis vere mogleg for dei som av ulike årsaker ikkje er databrukarar å få utført tenester på tradisjonell måte. Det offentlege har eit spesielt ansvar for å tilrettelegge sine tenester for alle.

KrF ynskjer at staten og kommunane i større grad enn i dag må arbeide saman om å skape tilgjengelege og brukarvennlege elektroniske løysingar for innbyggjarane. Staten bør ta eit ansvar for å utvikle ei felles digital plattform som dei kan tilby kommunane, slik at desse kan velje å ta den i bruk dersom dei ynskjer.

Miljøvennleg forbruk

Produsentane må få større ansvar for produkta sine, slik at det vert skapt fleire produkt berekna på gjenbruk og materialgjenvinning. Det må bli stilt krav til miljømerking, som mellom anna gjer greie for gjenbruk og materialgjenvinning og leveringsordningar. For å motverke «bruk-og-kast-tendensen» må det verta arbeid for eit internasjonalt regelverk for produktansvar med krav om merking av produktas forventa «levetid» og kvalitet.

Kvart år blir det kasta tusenvis av tonn med mat i Noreg. KrF ynskjer ei målsetting om at matavfall i Noreg skal bli redusert med 25 prosent innan 2020, og vil setje i verk tiltak for å få til dette, mellom anna ved å gjenomgå om ordninga for datomerking av matvareprodukt fungerer tilfredsstillande. KrF vil innføre eit forbod for daglegvarebransjen mot å kaste mat, og pålegge å gi eteleg, men ikkje-salgbar mat til matsentraler og liknande.

Barn og unge

Barn og unge må få kunnskap slik at dei kan forhalde seg reflektert til reklame og kjøpepress. Sterk kommersiell påverknad av barn og unge kan på ein uheldig måte påverke deira sjølvforståing og identitet. Det er difor viktig med avgrensingar på reklame direkte retta mot barn. KrF vil også innføre merking av retusjert reklame for å hindre at ungdom utviklar urealistiske og usunne kropps- og skjønnheitsideal.

Gjeld og lånepress

Altfor mange nordmenn slit med skyhøg gjeld som dei ikkje er i stand til å betene, anten i form av kredittkortgjeld, forbrukslån eller liknande. Kvar enkelt forbrukar har eit ansvar for ikkje å påta seg forplikningar dei ikkje kan møte, men samtidig kan aggressiv og intensiv marknadsføring av dyre forbrukslån gjere at folk vel annleis enn dei burde. KrF ynskjer strengare regulering av marknadsføring av kredittkort, forbrukslån og tilsvarende. KrF vil opprette eit gjeldsregister som gjer det mogleg for bankane å spore at ein forbrukar til dømes har tatt opp forbrukslån for å dekke eigenkapitalen sin. Dette vil vere bra for bankanes soliditet og bra for forbrukarane, som blir hinda å ta opp dyre lån dei ikkje kan betene. Det er avgjerande at eit slikt register omfattar all gjeld.

Speleavhengigheit

Mange nordmenn har utfordringar med speleavhengigheit, og det rammer også mange familiar. Det er nødvendig med ein regulering av pengespelsektoren som tek vare på omsynet til dei speleavhengige og deira pårørande på ein god måte. Pengespelmonopolet til Norsk Tipping må bli oppretthalde. I tillegg er det særskilt viktig med gode tilbod om hjelp og behandling til dei som slit med speleproblemeir. KrF vil arbeide for at forbodet mot reklame for utanlandske pengespel blir handheve på norske TV-kanalar, uavhengig av kor dei sender frå.

Lov om etikkinformasjon

KrF ynskjer ein lov om etikkinformasjon som sikrar forbrukarar informasjon om etiske forhold knytt til produkt. Lovas gyldigheitsområde bør vere varer som klassifiserast som høgrisikoprodukt av DIFI, det vil seie mellom anna tekstilar, klær, sko, elektronikk og IKT, møbler, kaffe, te, kakao og leker. Lova bør omfatte både offentlege myndigheiter og private verksemder. Lova bør gjelde alle som har selskap registrert i Noreg, det vil seie alle selskap som importerer varer til Noreg og samtidig er ein juridisk eining i Noreg, norsk eller utanlandsk.

Lova skal sikre openheit og informasjon om korleis selskapa arbeider med samfunnsansvar og leverandørkjeda, det vil seie ein lov som pålegg verksemder å svare forbrukarane og organisasjonar om tema knytt til deira arbeid for å forbetre forhold ved produksjonen. Målet er å skape endring gjennom openheit, og å sikre forbrukarane rett til informasjon.

KrF vil

- oppretthalde forbodet mot alkoholreklame og reklame retta mot barn.
- ha reklamefrie skulebøker.
- merke reklame som er retusjert, slik at det kjem fram at bildet ikkje er ein realistisk gjengjeving av modellens utsjånad.
- gjere det lønsamt å velje miljøvennlege produkt med tanke på produksjon, emballasje og gjenvinningshøve.
- innføre «ja takk-prinsippet» for uadressert reklame per post.
- regulere telefonsal på ein slik måte at reservasjonshøvet blir reelt. KrF vil ha ein ny gjennomgang av regelverket for å sikre dette.
- oppretthalde og betre forbrukarrettane for å stimulere til kvalitet på produkt.
- gjennomgå kor godt ordninga for datomerking av matvareprodukt fungerer med tanke på å redusere mengda mat som kastes kvart år.
- innføre eit forbod for daglegvarebransjen mot å kaste eteleg mat, og pålegge å gi eteleg, men ikkje-salgbar mat til matsentraler og liknande.
- legge til rette for bevisste val knytt til forbruk, og på den måten ta tydeleg avstand frå «bruk-og-kast»-tankegangen.
- innføre strengare reguleringar av marknadsføringa av kredittkort, forbrukslån og liknande.
- at Finanstilsynet skal legge større vekt på forbrukaromsyn.
- styrke undervisinga i personleg økonomi i skulen.
- føre ein politikk på spel- og lotteriområdet som hindrar speleavhengigheit, mellom anna gjennom å oppretthalde Norsk Tipping's monopol på pengespel.
- gjennom internasjonale politiske organ arbeide for forbod mot TV-reklame for spel som til dømes nettpoker og bingo på nett for å avgrense speleavhengigheit.
- oppretthalde søn- og heilagdagane som kviledagar, utan vidtgåande handelsverksemd.

- at all lovpålagt informasjon om kjemikaliar i forbrukarprodukt og tilsetningsstoff i mat må offentleggjerast på Internett.
- vurdere å innføre eigarskapsavgrensingar i daglegvarehandelen for at dei store aktørane ikkje skal ha høve til å misbruke sin marknadsmakt.
- få fortgang i arbeidet med å utvikle og utbre elektronisk ID slik at alle nordmenn kan bruke dette for å identifisere seg i møte med det offentlege på Internett.
- at avgiftssystemet må blir retta meir inn mot forbruk, slik at einpersonshushaldningar ikkje må betale uforholdsmessig mykje og at miljøvennleg åtferd samtidig premieres.
- legge til rette for at det bli oppretta ei ordning med ein henvisning på produkt, som gjer at forbrukarane kan få informasjon om produktinnhold, leverandørkjeda og etiske forhold.
- opprette eit gjeldsregister i regi av det offentlege.

Det felles beste i verda

KRISTELEG FOLKEPARTIS MÅL er ei verd der alle menneske får realisert sitt potensial, ressursane blir fordelt meir rettferdig og verdas folk går saman om å løyse dei store utfordringane i vår tid. Det felles beste er målet med alle fellesskap, også det globale. For å oppnå dette må vi gjere fattigdommen til historie, arbeide for tryggleik og fred og løyse dei store klima- og miljøutfordringane i fellesskap.

VI LEVER I EI VERD I UBALANSE. Global fattigdom held ein stor del av jorda si befolkning i lenker. Menneskeverdet blir krenka kvar einaste dag på grunn av menneskeskapt urettferd. Fattigdom, vald, slaveri og konfliktrar truer mange menneske sin rett til liv, fridom og personleg tryggleik. Overalt ser vi brot på sivile, politiske og sosiale menneskerettar. Dei menneskeskapte klimaendringane truer vårt felles livsgrunnlag. Aldri tidlegare har behovet for internasjonalt samarbeid vore større.

SOM KRISTENDEMOKRATAR anerkjenner vi at det finst eit grunnleggande fellesskap mellom alle menneske, og vi har eit solidarisk ansvar for kvarandre i kraft av vår felles menneskelegheit. Utanrikspolitikken skal fremje dei rettar som alle menneske har i kraft av sitt menneskeverd. Nestekjærleikstanken krev solidaritet med menneske på tvers av landegrensar, ikkje berre overfor våre næraste. Forvaltaransvaret inneber at arbeidskraft, kapital og naturressursar skal bli forvalta slik at folk blir frigjort frå fattigdom og naud. Verdigrunnlaget forplikter oss difor til menneskerettsarbeid, solidarisk utviklingspolitikk, berekraftig forvaltning av naturen sine ressursar og meir rettferdig fordeling.

SOM KRISTENDEMOKRATAR meiner vi dei grunnleggande verdiane blir fremja best gjennom demokratiet som styringsform, rettsstaten sine prinsipp og fredeleg internasjonalt samarbeid basert på folkeretten. Folkeretten skal sikre at forholdet mellom statar bygger på rett framfor makt. Menneskerettane skal sikre at den einskilde sine fridomar og rettar blir beskytta og fremja av statane.

DEI KRISTENDEMOKRATISKE VERDIANE forpliktar til arbeid for forsoning og fred. I tryggleikspolitikken vil KRISTENDEMOKRATAR alltid gi ikkje-valdelege løysingar ein forrang. Utgangspunktet må alltid vere at det er galt å ta eit menneskeliv. Alle andre alternativ skal vere utprøvd før ein tar i bruk vald og militærmakt for å løyse konfliktrar eller gjenopprette fred og tryggleik. All bruk av militærmakt må forankrast i folkeretten og prinsippa om rettferdig krig.

BÅDE POLITIKK, økonomi og kultur blir prega i dag av aukande internasjonalt samkvem. Moderne teknologi gjer verda mindre og den gjensidige avhengigheita større. Vi blir berørt ikkje berre av forholdet til nabostatar. Også regionale avtalar sine avgrensingar blir tydelegare. Behovet for globale fora og avtalar veks. Det gjeld handel, klima og global helse så vel som migrasjon, fred og tryggleik. Ei verd prega av globalisering treng samlande møtestader for å finne forpliktande løysingar. Det er i statane og enkeltmenneskes/menneskeheita si interesse å slutte opp om FN som folkeretten sitt høgste organ og plattform for å sikre menneskerettane si universelle gyldigheit.

I INTERNASJONAL POLITIKK er det naturleg at store og små statar prøver å ta vare på sine legitime interesser i kontakten med andre. Ein kristendemokratisk og verdibasert utanrikspolitik krev noko meir. Den forpliktar også til innsats for felles interesser, for globale goder som klima, global helse og tryggleik. Og den gir Noreg – som ein av verdas rike nasjonar – ein særleg forplikting til å kjempe for verdas fattige, forfølgde og undertrykte. Det gir KrF eit særlege oppdrag når ulike interesser blir broten i internasjonal politikk.

Utvikling og menneskerettar for alle

Ein samstemt politikk for utvikling

Ein samstemt politikk for utvikling inneber at Noregs totale politikk blir tilpassa slik at den så langt det er mogleg ikkje avgrensar utviklingslandas utviklingshøve. Kort og godt handlar samstemtheit om å unngå at Noreg gir med den eine handa og tar med den andre. KrF vil jobbe for ei samstemtheitsreform av norsk politikk, med målsetting om at alle sider ved norsk politikk som kan ha påverknad på utviklingslanda trekker i samme retning. Dette krev aktiv prioritering og koordinering i den politiske kvardagen.

Utviklingspolitikk handlar mellom anna om kva politikk Noreg fører innanfor klima- og energisektoren, korleis vi innrettar handelspolitikken, kor vi vel å investere, vår haldning i internasjonale skattespørsmål og om bistand.

KrF vil

- at regjeringa jamleg rapporterer til Stortinget om konsekvensar av norsk politikk for utviklingslanda og ivaretaking av menneskerettane. Rapportane skal også innehalde uavhengige eksterne vurderingar.
- at dei ulike departementa sitt arbeid som påverkar utviklingslanda må koordinerast ved ein eigen organisatorisk eining ved Statsministerens kontor.
- at alle forslag frå regjeringa til Stortinget med betydelege verknader for utviklingsland må innehalde ei vurdering av desse konsekvensane.
- ha eit regjeringsoppnemnt råd beståande av representantar for mellom anna næringslivet, forskning og det sivile samfunn for å sikre ein bred debatt rundt samstemt utvikling, slik som foreslått av samstemthetsutvalet.
- at Noreg skal ha ein eigen utviklingsminister.

Handel

Auka og rettferdig handel er ein av dei viktigaste faktorane for å skape økonomisk utvikling i fattige land. KrF meiner at Noreg skal kjempe for auka handel på dei fattige sine premiss. Det er viktig at dei fattige landa blir integrert betre i verdsøkonomien, og at lokale og regionale marknader blir utvikla. I ein overgangsfase må det samtidig akseptrast at fattige land får høve til å beskytte egne marknader samtidig som dei får marknadstilgang til rike land.

KrF vil halde fram å prioritere handel innanfor rammene til Verdas handelsorganisasjon (WTO). WTO er den beste arenaen å utforme nye avtaler på, ettersom denne plattformen i større grad greier å balansere maktforholdet mellom fattige og rike land. KrF meiner norske myndigheiter difor bør bidra aktivt til utvikling av eit meir rettferdig internasjonalt handelssystem gjennom WTO. I påvente av ein ny avtale i WTO, bør Noreg gå føre gjennom å gi fleire fattige land tollfritak og stimulere til auka import frå fattige land, mellom anna gjennom bistand til tiltak som mogleggjer eksport av varer frå fattige land (trade for aid). Dumping av norske landbruksvarer i utlandet må stansast.

Land sør for Sahara har store høve for eksport av landbruksprodukt, men har sjeldan kunnskap og ressursar til å konkurrere på kompetansetunge industriar. Det bør difor opnast for større import av jordbruksprodukt frå fattige land til Noreg.

KrF vil

- gi fattige land tollfordelar for sine varer på den norske marknaden.
- prioritere WTO som arena for alle handelsforhandlingar og forhandlingsinitiativ.
- arbeide for ein avtale i WTO som gir dei fattigaste landa tilgang til rike lands marknader, samtidig som det få betre høve til å beskytte egne marknader dersom dei har behov for det.
- samle arbeidet med handelsavtaler i Utanriksdepartementet for å sikre intern koordinering og samstemtheit innanfor handelsarbeidet.
- auke bistanden til utvikling av berekraftig og konkurransedyktig landbruksproduksjon samt klimatilpassing av landbruk i utviklingsland.
- jobbe for auka lokal og regional handel i sør.

Investeringar og internasjonale kapitalstrømmer

Som eit land med store ressursar må Noreg ta ansvar for å i større grad investere i privat sektor i utviklingsland. I dag investerer industrialiserte land stort sett i andre industrialiserte land, noko som skaper ei global skeivdeling. KrF meiner Noreg må ta ei leiarrolle i å snu trenden slik at fleire investerer i utviklingsland.

Gjennom Statens pensjonsfond utland (SPU) har Noreg store investeringshøve. SPU sine investeringar får merksemd, noko som gir oss eit ansvar for å bruke fondet på ein fornuftig og etisk måte. Det må bli tatt omsyn til både miljø og menneskerettar. Etikkrådet er viktig i dette arbeidet og må difor få ytterlegare midlar. KrF vil jobbe for ein norsk investeringspolitikk basert på ein tredelt botnlinje kor respekt for menneskerettane og miljøet blir sidestilt med finansielle mål. Samtidig må norske verksemdar opptre ansvarleg internasjonalt, og det må bli stilt krav til at statleg eigde selskap kan dokumentere at menneskerettane blir ivaretekne i deira verksemd og investeringar.

Norske verksemdar må vere føregongsaktørar i operasjonaliseringa av FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar, samt auka finansiell openheit. Norske selskap som har delar av sin verksemd i utlandet bør vere forplikta til å foreta aktsemdsvurderingar, der selskapa må kartlegge, førebygge, avgrense og gjere rede for korleis dei handterer eksisterande og potensielle negative innverknader på menneskerettane i si internasjonale verksemd. Dette må inngå i selskapa sine rapporteringskrav i årsrapportane.

Økonomisk ansvarlegheit er viktig for globale investeringar. Kvart år forsvinn anslagsvis 1 260 milliardar dollar ut av utviklingsland gjennom ulovleg kapitalflukt. Årleg bistand frå dei rikaste landa til utviklingsland er ein tidel av dette, noko som betyr at for kvar krone som blir gitt i bistand forsvinn ti kroner ut igjen gjennom ulovlege pengestraumar. Den største delen kapitalflukt er kommersiell og skjer i multinasjonale selskap. Denne skatteunngåinga undergrev økonomisk vekst og utviklinga av eit konkurransedyktig næringsliv, og sørgjer for at fattige land framleis blir fattige. KrF meiner Noreg har ei moralsk forplikning til å nedkjempe den utnytting av dei aller fattigaste som ulovleg kapitalflukt er.

Bruk av skatteparadis er ein heilt sentral del av den ulovlege kapitalflukta frå utviklingsland. Store multinasjonale selskap nyttar ofte skatteparadis til å flytte overskot dit for å sleppe å betale skatt. Skatteparadis dannar óg grobottn for økonomisk kriminalitet, og gjennom finansielt hemmeleghald gjer skatteparadis aktivitetar som skatteunndraging, kvitvasking av pengar og korrupsjon enklare å gjennomføre.

KrF vil samtidig støtte utviklingsland i gjennomføringa av deira egne gjeldsrevisjonar og jobbe for betre ordningar for konflikthandtering knytt til lånefinansiering og retningslinjer for ansvarleg långjevning og låneopptak. Internasjonale finansinstitusjonar må ikkje stille unødvendig strenge krav som hindrar utviklingsland i å investere i viktige områder som helse og utdanning.

KrF ser på Norfund som ein viktig bidragsytar i norsk utviklingspolitikk og vil styrke mandatet og utvide ordningar til å gjelde fleire land. Norfund skal ikkje vere eit alternativ til bistand, men eit supplement.

KrF vil

- at det skal bli etablert eit investeringsprogram innan SPU, i første omgang på 20 milliardar kroner, som skal investerast i utviklingsland. På sikt bør det vere eit mål om at minst éin prosent av fondet skal vere investert i slike land.
- gradvis fase ut SPU sine investeringar i selskap som har si hovudverksemd innan sterkt forureinande ikkje-fornybar energi, som kol, olje eller gass.
- doble investeringsrammene for SPU sine miljørelaterte investeringsmandat.
- styrke Norfund og statleg eigde selskap sin evne til å investere i fornybar energi i utviklingsland.

- at Norfund som utgangspunkt ikkje skal investere i ikkje-fornybar energi, som kol, olje eller gass.
- ha ein likestillingsstrategi for Norfund og deira investeringar.
- at det bli stilt klare krav om at statlege eigde selskap skal dokumentere at menneskerettane blir tatt vare på i deira verksemd.
- innføre etiske retningslinjer også for norske kommunar og fylkeskommunar sine investeringar i aksjar og obligasjonar i utlandet, etter modell frå SPU sine etiske retningslinjer og UNCTADs retningslinjer.
- underlegge statsobligasjonar retningslinjer for ansvarleg utlån.
- at Noreg skal jobbe for ein internasjonal skatteavtale for å sikre at selskap skattar til stadene der dei har verksemda si og for å hindre skatteunndraging via skatteparadis.
- innføre einskapleg skattlegging av multinasjonale selskap.
- opprette eit offentleg ope register over eigentleg eigarskap.
- at land-for-land-rapportering skal bli utvida til å omfatte alle bransjar og selskap av alle størrelser, og at land med støttefunksjonar skal inkluderast.
- slette all illegitim gjeld i norsk utlånsportefølje, og arbeide for at illegitim gjeld blir sletta internasjonalt.
- at Noreg bør støtte opp om ein uavhengig gjeldslettemekanisme.

Bistand for å styrke myndighetene i fattige land si evne til å ta vare på menneskerettane

For å nedkjempe fattigdom og oppfylle menneskerettane må dei auka ressursane som følge av økonomisk vekst også bli fordelt på ein rettferdig måte.

Diskriminering av kvinner og jenter er nokon av dei mest alvorlege brota på menneskerettar i store delar av verda. Omsynet til likestilling må difor takast vare på i all norsk utviklingspolitikk. Det er viktig at jenter blir sikra dei same moglegheitene som gutar frå ung alder. KrF vil prioritere arbeidet for å gi jenter tilgang på skulegang, og særleg auke innsatsen for å gi jenter ungdomsskule. Noreg må bidra til å nedkjempe seksuelle overgrep og skadelege tradisjonelle praksiser som kjønnslemlestelse og barneekteskap. Jenters og kvinners seksuelle og reproduktive rettar må bli sikra gjennom tiltak for å sikre trygg graviditet og fødsel, førebygging og behandling av seksuelt overførbare sjukdomar, haldningsskapande arbeid, kunnskap om familieplanlegging og tilgang på prevensjon.

KrF meiner at utdanning og helse framleis må vere to sentrale prioriteringar i norsk utviklingsarbeid. I tillegg er satsing på arbeid ein viktig utviklingsfaktor. Ei utdanna befolkning er nøkkelen både til økonomisk utvikling, jobbskaping og utviklinga av stabile demokrati. Den aller største utdanningsjobben gjer landa sine egne myndigheiter og bistanden bør særleg bidra til å auke kvaliteten på undervisinga.

KrF vil auke bistanden til helsetiltak særleg retta mot mødre og barn. Noreg må difor halde fram satsinga på redusert mødre- og barnedødelegheit. Vidare må matvaretryggleik og tilgang på reint vann vere sentrale satsingar i norsk bistand.

Globale klimaendringar, miljøødeleggingar og auka befolkningstettleik har gjort mange område meir sårbare for naturkatastrofer. KrF meiner Noreg i større grad må bidra til å styrke lokale myndigheiter si evne til å førebygge og handtere naturkatastrofer. Barn er særleg sårbare i slike situasjonar, og det er viktig at lokale myndigheiter, foreldre, lærarar på skulane og religiøse leiarar blir lært opp i katastrofehandtering, slik at dei best mogleg kan vidareformidle kunnskap og bistå i ein katastrofesituasjon.

Mange fattige land har opplevd sterk velstandsvekst, men har også ofte opplevd auka skilnader og at ein-skilde grupper fell utanom. KrF meiner det er viktig at norsk bistand bidrar til betre fordeling og til å nedkjempe diskriminering.

Funksjonshemma er i mange land dei siste som får del i velstandsveksten. KrF meiner det må bli stilt krav om at alle bistandsprosjekt har ein gjennomtenkt plan for korleis funksjonshemma skal inkluderast.

Menneskerettane slår fast at alle menneske har rett til trusfridom. Store grupper blir diskriminert på grunn av si tru, og konvertering er forbunde med stor fare i særskilde mange land. All norsk utanrikspolitikk skal nedkjempe alle avgrensingar av trusfridomen. Både utøving av trua og konvertering må vere tillatt.

Seksuelle minoritetar blir utsett for grove menneskerettsbrot i særskilde mange land. Noreg må ta opp behovet for å avkriminalisere homofil praksis og nedkjempe vald og diskriminering på grunn av seksuell orientering og kjønnsidentitet.

KrF vil

- prioritere bistand til å bygge opp lokale myndigheiter utdannings- og helsesystem.

- styrke menneskerettsdialogar med land med sårbare eller svake demokrati, og satse på bistand gjennom sivilsamfunn i land med autoritære regimer som ikkje viser teikn til betring, framfor direkte stat-til-stat-samarbeid.
- inngå bistandssamarbeid der myndigheitene viser vilje til å gå i riktig retning når det gjeld styresett, demokrati og menneskerettar.
- at Noreg skal gi meir teknisk bistand til utviklingsland for å bygge opp deira evne til å drive inn skatt, nedkjempe korrupsjon og bruke skatteinntektene effektivt.
- satse meir på å bygge opp lokal kapasitet til å førebygge og håndtere naturkatastrofer.
- at internasjonale planer og tiltak skal ha eit likestillingsperspektiv.
- at i land der myndigheitene har kapasitet og vilje til fattigdomsreduksjon og demokratisk utvikling, må bistand i større grad bli gitt som budsjettstøtte.
- kjempe for menneske sin trusfridom og for at både utøving av trua og konvertering skal vere tillatt for alle.
- at norske myndigheiter i større grad koordinerer sine ulike bidrag og bistand med andre land for å oppnå målretta resultat.
- arbeide for kvinners likestilling og rettar på verdsbasis, gi auka bistand til kvinner og støtte kvinneleg entreprenørskap i fattige land innan fornybar energi.
- at ein større del av bistand bli brukt på utdanning, spesielt av jenter – for å styrke grunnutdanninga og utdanningstilbod for jenter og kvinner, særleg inn mot ungdomsskulen.
- at utdanning og reproduktive rettar må vere prioriterte områder.

Bistand for å styrke befolkninga sitt høve til å halde myndigheitene ansvarlege

Demokratiet er den einaste styreformasom kan sikre alle menneske sine sivile og politiske rettar. KrF vil aldri godta at framskritt i kampen mot fattigdom bli brukt som unnskyldning for brot på demokratiske rettar. I ei meir uroleg verd er bistand ikkje berre avgjerande for å redde liv, men også for å bidra til global stabilitet og tryggleik. Arbeid for å sikre openheit, yrings-, organisasjons- og pressefridom må vere ein del av all vår utviklingspolitikk.

Bistand har til tider gjort at lokale myndigheiter i større grad har blitt stilt til ansvar ovanfor donorar enn overfor eigne innbyggjarar. Bistanden bør i staden blir retta inn på ein slik måte at den bidrar til å nedkjempe korrupsjon og styrke innbyggjarane sitt høve til å halde leiarane sine ansvarlege. KrF meiner budsjettstøtte må bli gitt med vilkår knytt til målbar framgang over tid i openheit og demokratisk behandling av alle delar av mottakarland sine offentlege budsjett og rekneskap. Ved å knytte betingelsane til tiltak som reell parlamentsbehandling, publisering av statsbudsjettet og presse- og yringsfridom, vil ein styrke veljarane sitt høve til sjølv å halde leiarane ansvarlege.

Eit sterkt sivilsamfunn er ein føresetnad for eit levande demokrati. Målretta bistand til styrking av frivillige organisasjonar i utviklingsland og deira evne til å drive påverknadsarbeid må difor vere ein viktig del av ein heilskapleg utviklingspolitikk. Det er sivilsamfunnsorganisasjonane som er den beste tryggleiken mot utviklinga i retning autoritære styrer, ulikskap og sosial uro.

Det er viktig at Noreg konsekvent tar opp brot på organisasjons-, yrings- og pressefridomen både direkte med landa det gjeld og i internasjonale fora.

KrF vil

- stille krav om framgang i arbeidet for openheit, presse-, yrings-, trus- og organisasjonsfridom i alle land som mottar norsk bistand.
- gjennom demokratiutviklingsprosjekt ha ei særleg vektlegging på grupper som elles er svakt representert i den offentlege debatten.
- auke bistanden til oppbygging av sterkare sivilsamfunn og fri presse i svake demokrati.

Behov for reform av bistanden og bistandsforvaltinga

Verda er i stor endring og langsiktig bistand er eit effektivt verkemiddel for å nedkjempe fattigdom og ta vare på menneskerettane. Noreg har som eit rikt land eit særleg ansvar for å bidra. Bistanden sitt øverste mål må vere nedkjemping av fattigdom og ikkje vere kobla til norske eigeninteresser.

Bistanden har dei seinare åra blitt for fragmentert og lite målretta, både tematisk og geografisk, samtidig som den langsiktige bistanden til fattige land har forvittra så det går ut over humanitær bistand og prioriteringar basert på norske eigeninteresser. Dette har ført til at Noreg har blitt ein lite påliteleg samarbeidspartnar for fattige land. KrF meiner det er behov for ei reform av bistanden for å sikre fattigdomsrettinga og for at bistanden skal bli meir målretta og effektiv over tid.

KrF vil arbeide for at vi skal gi minst 1 % av BNI årleg i offentleg bistand. Flyktningutgifter og klimatiltak som skal kompensere for norske utslepp bør blir haldne utanom, samtidig som Noreg må arbeide for å hindre nye forsøk på utvatning av bistanden. På sikt meiner KrF at bistanden bør bli auka til 1,3 % av BNI eksklusiv midlar til flyktningiltak i Noreg og klimatiltak. For å sikre meir langsiktigheit og stabilitet rundt bistandsprosjekta bør Stortinget behandle fleirårige langtidsplaner for bistanden, på same måte som til dømes langtidsplanane for Forsvaret og samferdselsektoren. Det bør vedtakast ein fordelingsnøkkel, «bistandsnøkkel», som angir mål for kor stor del av bistandsbudsjettet som skal gå til ulike delar av bistandsbudsjettet for å unngå at kortsiktige prioriteringar eller akutte kriser fører til kutt i den langsiktige bistanden.

KrF vil prioritere dei fattigaste landa, særleg i Afrika sør for Sahara. Bistanden bør i hovudsak bli konsentrert om eit tjuetals partnarland som blir valt etter eit sett med kriterium vedtatt av Stortinget, slik at meir av bistanden går til færre land. Konsentrasjonen og eventuell utfasing frå andre land må gjerast forsiktig, over noko tid, og i samarbeid med både partnarar i mottakarland og i Noreg. Bistand gjennom frivillige organisasjonar og humanitær bistand bør samtidig ikkje bli omfatta av denne konsentrasjonen.

Bistanden bør blir konsentrert om færre tema og sektorar. Det er særleg innanfor utdanning, helse og næringsutvikling, mellom anna landbruk og mattryggleik, at Noreg kan spele ei særleg rolle og KrF vil prioritere desse sektorane. Oppfylling av FN sine berekraftsmål, omsynet til godt styresett, demokrati og menneskerettar, og kvinner og likestilling er tverrgående prioriteringar som bør ligge til grunn for all bistand.

KrF meiner at det bør gjennomførast ei omfattande reform av forvaltninga av bistanden, kor ansvaret for mesteparten av bistandsbudsjettet bør overførast frå UD til Norad. Dette vil motverke politiseringa av bistandspolitikken og gi ein betre fagleg forankring av bistandsforvaltninga. For å sikre betre kontroll og forvaltning av bistanden må ambassadane blir styrka i dei landa der Noreg gir bistand.

KrF vil

- gjennomføre ei omfattande reform av bistandsforvaltninga.
- sikre god kvalitet i bistanden og effektiv utnytting av ressursane gjennom tilstrekkelege rutinar for kontroll og måling av resultat.
- at vurderinga av resultatata av norsk bistand må bli tilpassa dei ulike sektorane og legge større vekt på langsiktige, klare og meir realistiske mål og mindre vekt på detaljer og enkelttiltak.
- at rapporteringskrava blir endra til å i mindre grad detaljstyre, men heller etterspørje heilskaplege resultat, slik at bistandsaktørane blir gitt større fleksibilitet.
- at bistanden skal vere på minst 1 % av BNI, eksklusiv midlar til flyktningiltak i Noreg og klimatiltak, og arbeide for at den på sikt blir auka til 1,3 % av BNI eksklusiv midlar til flyktningiltak i Noreg og klimatiltak
- at prioriteringane for bistanden blir forankra i Stortinget gjennom fleirårige langtidsplanar, og ein «bistandsnøkkel» som angir fordelinga av bistandsbudsjettet til ulike formål.
- gi høgare prioritet til arbeid for ytrings- og trusfridom internasjonalt og forsterke Noregs arbeid for minoritetar sine rettar.
- konsentrere bistanden mot dei fattigaste landa, særleg i Afrika sør for Sahara.
- erstatte dagens «fokusland»-ordning med eit tjuetals «partnerland» som skal prioriterast bistandsmessig.
- styrke bistanden som går til fagleg rådgivning til fattige land, som Olje for utvikling, Fisk for utvikling, Skatt for utvikling, og samle desse programma i éi fagleg rådgivningsteneste, «Kunnskapsbanken».
- innføre ei ny ordning for mellomfinansiering av bistand, «Sjølvhjelpsordninga» til erstatning for overgangsbistanden, som skal bli brukt i skjæringspunktet mellom humanitær bistand og utvikling med særleg fokus på Oppfølginga av det humanitære toppmøtet.
- at det blir utarbeidd ein handlingsplan for Noregs forpliktingar i *The Grand Bargain*, med tidsplaner, mål og tydelege mekanismar for gjennomføring og oppfølging.
- oppretthalde frivillige organisasjonar si sentrale rolle i norsk bistand gjennom å styrke løyvingane og utvide lengda på rammeavtalane.
- etablere norsk ambassade eller stadleg representasjon i alle prioriterte partnarland.

Verdibasert utanrikspolitik

Styrking av FN

FN har ei viktig rolle å spele i ei verd med stadig aukande globale utfordringar. Dette er ein arena kor ulike krefter og interesser ofte står mot kvarandre, men også ein arena kor det er skapt viktige internasjonale avtalar og institusjonar. FN sitt arbeid med menneskerettar, fredsbygging og tryggleiksarbeid må blir styrka. Ei reform av tryggleiksrådet står sentralt i dette arbeidet, og det må jobbast aktivt for nødvendige strukturelle endringar. Her er det viktig at FN må vere relevant med tanke på dei tryggleiksutfordringar vi til einkvar tid møter.

FNs nye berekraftsmål fram mot 2030 tar for seg viktige mål for betre sosial og økonomisk utvikling og er forpliktande for alle medlemslanda.

KrF vil

- arbeide for eit spissa og meir effektivt FN, både administrativt og operasjonelt.
- arbeide for at det sivile samfunn blir brukt meir aktivt av FN der det gir auka effektivitet.
- at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for norsk utviklingspolitikk.
- arbeide for ei reform av FN sitt tryggleiksråd, når det gjeld vetorett og samansetning, utan at stormakten sin lojalitet og deltaking bli undergravd.
- framheve at respekt for og oppfølging av dei universelle menneskerettane tydeleg må ligge til grunn for arbeidet i FN sitt menneskerettsråd.

Klima

Klimaendringar truer velferda og framtida til heile verdas befolkning. KrF meiner Noreg som følge av Parisavtalen må legge fram langt meir ambisiøse kuttplanar for eigne utslepp av klimagassar, og sørge for at desse blir gjennomført på ein måte som fremjer utvikling av ny utsleppsfri teknologi som også bidrar til kutt i andre land.

Målet må vere å lede an i ei fullstendig utfasing av all bruk av fossil energi. Noreg har særlege føresetnader for å vere tidleg ute med å nå målet om ein utsleppsfri transportsektor heime, og å bidra til omlegging til fornybar energiproduksjon gjennom investeringar i andre land. (*Nasjonale klimatiltak er beskriver i kapittelet «Det grønne skiftet».*)

Det er industrilanda som har bidratt mest til utslepp som har ført til klimautfordringane vi nå står ovanfor. Samtidig veit vi at utviklingsland er avhengige av energitilgang for å kunne bidra til at fleire bli løfta ut av fattigdom. Det må difor bli satsa på tilgang til fornybar energi for desse landa. Gjennom Statens pensjonsfond utland (SPU) og andre organ bør Noreg bidra i finansieringa av investeringsprosjekt for utbygging av fornybar energi internasjonalt. Slik kan Noreg gi verdifulle bidrag til det globale grønne skiftet.

Noreg må halde fram å ta ansvar for å bevare verdas regnskogar, og hindre at hogst av denne ytterlegare forsterker klimaendringane. KrF vil styrke kvaliteten i det norske klima- og skoginitiativet ved å ta initiativ til ei brei og uavhengig vurdering av effekten på utslepp og utviklingspolitiske mål. Vurderinga må inkludere ei samanlikning av andre klimapolitiske verkemiddel både med omsyn til utviklingseffekt og utsleppsreduksjonar.

KrF vil også ta initiativ til etablering av utviklingsprogram for verdshava og kystområda, og for våtmarker, i samarbeid med relevante internasjonale institusjonar.

KrF vil

- doble investeringsrammene for SPU sine miljørelaterte investeringsmandat, opne for investeringar i unotert infrastruktur innan fornybar energi og fase ut SPU sine investeringar i selskap som får meste parten av sine inntekter frå kol, olje og gass.

- styrke Norfund og statleg eigde selskap si evne til å investere i fornybar energi i utviklingsland.
- forbetre og styrke Eksportkreditt og GIEK sine ordningar for støtte til private investeringar i fornybar energi, utan at bistandsbudsjettet må dekke garantitap.
- leie an i fullstendig utfasing av all bruk av fossile energikjelder gjennom omlegging til ein utsleppsfri transportsektor.
- gi bistand til å tilrettelegge for investeringar i fornybar energi i utviklingsland og til å bevare regnskog, som tillegg til den prosenten av vår samla inntekt (BNI) som skal gå til annan fattigdomsretta bistand.
- at Noreg skal støtte opp under Det grønne klimafondet (GCF) som det internasjonale samfunnet sin hovudkanal for klimafinansiering.
- at rapportering på næringsutvikling må inkludere brei, ikkje-finansiell rapportering, inkludert korleis selskapa si verksemd bygger opp under menneskerettar og berekraftig utvikling.

Fred og forsoning

Dagens konfliktbilde i delar av verda har ei aukande grad av global karakter. Krig og konflikt er eit hinder for å oppnå menneskerettane og sosial og økonomisk utvikling overalt i verda. Smitteeffekten av desse konfliktane går langt utover dei områda kor konflikten faktisk utspelar seg. Det er difor stadig viktigere å bidra til konflikt-handtering og legge vekt på førebygging. KrF vil arbeide for at internasjonalt anerkjente grenser blir respektert, og at alle som har krav på det skal ha rett til sjølvstyre på eige territorium. Terrorisme som verkemiddel kan aldri bli anerkjent i nokon av desse konfliktane. I dei fleste tilfeller vil konfliktane best løysast ved dialog og ved at partane er villige til å inngå kompromiss.

Noreg må halde fram med å sikre at kvinner si deltaking i freds- og tryggleiksspørsmål blir auka og at FN si tryggleiksrådsfråsegn 1325 og påfølgande fråsegner om kvinner, fred og tryggleik blir implementert. Dette gjeld ikkje berre å beskytte kvinner mot seksuell vald i krig, men óg å sikre at kvinner deltar, på lik linje med menn, i fredssamtalar og forhandlingar. Kvinner si deltaking må prioriterast i FN sine fredsoperasjonar og i fredsmekling. KrF har vore ein pådrivar for at FN skal ha ei eigen fråsegn om barn og unge og fred og tryggleik, og ei slik fråsegn vart vedtatt i 2015. Noreg må følgje opp denne fråsegna i freds- og tryggleiksarbeid.

Norske militære styrker bør i større grad enn i dag bidra til FN sube fredsbevarande operasjonar der vi har kapasitet og høve til dette. Noregs bidrag til internasjonale militære operasjonar må ha forankring i folkeretten, fortrinnsvis gjennom mandat frå FN sitt tryggleiksråd. Religion blir brukt til å bygge opp under konflikt, men den kan også bli brukt positivt til løysing på konflikten. Difor bør religion og forståing av denne vere ein sentral del av fredsbyggande arbeid. Noreg må vere ein sterk pådrivar for at FN sin fredsbevarande styrke har nulltoleranse for seksuelt misbruk og kjøp av seksuelle tenester og at brot på desse forfølgast.

Illegitim våpeneksport er med på å undergrave utvikling og oppretthalde liv i valdelege konflikter og krig. Stortinget har ratifisert den internasjonale våpenhandelsavtalen (Arms Trade Treaty), og Noreg er rettsleg bunden til å følge denne og tilpasse nasjonalt lovverk. KrF vil arbeide for at det blir ein robust implementering og gjennomføring av avtalen, både i Noreg og internasjonalt.

KrF vil også innføre krav om sluttbrukarerklæring frå alle land Noreg selg våpen til, dette skal også vere eit krav ved sal til NATO-land. Det siste bør bygge på ei felles NATO-norm, i lys av det omfattande våpensamarbeid innad i alliansen. KrF vil arbeide for betre sikring av norsk våpeneksport, styrke kontrollen for å hindre at det havnar på avvegjar og vidareutvikle dei strenge etiske retningslinjene for norske våpenprodusentar.

KrF vil arbeide for å styrke og oppretthalde humanitærretten. I dette ligg også folkeretten sitt krav til bruk av droner i krigføring. KrF vil arbeide for ei streng regulering av inhumane våpentypar og eit internasjonalt forbod mot brannvåpen. KrF vil også føre ein restriktiv politikk for å sikre nødvendig kontroll over utviklinga av militær robotteknologi og heilautonome våpen.

Atomvåpen har kapasitet til å utslette alt menneskeliv og kan utløyse alvorlege klimaendringar og er eit alvorleg trugsmål mot internasjonal fred og tryggleik. KrF vil arbeide for eit humanitært løft for eit forbod mot atomvåpen og ynskjer at Noreg skal vere ein sentral aktør i dette arbeidet.

KrF vil

- at Noreg skal innføre sluttbrukarerklæring for all eksport av norsk militærmateriell og skjerpe etterkontrollmekanismene, også til NATO-land etter nærare reglar.
- arbeide for felles internasjonale standardar for sporingsmekanismer på våpen og ammunisjon.
- at det skal bli gitt auka innsyn i begrunnelsar for avslag på og innvilgelsar av søknader om norsk våpeneksport og spesifisering av kva kriterium som blir lagt til grunn for kvart enkelt avslag.

- arbeide langsiktig for eit forbod mot atomvåpen og full iverksetting av ikkje-spredningsavtalen.
- arbeide for å styrke Noregs kapasitet til å bidra som tilretteleggar for freds- og forsoningsprosessar der partene ynskjer norsk medverknad.
- stanse all norsk eksport av våpen og våpenkomponentar til autoritære regime kor det er risiko for at våpna blir misbrukt til intern undertrykking, ytre aggresjon eller grunnleggjande brot på menneskerettane og tolke EU-kriteriet for menneskerettssituasjonen i mottakerland strengare enn i dag.
- sikre at den norske bistanden til aktørar i internasjonale konflikter ikkje bidrar til korrupsjon eller fremje av hatpropaganda.
- etablere kontrollrutinar som sikrer at norsk bistand ikkje går til å finansiere kjøp av våpen og terrorisme, mellom anna økonomiske bidrag til personar som er dømd for terrorhandlingar.
- at Noreg må innføre eit nasjonalt moratorium på helautonome våpen og robotsoldatar.
- at Noreg skal jobbe for openheit internasjonalt rundt testing og utvikling av helautonome våpen og robotsoldatar.
- vere strengare når det gjeld Noregs implementering av FN si fråsegn 1325 og stille større krav til at kvinner deltar i fredssamtalar, spesielt der Noreg spelar ei aktiv rolle.
- styrke arbeidet for å inkludere ungdom i fredsbyggjande arbeid, som forutsatt i FN si fråsegn 2250.
- at Noreg i større grad bør vere open for å delta i FN sine fredsbevarande operasjonar, særleg i fattige land.

Terrorisme og internasjonal kriminalitet

Terrorisme og valdeleg ekstremisme har prega verdssamfunnet meir og meir dei siste åra. Verda blir prega ikkje berre av tradisjonelle konflikter mellom land og mellom folkegrupper, men også av terrorisme utført av enkeltpersonar eller grupper. Auka radikaliserings og ekstremisme er alvorlege trugsmål mot fred og tryggleik. Globale terrornettverk og grupper er den største utfordringa globalt sett, sjølv om terrorhandlingar utført av enkeltindivid også er eit alvorleg trugsmål og kan vere omfattande.

Internasjonal kriminalitet blir spreidd over grensene i stadig større omfang og undergrev viktig arbeid for betre tryggleik, utviklingsarbeid samt førebyggjande tiltak mot radikaliserings og terrorverksemd. Menneskesmugling, narkotikasmugling, illegal våpenhandel og miljøkriminalitet er nokre av dei viktigaste sektorane. Svake statlege strukturar med høg korrupsjonsfare er spesielt utsett for ulike kriminelle nettverk, men dei rammer også mange andre land. Internasjonal kriminalitet er ei viktig finansieringskjelde for terrorisme og væpna konflikter.

Internasjonale prosessar og samarbeid vil vere viktig framover for å kunne handtere stadig meir komplekse tryggleiksutfordringar. Stabilisering av sårbare statar og styrking av statlege institusjonar vil stå sentralt. Det sivile samfunnet, religiøse aktørar og lokalsamfunn vil ha ei sentral rolle i det langsiktige førebyggingsarbeidet mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Militære løysingar åleine vil ikkje kunne løyse desse utfordringane. Fokus på å styrke menneskerettar, skape utvikling og redusere fattigdom og konflikter vil vere viktig for å redusere terrorisme og nedkjempe internasjonal kriminalitet. Det er viktig å arbeide for at antiterror-arbeidet ikkje undergrev demokratiet sitt prinsipp og at respekten for menneskerettane og rettslege prinsipp bli oppretthaldne.

KrF vil

- arbeide for inkludering av sivilsamfunnsaktørar, inkludert religiøse aktørar og leiarar, i det langsiktige førebyggingsarbeidet mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme, både nasjonalt og internasjonalt. Desse må inkluderast i utviklinga av nye strategiar og handlingsplanar.

Menneske på flukt og vandring

I ei verd kor fleire titals millionar menneske ser seg nødt til å legge på flukt eller migrere til andre stader, ser KrF det som heilt avgjerande at Noreg tar sitt ansvar for at flyktningar skal få de vernet dei har krav på. Utgangspunktet bør vere å førebygge årsakene til at folk legg ut på flukt og større folkevandringar. Då er ein nødt til å anerkjenne at årsakene er samansett, med alt frå krig, klimaendringar, dårleg styresett, fattigdom og tap av framtidstru. Når store flyktningkatastrofar oppstår, eller store folkemengder mister framtidshåpet der dei er, bør Noregs rolle vere å legge til rette for at flest mogleg kan få hjelp nærast mogleg heimane sine. Mange menneske er likevel nøydd til å finne vern utanfor området dei bur i, og mange av dei vil søke seg mot trygge land som Noreg. Mangel på lovlege vegar til Europa gjer fluktruta livsfarleg, og det er eit sterkt behov for at fleire flyktningar blir henta til trygge land på lovleg vis. Noreg bør difor støtte opp om ordninga med kvoteflyktingar gjennom FN, som i dag er den beste måten å sikre ein lovleg og trygg veg til vern for dei flyktingane

som treng det mest. KrF meiner Noreg bør ta ei internasjonal leiarrølle i arbeidet med å gi vern til menneske på flukt, både ved å ta imot mange kvoteflyktningar, auke hjelpa til nærømråda der flyktningane kjem frå og ved å arbeide internasjonalt for betre ansvarsfordeling mellom trygge land. *For meir om dette, sjå kapittelet «Human, ansvarleg og rettferdig innvandringspolitikk».*

KrF vil

- at Noreg arbeider for eit system som gjer at flyktningar med størst behov for vern blir prioritert for gjenbusetting og at forholda i nærømråda blir forbetra slik at menneske er i tryggleik i nærømråda.
- at Noreg bør auke talet på kvoteflyktningar som bli tatt imot gjennom FN kvart år betydeleg.
- auke bistanden og støtta til land som er vertskap til store flyktninggrupper, samtidig som det bli stilt strenge krav til å innfri grunnleggande menneskerettar for flyktningane.
- opne for at fleire kvoteflyktningar kan kome til Noreg gjennom bruk av sponsorstøtte frå sivilsamfunnsaktørar.
- at Noreg skal ta initiativ til reell ansvarsfordeling mellom europeiske land når det gjeld mottak av asylsøkjjarar som kjem til Europa.
- gjere ordninga med «Students at Risk» til ein permanent ordning.
- førebygge flukt og migrasjon relatert til klima og naturkatastrofar ved å prioritere førebyggjande tiltak og klimatilpassing på regionalt, nasjonalt og lokalt nivå i sårbare statar som del av den humanitære innsatsen.

Midtausten

Konfliktane i Midtausten er mange og kompliserte. Den langvarige Israel-Palestina-konflikten verkar meir og meir fastlåst, og konfliktane i Jemen og Syria bidrar til å forverre forholdet mellom regionale stormakter og arbeidet for fred. Fleire av landa i Midtausten har blitt meir sårbare, med fare for destabilisering.

Situasjonen i Syria pregar heile regionen, og kan berre finne si løysing i at partane sine tyngste støttespeararar i nærømråda og blant stormaktene viser vilje til å forhandle om fred. Regionale stormakter, samt USA og Russland har eit særleg ansvar. Her bør ei politisk forhandlingsløysing ha prioritet, framfor bruk av militære verkemiddel med usikkert resultat. Verdssamfunnet må gå saman for å finne gode løysingar, både for internt fordrevne flyktningar og flyktningane som har flykta ut av landet, og for å bygge opp igjen landet etter at ei fredsløysing kjem på plass.

Den langvarige konflikten mellom israelarar og palestinarar er særst alvorleg for stabiliteten i Midtausten. Respekt for menneskerettane må vere grunnlaget for løysinga av også denne konflikten. Alle menneske i Midtausten har samme grunnleggande verdi og rett, uavhengig av etnisitet og tru.

KrF meiner at Noreg skal føre ein balansert politikk i denne konflikten. Noreg bør arbeide for å ha eit nært forhold til Israel som eit viktig demokrati i Midtausten. KrF vil arbeide for at Israel blir sikra sin rett til å kunne forsvare seg og til å leve i fred innanfor trygge og internasjonalt anerkjente grenser, og for at palestinarane skal få oppfylt sin rett til sjølvstyre på eige territorium og ei framtid med fred og håp gjennom ei to-statsløysing. Nabolanda må ta sin del av ansvaret for å løyse konflikten, mellom anna ved å integrere dei palestinske flyktningane på ein betre måte. Det internasjonale samfunnet sine bidrag til å løyse konflikten må bygge på ei heilskapleg forståing av situasjonen. Terrorisme må nedkjempast og kan aldri bli anerkjent som verkemiddel. Støtte til terrorisme frå utanforståande krefter må motverkast. Det må samarbeidast med nye generasjonar på jødisk og arabisk side som ynskjer å bygge fred og framtid for hardt prøvde folkeslag. Forslag om handelsboikott og liknande bidreg ikkje til å skape grobunn for fred.

KrF vil at Noreg styrker forskings- og utviklingsarbeid, handel, turisme og kulturutveksling med Israel. Noreg må vere ein pådrivar både praktisk og økonomisk for at konflikten mellom Israel og palestinarane blir løyst ved dialog og ved at begge partar er villige til å inngå kompromiss. KrF vil arbeide for at diskriminering, undertrykking og manglande trusfridom tar slutt og vil sikre like rett for minoritetar og annleis truande som bur i Midtausten. KrF meiner Noreg må flytte den norske ambassaden til Jerusalem så snart dette kan la seg gjere på ein måte som ikkje er til hinder for fredsprosessen, og dersom israelske myndigheiter sjølv ynskjer det.

KrF vil

- arbeide for å styrke Noregs kapasitet til å bidra som tilretteleggar for freds- og forsoningsprosessar der partene ynskjer norsk medverknad.
- stå opp for dei forfulgte kristne, og gjennom politiske kanalar støtte dei og trygge deira situasjon.
- flytte den norske ambassaden til Jerusalem så snart dette kan la seg gjere på ein måte som ikkje er til hinder for fredsprosessen.

Norske interesser og regionalt samarbeid

Europapolitikk

KrFs kristendemokratiske ideologi legg vekt på behovet for forpliktande internasjonalt samarbeid der det ikkje er hensiktsmessig at statar åleine løyser ei utfordring. På europeisk nivå samarbeider Noreg i dag med andre land gjennom mellom anna Nordisk Råd, ulike avtalar med EU, Europarådet, NATO og OSSE.

Norden er vårt næraste regionale samarbeidsnivå, og samarbeidet med dei nordiske landa er av avgjerande betydning for Noreg. Infrastrukturen som bind landa saman må bli styrka for å bidra til auka samarbeid over grensene, og det kulturelle og språklege samarbeidet i Norden må bli utvikla vidare. KrF meiner Noreg må arbeide for å styrke Nordisk råd og arbeide for at institusjonen sin status blir heva. Norden bør søke å komme fram til felles standpunkt og stå saman som utanrikspolitisk aktør i fleire viktige internasjonale spørsmål. Det tryggelikspolitiske samarbeidet i Norden må forsterkast vidare på tvers av ulik tilknytning til NATO og EU.

KrF meiner at våre nåverande tilknytingsformer framleis er den beste løysinga på Noregs forhold til EU. Gjennom EØS-avtalen blir Noreg sikra tilgang til EUs indre marknad og tilgang på samarbeid innanfor mellom anna utdanning og forskning. Samtidig slepp vi å miste nasjonal handlefridom på ein del områder som ville bli omfatta av medlemskap i EU, som EUs tollunion og felles landbruks- og fiskeripolitikk, som særleg ville vere utfordrande for vår distrikts- og næringspolitikk. Vi beheld også større utanrikspolitisk handlefridom der EU-landa nå taler med éi stemme. EØS-avtalen inneber samtidig også demokratiske utfordringar ved at det bli tatt avgjersler i EU som blir gjort gjeldande for EØS-området som Noreg i liten grad har høve til å delta i. KrF er ikkje villige til å sette norsk næringsliv sine interesser på spel ved å seie nei til EØS. Det er urealistisk å tru at vi kan få til ein bilateral handelsavtale som gir like gode høve for tilgang til den europeiske marknaden. KrF meiner likevel at Noreg må utnytte dei moglegheitene vi har til å delta meir aktivt for å avgrense dei demokratiske utfordringane ved EØS-avtalen. Reservasjonsretten i EØS må bli brukt når det er nødvendig.

Gjennom Schengen-samarbeidet er Noreg del av avtalen om passfridom i Europa. Flyktningkrisa som har ført til at hundretusener av menneske søker seg til Europa, stiller kontinentet framfor store utfordringar. KrF meiner Noreg aktivt må bidra til å finne felles europeiske og internasjonale løysingar på utfordringane knytt til migrasjon og unngå eit kappløp mot botnen der europeiske land konkurrerer om å vere minst mogleg attraktive, for å forsøke å få ein minst mogleg del av byrdene ved å ta imot menneske på flukt. Noreg må arbeide for å bevare passfridomen og moglegheitene for mest mogleg fri rørsle av menneske innad i Europa.

Romfolket har vore og er ei ueinsarta gruppe som har vore på utsida av samfunnet. Dei har vore forfulgt og trakassert og har ofte mangla basale rettar. Romfolket held til i mange land, men er i liten grad integrert i og ein del av dei landa der dei held til. Romfolket har vore utsett for alvorleg og systematisk offentleg trakassering og diskriminering i Noreg og i Europa. Framleis er det mange brot på grunnleggande menneskerettar, og barn får ikkje undervising på likefot med andre barn. KrF meiner at myndighetene i dei europeiske landa må anerkjenne at romfolket er ei eiga etnisk gruppe og jobbe mot vald og diskriminering. Myndighetene må straffe dei som utøver vald og diskriminering, gi romfolket identifikasjonspapirer og tilgang til sosiale goder, utarbeide eit system for representasjon for romgruppa og sørge for at barn får skulegong. Noreg må framleis gjennom sin innflytelse i Europa og gjennom EØS-midlar arbeide for at romfolket får betre vilkår.

Som medlem av NATO og ikkje-medlem av EU, må Noreg forsøke å bygge bru mellom desse institusjonane og unngå at viktige debattar om europeisk tryggelikspolitikk foregår i fora der Noreg ikkje er til stades. Vi bør så langt det er mogleg freiste at Europa står saman i korleis vi møter felles tryggelikspolitiske utfordringar, gjennom mellom anna samarbeid i Europarådet og OSSE.

KrF vil

- styrke Nordisk råd som eit koordineringsforum og institusjonane si evne til å opptre som utanrikspolitisk aktør.
- styrke det nordiske tryggelikspolitiske samarbeidet.
- halde fram med dagens tilknytingsformer til EU, og ikkje søke om medlemskap. Dersom stortingsfleir-

talet søker om EU-medlemskap, meiner KrF at det skal bli halde folkeavstemning når forhandlingane er avslutta. KrF vil respektere fleirtalets avgjerd.

- utnytte vårt handlingsrom i EØS-avtalen og delta aktivt i arbeidet med felles europeiske løysingar på felles utfordringar.
- sikre passfridomen i Europa og samarbeide om europeiske løysingar på migrasjonsutfordringane.
- styrke samarbeidet med og gjennom Europarådet og OSSE.

Handel med land utanfor Europa

KrF meiner det multilaterale handelssystemet gjennom Verdas handelsorganisasjon (WTO) må vere hjørnesteinen i global handelspolitikk. Det er spesielt viktig for små og mellomstore handelsnasjonar at WTO styrker si rolle som hovudarena for utvikling av køyrereglar for internasjonal handel, både for varer og tenester. KrF vil difor prioritere desse handelsforhandlingane. I handelen med land utanfor Europa er også EFTA sine tredjelandsavtalar viktige, særleg for å sikre marknadstilgang for norsk fisk og sjømat. I alle handelsavtalar er det viktig at Noregs forpliktingar til menneskerettane blir overhaldne.

Den moglege TTIP-avtalen mellom EU og USA, kan også få konsekvensar for Noreg. KrF vil ta stilling til ei eventuell TTIP-avtale når det ligg føre eit forhandlingsresultat. Her må betre marknadstilang for norske verksemder vegast opp mot moglege utfordringar for landbruket og for det nasjonale handlingsrommet til å regulere mellom anna helse- og miljøstandardar og viktige velferdstenester. Når det gjeld TISA-avtalen som Noreg deltar i forhandlingar om, er det viktig for KrF at vår eigen norske velferdsmodell, eller våre eigne demokratiske organ, ikkje blir undergravid eller avgrensa på ein måte som kjem store, multinasjonale selskap til gode på bekostning av fellesskapet.

KrF vil

- prioritere opning av verdshandelen i WTO, samtidig som omsyn til norsk landbruk og utviklingslanda blir tatt vare på.

Nordområda og forholdet til Russland

Klimaendringane skaper auka interesse for Arktis og nordområda, også frå land som ikkje sjølv grenser mot området. Ei mogleg opning for skipsfart langs den nordaustlege ruta mellom Europa og Asia gir både nye høve og nye utfordringar. Det gjer også konsekvensane av endringar i klimaet for utnytting av fiskeri- og energiresursar i området.

Forholdet til Russland er særskilt viktig for Noreg, og må få høg prioritet i norsk utanrikspolitik. Auka spenning mellom NATO og Russland har dei siste åra stilt forholdet til vår største nabo på prøve. Nordområda må halde fram å vere eit område prega av lavt spenningsnivå og internasjonalt samarbeid. Vi må halde fram samarbeidet med Russland om enklare grensepassering og større høve for økonomisk samarbeid og kulturutveksling på tvers av grensa, ikkje minst mellom urfolka våre. Noreg må samtidig stå saman med Europa og våre allierte når det er nødvendig å reagere på Russlands handlemåte ovanfor nabolanda sine og peike på brot på menneskerettane og folkeretten. Samtidig må det vere eit langsiktig mål å få til eit godt samarbeid og nabotilhøve, både i relasjon til Russland og øvrige nasjonar i nærområda. Noreg må vere ein pådrivar for samarbeidet i Arktisk råd. Ressursane i nordområda må kartleggast og bli forvalta på ein god måte samtidig som norsk nærvær og vernebuing blir styrka.

Det er viktig at vi sørgjer for tilstrekkelege ressursar til nærvær og suverenitetshevdning i våre nordområder, ikkje minst på Svalbard. Klimaendringane gjer at verda snarast må fase ut bruk av kol. KrF meiner det må blir lagt til rette for andre varige arbeidsplassar som kan erstatte dei som går tapt når drifta av kolgruvane blir fasa ut.

KrF vil

- sikre at ei opning for skipsfart mellom Asia og Europa i Arktis blir følgt opp med tilstrekkeleg vernebuing for å ta vare på miljø og tryggleik i området.
- søke å bevare eit godt forhold til Russland og legge til rette for auka lokalt samarbeid på tvers av grensa.
- sørge for ei konsekvent suverenitetshevdning i nordområda.
- legge til rette for andre varige arbeidsplassar på Svalbard for å sikre norsk suverenitetshevdning.
- sikre ei forsvarleg utnytting av naturressursane i Arktis og verne dei mest sårbare områda gjennom petroleumsfrie soner.



KrF er eit verdiparti i sentrum av norsk politikk. Me bygger på kristen-demokratisk ideologi og har som mål å skape eit godt samfunn for det enkelte mennesket.

Politikken vår bygger på dei kristne grunnverdiane; det kristne menneskesynet, nestekjærleik og forvaltaransvar.

Det gode samfunnet blir skapt i eit samspel mellom det enkelte mennesket, offentlege myndigheiter og privat og frivillig verksemd.

Det kristne menneskesynet fortel oss at alle menneske er skapt med den same ukrenkelege verdien. Mennesket har visse ukrenkelege rettar frå unnfanging til naturleg død. Kvart menneske har ein unik eigenverdi, og dette utelukkar alle former for utnytting som gjer mennesket til middel for andre sine mål.

Nestekjærleiken bygger på at alle menneske er like mykje verd. Den inneber ein radikal og grenselaus solidaritet med våre medmenneske. Eit samfunn som respekterer kvarandre som likeverdige kan ikkje sjå på at menneske lid naud.

Forvaltaransvaret inneber at ressursane på jorda skal forvaltast til beste for kvarandre og for komande generasjonar. Mennesket skal ikkje setje seg ut over dei grensene som naturen set, men i staden forvalte naturen og dele goda ut frå tanken om at alle menneske er like mykje verd.

Kristeleg Folkeparti

Postadresse: Postboks 478 Sentrum | 0105 Oslo

Besøksadresse: Kirkegata 32

krf@krf.no

Nynorskutgåva